

Hulda Garborg

# **Mann av Guds Naade**

**Forteljing**

bokselskap.no  
Oslo 2024

bokselskap.no, Oslo 2024

Hulda Garborg: *Mann av Guds Naade*

Teksten i bokselskap.no følger 1. utgave, 1908 (Kristiania/Aschehoug).

Digitaliseringen er basert på fil mottatt fra Nasjonalbiblioteket (nb.no)

ISBN: 978-82-8319-816-4 (bokselskap), 978-82-8319-817-1 (epub), 978-82-8319-818-8 (mobi)

Filen er lastet ned fra e-bokportalen Bokselskap. Lesetekst og flere nedlastningsmuligheter m.m. er gratis tilgjengelig på [bokselskap.no](https://bokselskap.no)

---

# [DEL] I.

## Paa Utgard

«Hugnad heime er Gjestebod kvar Dag».

Det er ein Morgon i September; Hausten er komin i Fjelle med Skoddenætar og kalde, klaare Dagar.

Kransa av skogklædde Aasar og runde, rolege Fjell ligg Sirilsjøen svartgrøn og djup som eit æveleg vakande Auga midt i Fjellheimen. Fraa Tind til Tind kvelver Hausthimilen seg høg og blaa lik eit endelaust Hav, der Øyar av Gull og Rosur driv innyvi fraa dei ville Viddir, tek Lit og Glans av Morgonrodnaden i Nord, spreidest, bleiknar og kverv burt som graa Skoddedottar yvi Aasane.

Men nye Øyar kjem att. Purpurraude, violblaa, skiftande i tusund Litir. Stilt glid dei ut fraa Eldhave attum Digerkletten, [2] der Solauga enno gøymer seg, driv innyvi alle Heimar og bleiknar burt i linn Rosedaam. Lufti skjelv og bivrar, og all Verdi er som i Hildr aa sjaa under Glansen av den nye, solglade Dagen.

I Vikir og logne Bakkehall ligg det stille Gardar med Kransar av smaa graa Hus kring fagre Tun. Nyslegne, grøne Jordir dreg seg ned-yvi mot Sjøen, og ovanum stend Skogen traust og liver. Haustgul Bjørk lyser som Gull i Sol millom myrk, aalvorsam Furu, og einslege, raude Raunar stend mot den blaa Himil som Flagg i Salar prydde til Fest.

Men innimillom stikk kvitgule Reinmosenabbar fram. Dei ljose Bladi er som Sylvfiligran, og Blomen som den raude Koral paa Havsens Botnar. Og fraa den svale, doggvaate Skogbotnen stig Eim og Ange av feitt Fjellgras, ram Harpiks og svart, vatstung Myrmold; Skodda stig kald og vaat kring dei stille Strendar, dreg seg inn gjennom Skogen, sviv millom Tretoppene, smyg seg oppetter Lidir og Aasar og kverv burt.

Men ovanum Skogen, upp mot Viddi, breider Lyngen seg violblaa og raud i endelaus Skifting. Det er Glans yvi Glans, [3] Under yvi Under. Som ein fager Draum er Verdi, og langt burtum alle Viddir naar ho Himilen.

Alt er bleikt mot Fargefesten yvi Fjellviddi, naar Soli ho ryr i Dalar.

– Lengst inne bak alle Aasar lyser snøkvite Tindar i roseraud Glans mot tindrande blaa Himil. Dei er som draumlette Skyir aa sjaa. Men midt etter Sjøen er Verdi delt i tvo; Sudlidi ligg i gidrande Sollaug; Nordlidi er sveipt i nattblaa Skuggar. I Sudlidi bur Folke; men i Nordlidi stend Skogen tett og myrk radt nedaat Vatne. Der er herlege Heimar for Bjørn og Varg.

Den vesle Grendi kring Sirilsjøen er ei Verd for seg sjølv, still og burtgløymd; der liver Folke sitt Arbeidsliv i Ro. Alle arbeider og alle er like; dei avlar ikkje anna enn Gras; Korn og Jordeple veks ikkje der; men Kui føder deim raust, og det beste er ikkje for godt aat nokon.

\*

September er komin med sine blanke, svale Dagar og sin rolege Heimehugnad. Vel og vakkert er Grøda i Hus komi, og Buskapen stend sumarfeit og god i Heimefjose [4] att. Det roar seg so godt no til Vinteren baade Stort og Smaatt; der er Liv i alle Baasar, det tygg og jortar saa hjarteleg i alle Krøar, og store, tanketome Kuaugo stirer ut gjennom dei smaa grønne Glasi.

Myrke var Kveldane vortne sistpaa uppi Sætri, og Haustvinden strauk sur og kvass yvi Viddom. Godt aa vera heime att i Vinterfjose, der Veggine er tette og held Blaastr og Snøkavar ute; her er varmt og hugnadlegt; her unar dei so vel.

I Solstrima, som skjer seg paa Snød gjennom Glase stig Eim fraa varme Kroppar, og Bos og Dumbe svirrar i lett Dans. Det er som sjølve den varme angande Fjoslufti er full av Livsemne; alting vil til Verdi herinne.

Den siste Viko i Sætri var Dyri som ville vortne av Heimtraa. Dei la paa Bygdevegen kvar Dag; Mjølki minka, og Mari, Budeigja, sleit meir enn vondt. Kvar Kveld maatte ho renne med Gjætleguten og hente heim Kyrne; so jamenn stunda ho saart aat Bygdi sjølv og. Dette hadde no elles fleire Grunnar.

Men idag laag Mari under den lette, kvite Sumarfelden sin uppaa Hjellen i Nystogo [5] og glytte paa Soli. Klokka maatte vera fem etter Solmerke i Vindauga. Ho kasta seg or Sengi og slo upp det vesle Gangglase. Aa, for friske, reine Luft! So høgt og fritt og blaatt var det under Himilkelven; so lett aa ande; ein fekk Hug til aa fljuge som Ørni mot Tind og syngje med Lerka deruppe i Solskyi. Ai, ai, kor sælt det var aa liva! Ho smette paa seg Stakken, med' ho smaatralla og song; gjekk so ut; stana eit Bil paa Trøkki og glyrde mot Soli med Handi skyggjande for Augo. Derburte paa

hi Sida av Sjøen laag ei liti Stogu i ei Vik; og den Stogo, den kjende ho væl. Skal tru han var uppe no, han Lars? Aa nei nei sann, um det rauk av Pipa enno! Kar var Kar, maa vita. Men no skulde der snart verta annan Dans burti Viki. Naar ho vart Kjering der, skulde visst ikkje den Pipa verta den siste det rauk or um Morgonen! Ho lo med seg sjølv og sprang aat Fjose i glade Tankar, breidbarma og morgonfrisk. Den eldraude Stakken og den kvite, stutterma Serken lyste i Soli, og ho hoppa so lett paa Føtane; det var so det kitla i ho av Livsmod og Kjæte. Og daa ho lyfte Slaai til Fjøsðøri, vart ho helsa av ei lang, lengtande [6] Rauting. Endeleg! Dei stunda paa Morgonmat og Mjølking derinne, og Augo stod mest utor Hausen paa dei av Spaning og Traa, daa dei høyrde Mari.

«Aajada Stakkara,» helsa ho attende; «stend det um Live no daa?»

Og tunge Kroppar reis i alle Baasar; det skrangla i Lekkjur og sprang og spratt og remja burti alle Bingar. Og alle Hovud vende seg imot henne, og svoltne Augo stirde. Men ho gav seg Stundir; dukka Andlite ned i Vatsambaren; riste seg som ein vaat Hund og spruta Vatne kaat ut millom Fingrane; vart ho daa aldri ferdug! Den raudflekute Kui som stod henne nærast, vreid seg mest utor Baasen; Lekkja gnog seg djupt inni Halsskinne, og ho rauta stundtrøti so den varme Anden stod rett ut or Nasane paa ho.

«Nodaa, Jaala!» skjende Mari; «du fæ daa itte strype dej!»

So kom Gro, eldste Dotteri paa Garden, springande; og skjemtande og kaate tok dei tvo sterke unge Gjentune paa med Arbeide sitt. Gro var 16 Aar, Mari tvo Aar eldre; men dei hadde Armar som kunde vaaga eit lite Karslyft; og framifraa Gardkjeriingemne var dei baae tvo. Gro var [7] reint ljøs, og blaaøygd og finare paa Skap; men Mari hadde graagrøne forlivande Augo, og ein Munn som alltid lo yvi blanke, kvite Tennar. Og ho hadde ein Sleng med Kroppen so ertande og eggjande, at Gutane alltid fekk Hug til aa ta Tak med ho. Og eit Arbeidslag hadde ho attaat so stødt og greidt, at ein vart reint fjaag av aa sjaa paa ho, naar ho sysla i Fjos og Kjøk.

Gro var dugeleg ho med. Enno var ho berre Underbudeigje; men naar no Mari gifte seg, skulde ho bi sjølv størst i Fjose; og det var ho so byrg av, at dei mest laut læ aat ho. «Det er plent som ho sku' verte Dronning av Engelland,» sa Jon, Far hennar. Og han var ikkje lite byrg av Dotteri si.

Døri til Gamlestogo gjekk stilt upp, og han Gamle-Jo, Godfar dei kalla han alle i Garden, kom ut paa Svalstroppi. Han var kvit i Haar og Skjegg og noko laak i eine Foten; men rak og raudleitt og klaarøygd som ein Ungdom, endaa han fyllte 75 Aar

i Haust. Han studde seg paa Staven og saag ut-yvi. Slik ein klar, frisk Haustmorgon var det venaste han visste. Aldri skyna han, koss Folk kunde liggje [8] i Sengi, naar Soli stod høgt paa Himilen. Um Sumaren var han alltid uppe Klokka tri; han vilde sjaa den fyrste Morgonrodnaden yvi Aasen; det Syne vilde han njote, so lenge Vaarherre unnte han Liv. Han kunde ikkje tru det, men høyrte det hadde han, at der var Folk i dei store Byom, som aldri hadde set Soli renne! Arme Ting. Kva vondt hadde dei gjort, tru, med di dei ikkje skulde faa sjaa Guds fagraste Under?

Naar han stod her og saag ut-yvi Garden og Lidi og alt det kjende kjære, som han var fødd og vaksinn upp i, daa var det som alt det gode i hans lange Liv sank seg ihop og gleid framum i Bilæte etter Bilæte, det eine ljosome og venare enn det andre.

Han saag seg sjølv, ung og sterk, vassande i det doggvaate, nyslegne Høye nedpaa Vollen, svingande Ljaaen og syngjande ut i den tindrande Morgon som Lerka i Sky; sæle Stundir, daa alt vondt i Verdi sov, og alt som gledde seg og var godt song og leika.

Og han saag ho Ingerid, Kona si – Gud glede Sjæli –, naar ho kom ut paa Trøkki her, trivleg og fjaag med eit lite Baan i Armen, og ropa heim til Dugurds.

[9] Og alle dei velsigna Smaa! som dei kom triltande ut paa Tune velstelte og morgonfriske og ropa paa han med glade Augo, tulla Tull i Tull nedyvi Bakken og klengde seg innaat han og krabba seg oppetter han, so han stundom laut bera tvo og tvo upp-yvi att, naar han gjekk inn til Matmaali. Og so maatte dei minste sitja i Fange hans med' han aat; dei var so hugnadsame desse Stundine, daa Far var inne, og alle sat samla um Borde. Tid tok dei seg; for ein hadde ikkje godt av Maten, naar ein reiv 'n i seg; og Matmaali skulde vera Kvile og Hugnadsstundir, med Drøs og Skjemt og Samrødur um Gards-Stell og Bygdehendingar.

Og kor gildt det var, naar dei spratt og sprang paa Vollen og leika seg med Kje og Lamb, og naar dei fekk ei lita Rive hell ein litin Ljaa og lætst vera med i Høye.

Aa ja ja, for sæle Tidir! Men eit saart Minne hadde han. Ikkje det at Ingerid døydde – ho var sæl sloppi; men Tore, Guten, som strauk heimanfraa og no i mange mange Aar hadde vildra ikring der burti «Amerika», – det var Saare som aldri heilt vilde gro. Men inkje nytta det [10] aa tenkje meir paa det; burte var burte; glad fekk han no vera so lengi dei andre hadde Liv og Helse.

Daa Godfar saag Mari smette gjennom Fjosdøri so fjaag og lett paa Foten, riste han paa Hovude og mulla med seg: «ja, du kann sagte sprette; du vert no sopass til Kjering rettno!» Mange galne Gjentur tyktest han ha sett; men aldri Maken til denna, som vilde gifte seg med Latlars dei kalla, – gamall og gardlaus, og Enkjemann attpaa! Og ho var snaut 18 Aar, og frisk som ei Fjelltite! Ja ja, Stakaren, du syng vel ikkje lengi, tenkte han, der han rusla yvi Tune aat Nystogo.

– Det rauk so friskt or Pipa; det var Von Kaffien var i Svingen. Var det ikkje eit Under, koss Vanen kunne taka eit Menneskje? Han hadde aldri so mykje som lukta Kaffi, fyrr han var ein tilaarskomin Mann. Men rett no! Det var det fyrste han hugsaa, naar han slog upp Augo um Morgonen. Og soleis var det vorti mest med alle dei Gamle. Kaffiposen var likso viss paa Bylasse som Mjølsekken no. Som væl var trong dei ikkje mykje Kaupevare elles; Kui fødde deim baade godt og raust. Men ein Gong for Aare laut dei <sup>[11]</sup> likevel trøyte Byvegen, um han aldri so mykje var 12 Milir lang.

Nystogo var bygd som Gamlestogo, berre noko større. Fraa den yvibygdde Svali gjekk det Dør til Aarestogo. Derinne stod paa vinstre Sida av Døri eit Tvo-Høgdskaap, som rakk oppunder Take; attmed det var Høgsætkraai med Kraaskaap og tri rosemaala Tavlor i Veggene. Og so Langbord, og faste Benkir, som gjekk rundt Kraai og nedetter Langveggen under dei tvo smaa Glasi.

I eine Høgsæt-Tavla var maala ein Bonde, i den andre ein Prest, og i den tredje ein Krigsmann. Under den fyrste stod: *Jeg slider for Eder*, under den andre: *Jeg beder for Eder*, og under den tredje: *jeg strider for Eder*. Men ovanum alle tri stod med store, fint maala Bokstav var: *Han er sæl, som med sinoer nøgd*. Bilæti var so gamle som Stogo sjølv; og den var bygd af Godfar hans Godfar. Og av so tjukt Malmtimber var ho bygd, at der berre var sju Kvarv i Veggene; og endaa var Stogo ikkje av dei laagaste. Men Skrifti yvi Bilæti hadde Gamlejo maala sjølv, daa han gav Garden fraa seg til Unge-Jon som no dreiv <sup>[12]</sup> han. Og yvi Døri hadde han eingong for Moro maala tvo Løvur etter ei gamall Postilbok. Dei var som livs livande aa sjaa, paa Sprang imot einannan, og mykje større enn dei han hadde havt aa sjaa etter.

I innste Vinstre-Hyrna stod ei breid, stutt Seng, fastbygd i Veggene. Ho var og gildt maala; og attanum var Veggene klædd med tri Tavlor som i Høgsæte. I den midtre Tavla var maala eit Bilæte av Vorherre, daa han skapa Eva. Ein Mann laag sovande paa Jordi og ei liti Dokke voks ut av Sida paa han. Men yvi deim breidde Vaarherre

Armane sine ut til Trygd og Signing. Han liktest mest paa ein stor Fugl med utspila Vengir og Mannahovud.

I dei tvo andre Tavlune stod Namne og Farsnamne hans Godfar og hennar Ingerid, Kona hans, med Aarstale daa dei vart gifte. Desse Veggtavlune var den fyrste Stavebok og Bilætbok aat Baani paa Garden, og stusleg hadde Stogo vorti for alle, um dei hadde komi burt.

I høgre Kraai var den store, breide Grjotsteins-Aaren, og millom Aaren og Sengi Aarebenken, der det var so lognt <sup>[13]</sup> og godt og sitja, naar ein kom inn trøytt og vaat Fraa Arbeide um Kveldom. Daa spraka Elden og Rokkane dura, og friskt og lett gjekk Samrøda med Song og Skjemt, og Smaaspikk fraa dei Unge innimillom.

Paa Høgre-Veggen var tvo Dørir; den eine gjekk aat Matbui, den andre aat Koven, der Baani hadde Sengine sine.

Daa Godfar kom inn, sat Jon burtmed Aaren med den minste i Fange, med' ho Kari, Kjeringi, bar fram Aabiten. Han var slik ein Morgonfugl han Vesl'-Ola, og kravde sitt fyrr Mori kom or Sengi. Men var han fyrst god og mett, so kunde han Far vera god nok eit Bil. Helst naar Veslekar fekk liggje laus i Reiven og spenne og spradde slik som no.

Jon tok dei smaa lubne Føtane inn i sine store, trufaste Arbeidsnevar og heldt deim mot Elden: «Huttetu; Veslegut frys paa Føtane!» Han gjorde seg so mild i Maale som han berre kunde. «Aa jøie meg, kor ille dei fær aat med ein liten Gut! Svelt gjer han, og frys gjer han, og Dengjing fær han; aa jø, for stygge Folk!» Men Vesl'-Ola saag ikkje mykje ut til aa ha det vondt der han laag. Han var saa klaarøygd og blid og rund som ei lita Sol, <sup>[14]</sup> heile Guten. Kari gjekk framum deim; skulde klaare Kaffien i Aaren. Sæl saag ho paa deim: «Aa jau, det er rett Synd i deg, Farken! Men akta Broki di, Papa – sjaa, der heng ei turr Bleie paa Slindri.»

«Nei høyr paa Mama no, kor stygt ho trur um oss; ja rett desse Kvinnfolki! Men me skal sagte lære dei, me tvo Karane, naar me berre slepp til!» Jon strekte seg etter Bleia, vermde ho vel og stakk ho innunder den vesle, runde Baken. «So; no kann dei koma, so skal dei faa sjaa, kor fine me er!»

So kom Godfar. Han helsa; rusla so burt og sette seg i Aare-Benken og saag paa Soneson sin. «Aa jau; det tryt ikkje Karfolk i Utgarden,» sa han fjaag; «han veks so ein ser Mùn for kvar Dagen, Kraken! Og slikt Godlyne som det er i han; han skal ikkje skræme Folk or Stogo han Vesle-Ola, nei.» – «Aa nei, han er, sagte snil han



Ola, sj'u;<sup>[14]</sup> st, st, st, so, lægje aat 'n Godfar no; so ja! Sjaa no, e' det itte plent som han gjer Skilnad paa Folk alt. Han lær itte aat alle, maa de tru.» Jon var byrg som ein Keisar. «Ja daa; flink Gut, som kjenner Godfar sin; <sup>[15]</sup>hæv Kar, han Vesl'-Ola!» Vesl'-Ola kunde ikkje staa seg for so mykje Smeikjing og Kitling; han lo so det higsta i han. Og den vesle Munnen drog seg i ein skeiv Geip mest uppaat eine Øyra; det var reint löglegt aa sjaa paa. Kari kom med ein Kumme og Mjølkesleiv; ho skulde aat Bui. Men ho laut stana att og sjaa paa Vedundere.

Det var so forunderleg med denne Guten. Han var den femte; men dei hadde loti vente heile 4 aar paa han, so dei hadde mest gløymt kóss det var aa hava Smaabaan. Dei fire fyrste var komne som rett var anna-kvart Aar; «dei Aargangann' plar no ikkje slaa felt», som Jon sa; men so vart det Stans; og baade Kari og Jon tok til aa tykja det vart reint stuslegt. Det var ikkje som det skulde vera, naar ein ikkje hadde ein litin ein til aa spradde uppi Knêi; Kari kjende seg reint turr og gamal, og Jon var beintfram i Ulag. Aldri var der slik Helg i Huse, som naar Mori sat med eit Baan ved Bryste. Det var stille, fredfulle Stundir, daa dei tvo som aatte det Vesle ihop tala godt til ein annan med mjukt Mæle og var sæle og takksame. Kari tykte det var dei beste <sup>[16]</sup>Kvilestundir ho hadde; daa kom det slik Ro og Hugnad yvi alt; og ho traadde ikkje etter noko og sytte ikkje for noko, so lenge ho kjende det vesle, varme Andlite innaat seg. Det var som ein god Sømn med blide Draumar. Dei var nok gilde dei andre Borni og; men det var so rart med det. Var dei fyrst 4 Aar vortne, beid det ikkje Ro i deim lenger; ikkje fyrr hadde ein fengi deim i Fange, fyrr dei skaut seg ned att, so Klædi fôr yvi Hovude paa deim, og sette paa Dør.

Det var nok so, at dei aldri var tomhendte; langt derifraa; Arbeid hadde dei aldri vori ibeit for paa Utgard. Men det var so mang ei lita Stund innimillom, daa ein gjerne vilde hava eitkvart livandes millom Hendane; og difor var det stor Glede, daa Vesl'-Ola kom. Naar han vart steilt um Kvelden, sende Foreldri han imillom seg, vøg han paa Hendane, lét han gaa med dei smaa Føtane sine upp etter Bryste paa seg, kløre seg i Andlite, rive og ruske seg i Haare; og alt var like gildt og nytt som dei aldri fyrr skulde havt Smaaborn i Huse. Og jamvel det naturlegaste han gjorde var Karsverk. Og han laut vera med i alt, plent som dei andre. Dei laut laga «Kjinngaas» <sup>[17]</sup>og Smaaostar aat han som aat deim. Kvar Gong dei ysta hell kjinna, laag det fem smaa runde Ostar og fem smaa avlange Smørtullar paa Borde, den eine mindre enn den andre. Men den allerminste fekk Mor paa sin Braudbit; soleis fekk Vesl'-Ola Kinn' gaasi i Silsupen sin.

Og naar Jon og Kari laag i den breide Sengi um Kveldane, ho med Vesl'-Ola i Armen, og saag inn i dei sloknande Glødane paa Aaren, takka dei Gud og somna trøytt og sæle som i Abrahams Fang. Og der var Fred yvi all den Gard, til Soli spratt att um Morgonen. –

Kari stod burtgløymd og saag paa Vesl'-Ola; men daa kom det tassande ein litin Kar ifraa Koven, berføtt og i Skjurta. Det var Per, den næstminste. Han var ikkje rett vakin endaa, sjangla og glyrde inn i Stogo med Augo halvopne. Jau; der var Mor. Med eitt var han burte hjaa ho og gøymde Andlite i Stakken hennar; sette so i ei lang fælsleg Yling, so ein kunde tru det galdt Live. Dei gløymde daa reint burt honom, sidan Vesl'-Ola var komin, og han tykte slett ikkje Verdi var seg lik lenger. Han var rett annleis van fraa den Tidi han sjølv var Vesle-Gut; uhu –!

[18] «Men Perguten, kva er tids med deg?» Mori sette fraa seg det ho hadde i Hendane og tok han upp aat seg. Daa datt det vesle Hovude ned paa Oksli hennar, og han higsta og gret so saart, so saart. «So, so; gakk no aat 'n Papa og venn Føtann' dine; so kjem Syster med Silsupen hans Per; og so ska me ut aa lek' øss med Kælvann'; so, so! Itte graate!» Daa tagde han; men store Taarur trilla ned etter dei raude Kjakom hans, daa han gleid fraa Armen aat Mor si og ned paa Fange hans Far, der han dorma av i ein litin sæl Etterblund. Og Jon vogga dei tvo Smaa i Armane sine og smaasong:

Sette meg paa Sullarkrakk  
og sulla Baani mine.  
Eg ska sulla Baane mitt,  
so det ska ikkje grine.  
Skunda deg mi Gjente;  
lat ikkje Baane vente!  
Hav paa Sokkar, hav paa Sko,  
gakk i Fjose, mjølka Ku;  
gjev so Baane drikke.

«Ja rettno vert det eit Livandes minder paa Garden,» sa Godfar, daa dei var tilbords komne; «ho Mari syng paa siste Verse no.»

[19] «Ho gjer so ja,» svara Kari; «ein kann harmast upp att kvar Dag, naar ein hugsar kva Mann ho fær.»

«Du veit Kjærleiken ha' ingen Vilje,» lo Jon.

«Det er Skil paa,» meinte Kari; «ein Gubbe paa Halvhundra, som itte eig Spiken i Veggen.»

«Aa han kann full' faa seg Gard att enno, han Lars,» la Jo frami; «han æ naa ein god Timbrar.»

Men Kari berre bles. Høsch, jamenn sa ho Gard. Han hadde daa lata seg so lengi no, at han snaudt var arbeidsfør lenger; det var snaudt han iddest tyggje Maten.

«Kva ser Gjentunn' etter slikt,» mulla Godfar; «han ha Stattur som ein Bisp; og daa veit du.»

«Ja, han er fin nok, Fanten,» sa Kari arg; «hadde han berre aatt Naut paa Baas og ikkje vori slik ein Kjerringplaagar som han e'. Han kunde havt nok med den eine som han *hev* tynt.»

«Me fær tru han hev besna med Aari,» sa Godfar; «berge ho kann me ikkje, og da fær me gjera det beste me veit.»

Mari hadde vori paa Utgard fraa ho var Baan aa kalle, og var som ho hørde [20] Huse til. No skulde dei halde Bryllaup for ho i Haust, enddaa so ille som dei lika Giftn hennar.

So reint forgapa var ho vorti i denne Storskrytaren nedi Viki, som berre var dugande i Kjeften, at korkje Godord hell Vondord hjelpte. Lars hadde vori gift i 20 Aar fyrr; og han hadde øydelagt Garen han fekk med Kjerringi si; men kva hjelpte det. Mari var stød paa, at alt hadde vori Kjerringi si Skuld; Lars hadde fortalt henne nok um, kor sjukleg og udugleg ho hadde vori. Og alt det dei talde ho ifraa, so svara ho berre, at dei aldri skulde faa sjaa henne trega. Ho for sin Del trudde ikkje det var mange Unggutar som kunde kappast med 'n Lars, korkje i Dugleik hell Venleik; og ho var rett byrg av, at han vilde bry seg med slik ei ung Jaale som ho var.

«Men han ha daa itte eingong skikkeli Hus,» hadde Kari sagt. «Han vil byggje,» sa Mari. «Til Hausten skal den nye Vinterstugo vera ferdug.»

«Ja me fær tru det,» svara Kari vantru. So snakka dei ikkje meir um den Ting. Men Kari tenkte med seg: som vel er, er du lettliva.

[21] Etterpaa gjekk Mari og lo med seg. Dei skulde faa sjaa! Ei vaarbær Ku hadde Lars gangande paa Øygarden, og ei onnor hadde han tilgodes av ein Mann han hadde bygt aat. So Matnaud sku' det no visst ikkje bli. Og Lars kunde tena meir

Pengar, naar han vilde, enn alle dei andre Karane oppmed Sjøen ihop; og no vilde han, det var ho stød paa. Han skulde daa og faa anna Slag til Kjering no. Ai, kor ho skulde taka i! Ho kjende seg so sterk, at ho skulde greie kva det skulde vera. Ja ja; dei skulde faa sjaa! –

Den Garden Lars hadde fengi med fyrste Kjeringi si, hadde vorti seld ved Tvangsaktion daa ho fall ifraa. Det var fyrste Gongen slikt hadde hendt der i Grendi; og ingin av Grannom møtte upp eller baud paa Garden. Det var mest som ei Skam for deim alle dette, og dei vilde ikkje kaupe ut ein Granne det var gjengi gali med; og endaa var dei ikkje blide paa Lars, som attaat alt var Utbygding. Han hadde arbeidt med Timbring her i si Ungdomstid; og so vart han gift med ei av dei likaste Gardgjentune i Bygdi. Sidan hadde dei lati han faa bu paa den vesle Vangen nord i Viki, som laag i <sup>[22]</sup> Bygdeaalmenningen, og lengi hadde vori ubrukt. Dette var bra i mange Maatar; men Soli hadde so liti Magt paa den Sida av Sjøen, og der var so audslegt og so tungvint i Førefallstidir, at ingen brydde seg um aa vera der. Dei hadde Jord nok elles. Lars fekk Bruksrett til den gode Jordflekken; og Ved og Yrkje fekk han taka det han vilde av i Sameigeskogen. Der var nok aat alle. So skulde han daa setja upp Gjerde, og vøla Husi, so dei vart buande i til so lengi. Noko Leige skulde han sleppe aa leggje for det fyrste; men dei venta at han skulde gjera eit og anna Arbeid hjaa dei som aatte Grunnen, naar so fall seg; han skulde og sjaa etter Tjuvfiskarar fraa Storbygdi som dreiv ulovlegt Fiske der um Haustnætane. Det var ikkje noko Papir uppsett millom Lars og deim; men dei hadde talast ved um det, og meir trongst ikkje millom skikkelegt Folk. –

– Best som dei sat og rødde um dette, og um Bryllaupe, og la Raad um kva som var aa gjera no fyriaat, kom Lars skridande inn, høg og vyrdeleg, nyraka og velflidd, so han Jon saag ut som eit raggut Troll, han stakkar, jamsides med Lars i Viki.

<sup>[23]</sup> «Signe Spis I» sa Lars fint, og strauk Luva av Hovude.

«Takk for det,» svara Godfar; «og sjaa du fær sitja.» Dei andre mulla «Takk» og heldt paa med sitt.

«Takk eg fæ full' sitja.» Lars sette seg innmed Aaren og sputta i Varmen: «dæ va overlag til fine Vêr me fekk idag.»

«Ja, det e' rett mykje til fint Haustvér, som vel e',» svara Jon, «so mykje som de' enno e' att utadørs.»

«De' e' sagte de',» Lars turka seg yvi Panna med Handbake. «Huff, det æ ganske vart<sup>12</sup> til aa vera sopass langt paa Aare.»

«Aa ja du ha full annvint no um Daagaann', du som snart ska flytja Kjering heim; du kann sagte sveitte!» Jon lo og glytte lognt paa 'n Lars med ein liten Skjemtesmil.

Lars kasta paa Hovude som ein kaat Ungdom og smaalo: «aa ja; du veit det er alltid Staak med Kvinnfolke.»

«Tungt aa bera, men godt aa ha,» sa Godfar.

«Det er so ja,» sanna Lars; «vriin Stav er betre enn ingen», som skrivi stend; men jadde er det eit «Staak og eit Styr, naar ein skal til Barsøls», det er det.»

[24] «So du lagar alt til Barsøl du,» sa Kari; ho kunde ikkje halde seg lenger; «her e' me itte naadd ti Bryllaupsbakstern enno her!»

Men daa sette Lars Nosi til Vêrs og meinte paa det, at naar rett var sku' ein alltid halde Bryllaup og Barsøl i eitt, for Kostnaden si Skuld. Det var godt alt som var undagjort. Dei hadde reist seg fraa Borde; og Godfar og Jon stod ved Aaren og kveikte paa Pipom sine; dei laut rett læ aat 'n Lars, det laut dei; han var no lik seg sjølv alltid han. Men Kari som stulla burtmed Borde vart harm; ho sa heller kvasst: «aa, det er no dei som er gifte vonom lenger, fyrr dei naar so langt.» Daa spurta Lars veldugt: «det er so det; men so kauper ein no ikkje Katta i Sekken tvo Gonger!» Kari raudna og beit ihop Termane; ho kunde ikkje svara han meir; ho var so arg, at ho hadde Hug til aa segja meir enn sømelegt var; og det vilde ho ikkje. So gjekk ho aat Bui.

Lars snudde seg til Karane og sa, som inginting var: «men kva eg skulde sagt: eg hadde tenkt meg til aa spyrja deg, Jon, vm det var so vel du hadde nokre Næver-Krullar aa laane meg? Det vart [25] so seint for meg i Vaar, at eg fekk ikkje flekkje med' Bjørki løypte; men no lyt eg ha Tak paa Stogo uti der; det dryp beint uppi Sengi; og det er vel uvisst kóss ho Mari vil like det.»

«Ja,» svara Jon; «ha du itte fengi Tak paa Stuggun dine fyrr, so e' det itte for tidleg hell no, tri Vikur fyre Brølloppe.» Og Næver laut han lova, endaa han ikkje hadde meir enn han sjølv skulde havt til Tak-Vøling i Haust. Men daa han slo paa, at dei hadde tenkt aa faa Lars nokre Dagar til Hjelp fyri Bryllaupe, daa blinka det snøgg i Augo hans Lars: «ja, du vet ej<sup>13</sup> fær sagte freiste det,» sa han fint; «men ej ha no rivi Take paa Stuggun', so ej e'nøgd tøl aa faa paa att det fyrst; dæ va dæ.»

Jon saag forbina paa han: «ha du rivi?»

«Ja rett ha ej dæ ja, – paa eine Sida. Men som vel er, ha én gode Grannar. Mokarane og Viksgubben ha vori so gjæve aa lova seg til Doning um Tysdagen.»

Daa vende Jon Skraai millom dei tobaksbrune Tennane sine og spurta i Elden [26] so det fræste. Jau, tenkte han, du er ein god Kar! Skal me naa ha Doning midt i verste Staake til Brølloppe ditt! Men høgt sa han berre! «Kannahende det, du. Det va alltid noko ulugomt nett naa; men...»

«Ja sagte er det ulugomt, ja; men kva ska' én gjera. Dej vil ej naa slettes itte bry hell denne Gongen.» Han reis upp og laga seg til aa gaa. «Men va' det saa vel ej fekk dei Næverkrullane, so –?»

Jau, han fekk sagte ta' deim, – naar det var so han vilde ha hit att nokre til Vaaren.

Lars rette seg: «Jau, som ej ha sagt: du ska' faa att ditt og meire til, er so du trøng om det, sosnart Bjørki tek til aa løype. Det va' itte Meiningi anna.»

Jon var so skipeleg som Raad var. «Nei, du vét det; men ein kann naa gløyme aav, nokon kvar, og ej ha so mykje paa mej, at ej vinns itte aa faa mej' ti ny Næver naa, sju.»

Det hadde hendt fyrr, at Lars hadde gløymt slike Laan; so no vilde han seg ja so mykje.

Men Lars vart harm. Dei fekk hugse, att um han no berre var Lars i Viki, so [27] hadde han daa vori Lars Øvstegard! Og kva han kunde verte, var det ingen som visste. Dei maatte ikkje tru det var Tanken hans og verte sitjande ut-i Viki all sin Dag. Dei skulde faa anna aa sjaa! Det var daa ikkje Folkeskikk aa beintfram krevja ein Granne for eit Par Smaalaan. Ein gamal Spade, eit Grand Mjøl og ei utsliti Horv... Han skulde regtig gjera seg den Hugnaden aa gjeva Jon ei ny Horv att for den gamle, naar det leid paa; og Mjøle skulde dei faa att tvo Gongir. Dei skulde i det Heile nok faa sjaa, kven dei hadde med aa gjera.

– Jon rusla ut for aa finne fram Nævri, og tenkte Lars kom vel etter og tok ho. Men Lars kom ikkje so braatt.

Daa Jon og Godfar var burte, kremta han og ropa inn i Bui til Kari: «Ja Goddag naa daa, og Takk for her!»

Kari kom. Ho laut tvinge seg til aa fylgje Skikken. Ein kunde ikkje lata ein Granne fara skamlegt fraa Huse, kven det so var. «Nei,» sa ho, «du maa sett' dej naa, aa faa én Kaffikopp før du gjeng.» Ho sette Kjelen yvi Elden att.

fara skamlegt: gaa att utan aa ha nòti eitkvart Slag.

[28] Lars slog ut med Handi: «Nei, du maa itte bry dej med mej! Ej aat og drakk nyss før ej gjekk heimann, og det e' itte lenger Vegen.» Han gjekk mot Døri, og ho maatte beda han baade ein og tvo Gongir; men so sette han seg; og daa vart han sitjande baade væl og lengi.

Kari bar fram paa Borde; og han smaaprata blidt med henne. Saag paa Vevgongen, som stod inni Kammerse, og lét væl yvi kor annsam ho stødt var. «Du kan ha nok aa tufse med lel, du, um du itte ska' ha Bry med mej kvar Gong ej sleng innum Døri; Vevgong ha du uppe og, ser ej; det er sjeldsynt dette Aarsleite, like etter Vinna og Heimfløtting og allting!»

Kari smaasvara og stelte med sitt. Kaf fien maatte vera brennheit aat 'n Lars, og Smøre ferskt. Ho tok burt det dei hadde eti av sjølve; det var noko stridt salta, so det skulde halde seg ei Rid, og sette fram ein Kumme med fint nykjinna av siste Sætersendingi.

«Aa ja; ho Mari ska' itte fara naki or Garden,» sa ho; «og ej rokk itte aa vaavvaa<sup>14</sup> ne' i Vaar maatru.»

[29] «Nei, du fekk sagte anna aa gjera daa, ja,» smiska Lars; «og en dugeleg Kar kom du med denne Gongen og; det er minst fyri, naar en ha *slik* Kjering!» Kari raudna der ho stod. Det var so underlegt aa høyre slike Ord av ein Mann. Ein vart som so mjuk um Hjarta, anten ein vilde eller ei. Aldri sa Jon eit Ord soleis, endaa so snild han var elles. Det var berre som det skulde vera, baade med Baani og Arbeide. Og ho var vaat i Augo, daa ho svara: «Aa du vet en fær no gjera det beste en kann.» Halsen snørde seg ihop paa henne og ho braatagna.

Lars strauk seg velnøgd yvi Hoka: «aa ja, du gjer naa visst ditt, ja! – Men det var sant, ej ha nørre Ferskfiskar aat dej, som ej stakk ne' i Kjillartroppenn. Ej tenkte det va' itte no' aa syne fram plent.» Han saag ikkje paa henne; men det blinka so forlivande i dei graa Augo hans, der han sat og aat tjukk, søt Rjome av eit Fat.

Kari stod med Ryggen til han; ho visste mest ikkje kva ho skulde svara, meinte berre, at han sku'naa ikkje brytt seg med det no. Dei var no ikkje reint fiskelause sjølve enno heller.

«Men denne er dregin i Nott,» sa Lars, <sup>[30]</sup> «det sku vera liksom lite sers god Kokfisk, hadde ej tenkt. Du vet det er rart med Ferskfisken!»

Kari sanna, att *den* sagte ikkje var mismætande. So fekk han no berre ha Takk daa!

At Lars ingin Fiskerett hadde i Sjøen, og at det paa ei Vis var deira eigin Fisk han gav henne, kom ho ikkje i Hug desmeir; men ho tykte alltid det var eit Grand harmelegt, at han skulde hava so gode Stundir no, daa ho og dei andre her i Garden sleit alt dei orka med aa stelle til Bryllaupe hans.

Og Lars aat; gav seg gode Stundir; togg væl og lengi og drakk etterpaa Kaffien brennheit av Koppen, so ein maatte tru han vilde brenne seg livande upp. «Denna va som han ska' vera,» sa han, og nikka velnøgd til Kari.

«At du itte brenne upp dej innvertes,» sa Kari mest fæli. «Pytt ej! ej drikk Fleskefeita smellheit or Panna, naar ej e' i Skogen! Det er Kar som e' sterk, ska' ej sej dej!» Han briska seg som ein morgonspræk Hane, og Kari laut læ. Ein kunde vera so sinna ein vilde paa 'n Lars; i Godlag vart ein lel, naar han vilde bry seg.

<sup>[31]</sup> Ei Rid etter steig han yvi Tune med nykveikt Pipe, mett og sjølvnøgd. Kari stod i Glase og saag etter han; tok mest til aa skyna Galskapen hennar Mari. Ein saag ikkje kvar Dag so staut ein Kar; neimenn gjorde ein ei!

Jon hadde lagt Næverbyrði utpaa Tune og var gjengin paa Arbeide sitt. Han visste det tok Tid, naar Lars skulde matstelle seg.

Mari kom smettande or Fjose.

«E' du der, Tytta!» sa Lars blid. «Det va' skidt du itte kunde vera med aa bera Nævertullen aat mej; ej ha eti so ej mest itte bele<sup>15</sup> ga.»

«Du trur kanskje itte ej orke?» sa Mari kvat; ho sprang burt og slengde Nævertullen paa Oksli so ho mest seig i Kne, og rende so nedyvi Bakken med han.

«Jau, ej ser du *kann!*» kytte Lars; han stakk Hendane i Broki og rusla etter.

Men ned i nedste Kneiken stupa ho; og Rullen for yvi Hovude paa ho og trilta i Veg nedyvi. Daa sette Lars i: «Ja sjaa der! Laag du itte fyrr, so ligg du naa!» Han skunda seg framum henne til aa faa Tak i Rullen fyrr han gjekk paa Sjøen. <sup>[32]</sup> Ho lo so ho higsta, og venta paa at han skulde taka burti henne og segja henne eit hugnadlegt Ord fyrr han reiste. Men du var fri. Han kasta berre Nævri uti Baaten, steig uppi og skaut ifraa Land. Ropa so innyvi: «Sjaa til aa ha dej uppatt no,



Skratla!» Ho velte seg overende, strekte Føtane rett ut og ropa kipi: «fædu 'n tur Baata atte no daa, trur du, hell ska' ej kaammaa aa hjelpe dej?»

«Ja kom berre, er-so du vaagar dej,» svara han. «Bæ; nei no ska' du sagte faa vente, Styggen!» So sette ho paa Sprang upp-yvi att. Men ho var eit Grand lang i Andlite. Fælt so annvint som han hadde idag. Det kunde daa vori hugsamt aa svalla eit Grand ihop. Men slik var han; ein visste aldri kva som stakk han.

## Doning

[n6](#) «Gode Grannar er betre enn Bror i framandt Land.»

Daa Lars kom heim fraa Utgaard med Næverbyrði si, la han seg til aa sova eit Par Timar. Stod so upp, kveikte Pipa og sputta i Nevane. Han laut paa Take. Jadde laut han so. Og han steig upp og reiv nokre Torvstykkje, og noko av den gamle halvrotne Nævri, so vidt det kunde verte sant, at han hadde «rivi Take paa eine Sida». Det var gjort paa ein Times Tid.

So kokte han seg Kaffi. Drakk Kaffi og aat Flatbraud og Fenaknok og noko turka Tiurbringe han hadde hangande. Flidde seg so og drog burtum Sjøen til Vik og Mogardane. Baae Stadir fekk han Kaffi og Rjome og annan god Mat; og baae Stadir enda det med at Karane laut [\[34\]](#) lova aa koma til Doning um Tysdagen. Naar han sat burtmed Aaren og la Glo i Pipa etter Maten, bar han fram Ærendi si, og gløymde ikkje det um Dròpane i Sengi, og kor leidt det vilde vera, naar han no fekk Kjering heim. Med det fekk han Karane i Godlag. Jon Utgard hadde vori so gild aa lova seg; og var det no so væl det vilde koma nokre fraa denne Sida og, so var han berga. Og ein kunde ikkje godt segja nei. Dei fekk no gjera det dei kunde alle, so ikkje so gali skulde hende, at Kjeringa sku' verte vaat for honom; jamenn fekk dei no det, sju. –

Vere vart fint um Tysdagen, og det vart ein hugnadsam Dag ut-i Viki. Karane kom tidleg Dags med Sendingsmat og Ambod og var i Godlag alle. Dei lika aa vera med i ei Doning no og daa; for det var mest som eit lite Gjestebod aa kalle, det.

Det var so hugsamt aa vera fleire i Lag um Arbeide soleis ibland; for Gardane laag einbølt, og dei gjekk alle so mykje for seg sjølve i Skog og Fjell. I Doningar gjekk det med Skjemt og Laatt heile Tidi, og um Kvelden var det gjerne Dans. Etter Fjostid var det som det skaut Gjentur upp av Jordi, naar det var Doning einkvar Stad. [\[35\]](#) Stilt gjekk det; ingin var bedin nettupp; men eit liti Ord hadde dei fengi alle lel. Det var alltid noko løyndomsamt yvi den som gjekk med «Dansarbod». Han kom helst i Myrkre, og tala i Einmæle med deim han gjekk etter. Og alltid var det ein som kunde spela; og ei Fela laag der alltid under ein Benk, naar Kvelden kom. Det laga seg alltid.

– Fraa Utgard var baade Jon og Mari komne til Doningi.

Mari stod paa Tune og kokte Kaffi paa ein diger Koparkjøl fraa Utgard, – ein gamal, velrøyd ein, som hadde vori med i mangt eit Bryllaup og Barnsøl og mang ei Doning der i Grendi. Det vart liksom Høgtid paa Garden, berre denne drustelege Kjêlen kom i Tune. Slike store, dyre Kjerald gjekk jamt paa Laan; ikkje alle trong hava sovorne Ting standande. Men det var berre som ei Ære for dei som aatte slikt, naar dei fekk laane det ut. Dei laut alle laane av kvarandre i ymse Høve; det ikkje den eine hadde, hadde den andre, og sumt var det og dei aatte ihop beint fram.

– Daa Karane kom og saag at Lars ikkje hadde lagt Nævri paa, vart dei litt arge; det kunde han no gjerne gjort aaleine lel. [36] Annleis med Torvlegjingi. Det var tungt Arbeid, og det var Skikk at dei hjelptest med slikt. Men ingen vilde segja noko; og dei gav seg i Arbeid, snilde og blide. Ein fekk taka det som det fall, og hyggje seg som ein kunde; Smaating fekk ein ikkje bry seg um.

Ikkje rokk Lars aa vera med noko større no hell. Han hadde det so annvint med aa vera Mann i Huse; laut finne fram baade eit og hitt, som dei trong til Arbeide; laut bera Vatn og Ved og mala Kaffi aat Mari, og gjera mangt anna smaatt; han kytte nok paa, at no kom han rettno, berre han vart ferdug med desse Kvinnfolksyslom; men meir vart det ikkje. So slengde han uppaat deim ei lita Skrøne, ein Visestubb eller eit morosamt Slengjeord; helst um kjendt Folk; Moro traute det ikkje. Ei Doning sku ikkje vera berre Slit. Dugeleg skulde ein taka i, og syne kva gjerast kunde paa ein Dag med godt Samarbeid; men ikkje maatte Hugnaden og Moroi vante heller; so Lars gjorde Gagn med sitt han og.

Mari var byrg og fjaag, og kjende seg Kjering i Huse. Vel kunde ho og gjera det; for Lars var ikkje bljug. Var det ikkje rett aat han det ho gjorde, so gav han [37] vondt paa Moro, og gjorde Faktir til aa dengje henne. Og ho lo, og kasta paa Nakken og lika seg over Lag. Lars var som ein Hovding, tykte ho, ja, han kunde gjerne vori Konge, so mykje som han visste og kunde, og so greid som han var til aa kommedere. Streng var han; men det hōvde aat ein Mann; og god i seg kunde han vera med, og segja sovorne Ting som det var so hjarteleg godt aa høyre. Og naar han var i Godlag og tok henne innaat seg, so var det ikkje med Maate; ho var so sæl at ho kunde døy! So stor og baus og megtug var han, at ho kjende seg som ein litin Fuglung i Armane hans, endaa ho visste vel, at ho ikkje var nokor Tite som kom burt i Halmen, ho hell. Slik som han gjekk her idag, nytvegin og velflidd og so reint i Godlag, tykte ho han var venare og sprækare enn nokon Unggut aa sjaa. Ja, ho var so byrg av han, og so fjaag naar han tala til henne eller kom atti henne, at ho tykte det maatte ha vori beintfram godt, um han hadde dengt henne eit Grand paa

Aalvor. Hjelpelaust og sanselaust hugteki var ho, ja, reint dum og jaalut. I alt anna hadde ho godt [38] Vit; men naar det galdt Lars var ho som naami og blind.

Og slik Gard som her skulde bli! Det var berre fyrste Aare dei skulde ha denne eine vesle Stogo. Lars vilde strakst byggje ny Vinterstogu, so dei liksom andre kunde hava Byte paa. Og nytt, gildt Fjos skulde dei faa i Staden for det gamle, som berre var eit Geitefjos aa kalle. Alting var berre «t'art so lengi» enno; Lars var nok ikkje den som vilde bu som ein Fant. Og Kjeringi si skulde han visst faa Hjelp av; det kunde dei forlata seg paa! No skulde det bli ein annan Dans baade i eit og hitt; og mangt skulde dei faa sjaa; det kom visst ikkje til aa tryte Smaatt i Huse hans Lars heller heretter; hi – hi! – Ho gløymde aldri den Dagen uppi Sætri, daa ho hadde sagt koss det var med henne! Gjekk han ikkje ute og tralla og song mest heile den Laurdags-Natti, so ho fekk ikkje Blund paa Augo! Og so snild og god som han var med henne! Bar Vatn aat henne um Sundagsmorgonen, ja kokte endaa Kaffien sin sjølv! Og so flust med finhoggin Ved og feit Kaare hadde ho aldri havt, som den Viko. –

Millom Tréi ovanum Husi hadde dei [39] sett fram Maten paa eit Langbord, som var spikra saman av fire gamle Plankar. Som ei veldug kvitskura Hall med myrke, rake Sulur laag den fine Furumoi innyvi med mjuk, gul Reinmose i Botnen. Det var som aa velte seg i Høgjend og kostelege Vevnadir. So reint og fargerikt og vent med frisk Ange av Kvaade og Lyng. Karane slengde seg ned mathuga og fornøgde. Dei saup etter Anden djupt og langt og drog i seg den helsesame Skoglufti: ah, kor godt det var aa kvile etter eit Karstak! No var dei snart ferduge; berre ein litin Snipp av Take var att. Men no skulde dei hava seg ei god Kvild; det som att var skulde snart vera gjort.

Mykje av Maten hadde dei sjølve med seg, som Skikk var naar ein kom til Doning hjaa Ungkarar eller Smaafolk, der det ikkje var godt um Mat aat so mange. Fisk og Kaffi var mest det einaste Lars heldt; men so var og Fisken nydregin og Kaffien rein; Kaffiblandingar vilde Lars ikkje vita av. Og dei hadde ikkje noko imot ein reinsmakande Kaffidrope, dei andre hell; Blandingskaffi fekk dei heime, – naar dei fekk Kaffi daa. Og det var mange Stadir berre um Sundagen; Ungdom fekk aldri [40] Kaffi. Men i Kaffivegen var Lars glup; «fekk ti» baade her og der; laante eit Grand «t'art so lengi»; fekk heim fraa Handlaren sjølv og – meir enn paa dei største Gardane ofte –; let gode Kjendingar kaupe aat seg. Men so var han ikkje nøgnare paa det; han laante burt naar det fall seg so, han og, og stakk til Kjeringane ein Neve, naar han for soleis burti Gardane. Det var so rart med det; det vart alltid snaudt med slikt som dei skulde bede Mennane sine um.

– Daa dei hadde eti, kveikte dei Pipune og strekte seg i Mosen; og so tok Lars til aa syngje. Han var ein Meistar til aa kveda gamle Visur; og han kunde so mange, at han «kunde syngje heile Natti og ikkje syngje upp att den same», som det vart sagt. Nokre var lystige. Men mange var so hjarteleg vekjømelege, at Lars sjølv vart skjelvande i Maale, med' han song. Karane lydde med stort Aalvor, og naar det var paa det syrgjelegaste, laut jamt ein og annan av deim kremte og snyte seg; dei vart som so tjukke i Halsen. Mari som stod nedpaa Tune og vaska upp Koppar i eit Trøg, gløynde alt ho hadde i Hendane og berre lydde og stirde. Han hadde slikt fagert Maal, Lars; og han visste [41] det sjølv; sùme Gonger sette han i som han vilde naa radt til Himils; det var so Moro aa freiste Krafti si. Han laag paa Ryggen og sende dei høge, klaare Tonane med mange Krusedullar og Trimulantar upp millom Tretoppene, so det song gjenom Skogen. Og den siste Tonen drog han ut so lengi han aatte Vèr. Vise etter Vise song han, um Sorg og Elsk, um Skjemtegaukar og Villmenne; og no lika han seg. Den Mann var ikkje fødd, som Lars i Viki ovunda denne Stundi.

Mari hadde sprungi heile Dagen og tok til aa trøytne der ho stod, raud og oppkava, og turka dei siste Koppene med Fatkluten. Men gjerne stod ho til ho seig ihop, berre Lars vilde syngje.

Og ho gret og ho lo, og undra seg yvi all den Visdom som var i Verdi, og alt det gilde og forunderlege ho hørde um. Men alt gjekk ihop og vart til ei Rad med fagre, vakne Draumar som sveiv um han Lars. Men daa han sistpaa song «Elfsborgvisa», um den arme Fangen, som sèt og syng til den trufaste Møyi si utanfor Fengsle, daa sette ho seg ende ned og stridgret. «Gud signe dig, min Sangerven, nu kjender jeg din Røst igjen.» Lars song so det [42] skalv i han; og Karane laut snyte seg i Einingi. Ja det var um at Augo vart vaate paa deim og, alt dei stridde imot. Sidan kalla Mari altid Lars for sin Sangerven, naar ho soleis gjekk og tenkte paa han i Løyndom.

– Det vart ingin Dans um Kvelden, av di det var so nyst fyri Bryllaupe, der dei venta aa faa danse nok; men fegne var dei alle lel yvi den Hugnadstundi dei hadde havt. Ein kunde segja kva ein vilde um Lars; gild var han no aa vera i Lag med soleis. Og dei takka honom og «Kjeringi», som dei skjemtande kalla Mari, og rusla paa Heimvegen med Amboden paa Okslom.

«Ja Takk og Ære ska de ha no for Hjelpa,» sa Lars. «Er-so me fær Livedagane enno nokre Vikur, so trefs me full' att. Sjaa no vel fyri dykk!» –

Daa dei var burte, gjekk Lars og Mari inn. «Dei kan gjerne kalle deg Kjering,» sa Lars kvat; «eg spaar dæ e' itte anna hell Luva som vantar.» Og dei lo og var

velnøgde med seg sjølve og heile Verdi.

– Klokka 5 Morgonen etter rodde Mari yvi Sjøen til Utgard. Det var myrkt vorti um Kvelden, fyrr ho fekk vaska og stelt [43] til rettes i Viki; og ho laut vera der til det vart ljost att. Men daa ho gjekk Bakken upp aat Husi, var ho ikkje fullt so rask paa Føtane som elles; og ho geispa hjarteleg trøytt. Det var tett ved at ho ovunda Lars, som laag att og sov so godt uti Viki. Ho hadde berre so vidt fengi han til aa taka ein Kaffikopp fyrr ho gjekk; so snudde han seg aat Veggen og somna att. Ai – ai – ja – jah, kor trøytt ho var!

\*

Gamle Jo Utgard stod i Smidja og arbeidde med ein Laas um Kveldom. Men det var ein Laas, som ingin hadde gjort Maken til, ikkje Jon sjølv dessmeir, endaa han hadde smitt mange i si Tid. Det skulde vera Brurgaave til Mari. Alle Baani hadde fengi ein gild Staburslaas naar dei drog heimanfraa; og no skulde ho faa sin. Ho var som Baan i Huse vorti desse 7 Aari ho hadde tent her; og Godfar var nøgd med henne i alle Maatar. «Den fær ingi Dugløyse, som fær Mari,» sa han.

Fin Smedkunst var Laasane hans Jon. Dei rakk yvi halve Døri paa Innsida, og var som hundra Ormar og Drakar fint og kunstigt slyngde i einannan; det hev vori [44] Minningar um Faavne med Sigurd-Sverde gjennom Buken, og Midgardsormen, som ringa seg og beit seg i Sporden. Men aldri gjorde han tvo plent like; og aldri hadde nokon vori god til aa lære Kunsti av'n. Ingin annan enn dei som var kjende med desse Laasane kunde faa deim upp; og Folk som skyna seg paa Smedarbeid sa at dei vilde gjera Gagn Ætt etter Ætt, so vel var dei fraaseggjorde. Naar Jon hørde det, sa han: «ja, elles var dei daa lite tess! Det er berre Fanten som byggjer for ein Ætt Lekk.»

Ein Ting til var Jon Meistar i: til aa krota i Lêr. Sønine hans aatte kvar si Skreppe av Ukselêr, som han sjølv hadde baade reidt og sauma og krota. Dei var uslitande, og Loki var utkrota i Mynster so fine at det var heiltupp ei Bisn. Men ikkje den Kunsti heller hadde nokon fengi lært av han. Ivar og Jon, Sønine hans, var nok hendige dei og; men Far sin naadde dei ikkje. Det finaste Arbeide han hadde gjort var likevel den Bruresadlen han i si Ungdomstid hadde laga til Ingerid, daa ho skulde flytja heim til Utgard. Finare Sadel hadde aldri bori Brur til Kyrkje der i Bygdi. Men no stod han [45] paa Bure og vart aldri meir brukt sidan den nye Køyrevegen var lagd kring Sjøen. Istaden gjorde han Skvettlêr til Kjerrune no; dei var og prydelege aa sjaa. Alle Folk saag paa Utgardsskyssen naar dei møtte han i Vegen; Selegreidur og alt var utifraa traust og forseggjort. Um det berre var

Selepinnane, so var dei faste og fine som Bein, med utskorne Hovud. «Gamal i Garden er godt Merkje,» sa Folk, naar dei saag Køyredoningi fraa Utgard.

Dei tvo næsteldste Sønine til Jon, Ivar og Esten, dreiv no kvar sin Lût av Garden; og dei tvo Døtrane hans var gifte paa andre gode Gardar. Unge-Jon, som dreiv Hovudbole, hadde fengi seg Kjering av godt Folk; og fint Heimanfylgje hadde ho havt med seg daa ho kom til Gards.

Dei tvo Rudningsmennane uppi Trøen fødde alt fire Kyr kvar. Og ein Hest hadde dei ihop. Naar Godfar um Sundagane gjekk paa Vitjing upp aat deim, var han vel nøgd med Framgangen hja deim. «Det aukar jamt med det livande baade ute og inne, ser eg,» sa han; «og det er inga Naud daa.»

«Ja som vel er aukar det,» smaalo Ivar og glytte burtpaa Kjeringi si; ho sat der [46] med ein nyfødd Gut i Fange. «Det bir itte rett Skikk paa Gardsbruke fyrr me fæ raadd oss' ti Arbeidskarar.» Godfar sanna det. «Du kjem reint i Bakleksa du naa,» kunde han daa skjemtande segja til han Esten i hi Stogo, som berre hadde tvo Gjentur og ein Gut enno; men Esten meinte paa det, at var so han fekk Helsa og Livedagane, so sku' han sagte koma etter.

«Anna-kvart Aar, den Aargangen slo aldri felt i mi Tid,» sa Godfar; «men no ser me at seks vart ikkje for mykje. De hev Arbeid alle med de liver».

– Ein av dei siste Kveldane Godfar heldt paa i Smidja med Laasen hennar Mari, kom han Ivar gangande. Døri stod opi; det klinga og song av taktfaste Slag mot Smidju-Stede, og Andlite til Godfar teikna sine skarpe, reinskorne Linur mot den logande Elden. Snippluva sat atti Nakken paa han, og det lange graa Haare hekk mest nedpaa Aksline. Han var som hoggen i Fjell der han stod. Slik kjem eg til aa minnast han Far so lengi eg liver, tenkte Ivar, der han gjekk fram imot Smidju-Døri med Pipa i Munnen og Hendane djupt nedi Brok-Lummane; audslegt vert her, naar han ein Gong er burte.

[47] Han bøygde seg og steig inn gjennom den laage Døri og helsa. «Du driv paa du.» Godfar heldt paa med sitt: «ein lyt sagte drive paa.»

Ivar sette seg paa ein Hoggestabbe. «Det kom Brev i Efta; og so vilde eg slengje meg ned med det med same.»

Godfar saag upp: «Brev, seie du?»

Ivar: «Ja; fraa 'n Tore.»

Det gjekk som ei liti Hiteflage yvi Andlite hans Godfar. Han bøygde Hovude og hamra paa Jarne: «So. Det æ lengi sea no. Kor i Ver 'n vankar han no daa, tru?»

«Der han ha vori. I Red River Dalen. Men han skriv at han tenkjer seg heim.» Daa la Godfar fraa seg det han hadde i Hendane og turka seg yvi Panna: «Du seie fill itte dæ?» Sette seg so paa Aaresteinen; turka seg att: «Kann hende han æ itte rett frisk daa?» – «Jau, det høyrest sagte ut til at han dæ e'. Kanskje du gjeng inn no, so ska eg laassaa Breve aat dykk.»

Godfar reiste seg: «aa ja, det vert fill itte meir idag no. Det va berre ein Laas eg skulde havt ferdug.»

«Til Mari?»

«Eg meinte det ja. Nei so han Tore <sup>[48]</sup> ... hm... han æ no den einaste av Dykk som ingin Laas hev fengi han; kanskje... men, er so han kjem, so stryk 'n fill berre att. Det va liksom han aldri aatte Heimhug, den Guten stakar.» «Kanskje han kann ha Bruk for eit Staburslaas burti Amerika og, e' so han itte bi her.»

Godfar sløkte paa Varmen og rettleidde etter seg; blés so: «Pøh, Stabur der!» So rusla dei aat Nystogo.

Og Godfar var heiltupp i Uro komin. Han var raud i Andlite, og Augo var smaa og vaate. Alt i eit laut han turke dei med Kuftearmen.

Skulde det verte sant lei, det han so ofte hadde drøymt, at Tore-Guten skulde koma att, og kann hende byggje og bu heime som dei andre. Tore, den yngste, og den kjæraste, som braut ut or Reire og gjorde Foreldri sine so stor ei Sorg. Han mintest enno kor arme dei stod att paa Strandi, Ingerid og han, daa Baaten gleid ut yvi Sjøen med den Sonen dei hadde sett so store Vonir til. Men ingin kunde stagge Guten den Gongen. Ferdasjuken hadde teki'n. Og kor vondt det i mange Aar sidan hadde vori aa vîta, <sup>[49]</sup> at han fôr um, kann hende paa ville Vegar, so langt, langt burte. Det hadde vori den store svarte Skuggen i Live hans Jo lenge. Men Aari gjekk. Og han som burte var seig av inn i Gløymsleskoddi. Berre ender og daa, i lange stille Kveldar kom dei saare Minni att, og gleid framum som uklaare Synir. Den gamle, sterke Mannen laut upp or Sengi stundom og gange att og fram i lange Timar og tenkje paa denne Guten. Etter Bilæti han sende heim saag det ut til at han var ein fin Kar vortin; men Jo kjende han ikkje att. Ein framand Kar var dette, og sùm Gongir tykte Godfar det hadde vori mindre vondt, um han hadde vori heilt burtfarin; «daa visste ej daa kor ej hadda'n,» tenkte han.



Jo var av dei gamle, som hadde «sin Gud vel meget i Naturen», som Presten ein Gong hadde sagt. Noko for seg sjølv hadde han vori alle Dagar i so Maate. Han kjende seg som i Samanhang med alt som livde, paa Eng og Mark, i Skog og Fjell. Av Bøkar hadde han lært seg Stjernebilæti paa Himilen, og han spaadde vissare um Vêr og Vind enn nokon annan. Av mange Slag Merke saag han koss Aare skulde verte, med Fugl og Fisk og anna [50] livande. «Makk og Fly er motskapte som sinte Kvinnfolk,» sa han, «døm trivst best i kalde Sumrar.» Og «Ormen er som Arvesyndi; ein lyt slaa 'n fyrr han yngjer, elles er han udøyande». Og han hadde ei Ormerid kvar Vaar, daa han for ute og slog Ormar, og sprette deim upp og tok ut Istere. Det var so godt til Augnesalve.

Han kunde vera stridt uvyrdin i Munnen stundom, tykte Folk. Soleis ein Gong det hadde vori slik ei lang vond Turkerid ein Sumar, og ei Kjering sa, at Vaarherre fulla visste kva som bata os best. Daa vart Jo harm og sa, at saag ikkje Vaarherre dei trong Regn no, so var han allvist ein klen Gardbrukar!

Men han livde etter god, gamall Bygdeskikk. Ingin gjekk faafengt til Utgard etter Hjelp og Raad; og paa Garden var det altid huglegt Samliv. Det var so i Bygdi, at Folk hjelpte kvarandre naar det turvtest; Snyting, Fusk og Handel visste dei ikkje av. Las gjorde dei lite, og Kyrkjevegen var lang, so den fór dei sjeldan, utan dei var nøydde til; men det vart sagt, at i Live vart dei betre Kristne enn mange Lesarar.

Kva skulde han fara burt etter, [51] tenkte Jo, der han gjekk med Ivar og stunde etter aa faa høyre Breve; veks her ikkje Gras paa Marki og Tre i Skogen; ikkje skulde han lidi Naud her. – Nei nei, so han vil heim lel no. – Kannhende vert ikkje Laase hennar Mari det siste eg smider lel daa...

Dei gjekk inn i Nystogo til Jon og Kari; Borni flokka seg kring Borde med dei vaksne; Ivar greidde so vidt aa lesa Breve med alle dei rare Ord og Vendingar. Og den eine Tanken tok alle: Tore-Guten kjem heim! Og alle undrast paa den eine Tingen: koss tru han er og ser ut etter so mange lange Aar? Dei var baade halvredde og glade. Men aldri hadde dei set Godfar so veik. Han smaka mest ikkje Maten den Kvelden; og tidleg gjekk han ifraa deim. Og daa han sat i Kvileskare paa Sengi si og drog Skorne av seg, gjekk det som Skoddedottar for Augo hans, og han kviskra halvhøgt: hadde du no vori her, Ingerid!

## Bryllaupe

Berre gift deg, sa Mannen; saag Katten leika.

Etter mykje Stræv og Bal var Bryllaupsdagen endeleg komin. Vinterstogo paa Utgard, som etter gamall Skikk stod tom og lufta seg um Sumaren, var kvitskura fraa Mønsaas til Dørstokk; og det var so det daama av Helg og Høgtid i kvar ei Kraa.

Feit Rotved laag upplagd i Vedrome attum Aaren; og yvi Dørine og dei smaa grøne Glasi hekk Raunekvistir og Kransar av Lyng og Reinmose. Det hadde Baani stelt til. Men framfyri Svalsdøri hadde Jon sett upp tvo Furur; og Mari sjølv hadde stukki lysande gule Bjørkegreinir innimillom; dei var som Kransar av Solblom aa sjaa i det myrke Bare.

Døri stod opi, og helgeklædde Folk <sup>[53]</sup> gjekk ut og inn. Nokre av Gjestine rusla berre so, med' dei venta paa Brurfolke; saag seg um og let vel yvi Vêre, yvi Høye som var innkomi og laag friskt og goddæmt i Løo; yvi den trivlege Buskapen, og yvi ymse nye Ting som Jon hadde laga seg, sidan dei var her sist. Det var ikkje so ofte dei fôr paa Vitjing aat einannan der uppi Fjelle; og jamvel for Grannar som ikkje hadde Mili millom seg, kunde det gaa Aar og Dag dei ikkje var hjaa kvarandre. Vidgreint Ætt hadde mest alle; og skulde dei daa fara kvar Gong det var Høgtid av eitkvart Slag, so kunde det bli mange Ferdir um Aare lei; og Tidi var knapp jamt. Um Sumaren hadde dei Hendane fulle utadørs, og Vinteren var det tusund Ting aa stelle med: nytt aa gjera og gamalt aa vøle. Emne og Yrkje til Kjerald og Reidskap hadde dei i Skogen, og sjølve var dei Snikrar, Smedar o. s. b.; mest alt vart gjort paa Garden. Berre ein Skinnfeldmakar og ein Skomakar laut dei einkvan Gongen hava til Hjelp.

– Gjentur og Kjeringar flaug att og fram millom Husi med Mat og Sendingskjerald; og paa Laavebrui sat ein heil Flokk med høgtidsklædde Born stille og venta.

<sup>[54]</sup> Men uti Eldhuse gjekk tvo Kaffekvernar; mól og mól som det galdt Live.

Under Glasi i Vinterstogo stod Langborde uppduka, fullskipa med Høgtidsmat. Midtetter i lang Rad velduge Smørstykke og Ostar i Formir, utkrota i fine Mynster med Namn og Aarstal paa Sidom. Det gule Sumarsmøre skein som Gull; og den raudbrune Geitosten var som gamalt Kopar aa sjaa i Ljosken fraa Aareelden. Men millom Ostone og Smørformine stod kunstfuldt utskorne og maala Grautdallar fulle av feit Rjomegraut, som sumde i brædt Smør, og attimillom paa høge

«Treføtar» Vaflar, Lefse, Flatbraud og ymse Slag heimelaga Bakels. Der var Krotkake og Skrivarbrød, Tunnkake, Goro, Rjomebrød og Jønnbrød. Og Gubb, Sønngraut, Feitost og Tjuka vanta ikkje heller.

Kring Aaren sat det ein Krins av dei drustelege Kjeringane som hadde laga og ført med seg all denne gode Maten. Dei var klædde i svarte, tjukke Livkjolar av uslitelegt Vadmaal, og paa Hovude hadde dei svarte, klædsame Silkeluvur. Dei var aalvorsame og velseda, kaffemette og velnøgde; og dei ordførde seg fint og vyrdelegt. Det var liksom so høgtidsamt soleis [55] fyrstpaa i eit Gjestebod. Dei hadde strenge Reglar for god Folkeskikk; ein fekk ikkje fara og vimse som andre Fantar, eller tala Tull og Inkjevetta. «Det høyrest paa Talen, kva Ty som er i Folke,» sa Ordtøke; og det var deim i Blode gjengi.

Fleire hadde Smaaborn med seg og sat framfyri Elden og gav deim Bryst. Livkjolen var lett aa hekte upp, og dei sat med si rike Kjelde opi for alle. Dei velfødde Smaatrolli drakk, so det mest gjekk paa Live; og Mødrane bøygde seg yvi deim byrge og sæle. Dette var deira beste Kvilestund baade for Kropp og Sjæl. Elden lyste paa dei djerve, breidskorne Andliti; og det var so det skein av blanke Augo og blodfull Helse. Det var so hjarteleg godt aa sitja soleis i Ro ein Dag i hugnadlegt Lag, fri for Matsut og Husarbeid. Og med godt Samvit sat dei her; det var ikkje oftare dei var ute. Og kvar ei visste med seg, at Grauten hennar var so feit som Raad var, og at der ikkje var spara paa korkje Smør eller Rjome i Vaflane og Bakelsen ho hadde med seg. Den eine Grautdallen var finare utstasa enn den andre, sùme med Skivur av hardkokte Egg og kløyvde Kveiteballar som flaut i gult Rjomesmør, [56] andre med Rosinir eller Sviskur lagde i fine Mynster og dugeleg dusta med Kanel og Strøsukker, noko dei berre hadde til slikt Bruk; sovorne kostesame Ting aat dei aldri heime. Dei hadde Mat nok, helsesam og god Mat; men alt som det skulde Skillingar til laut ein spara paa.

– Jon hadde skyssa Brurfolke aat Kyrkja. Dei hadde vori burte med Natti; for Vegen var lang. Men no var dei ventande, og ute i Eldhuse stampa dei Bruregrauten med Magt. Sendingsmaten skulde nok staa framme; men det var berre Smaamaten aa rekne for det, og den vart helst étin andre Dagen, naar Skyldfolk og Grannar kom att og hugga seg med dei langfarande Gjestine som laag i Bruregarden baade ei og tvo Nætar.

Den rette Fyrstedags-Grauten vart kokt i Bryggjepanna av 30–40 Pottur tjukk Rjome; og for Kokingi stod Godfar og tvo av dei grommaste Kjeringane i Lage. Det var eit ærefullt Yrkje aa koka Bruregrauten; og det skulde stor Gløggskap til aa

velja ut dei rette Kokkune, so ingin kjende seg sett til Sides. Det var Kjeringi paa Garden, som etter Samraad med Mannen laut inn i Kjeringflokken og beda dei utvalde, [57]vm dei vilde gjera so vel og hjelpe til med Grauten. Og Nei var aldri aa faa. Var det so dei var trudde til det, so fekk dei sagte freiste aa gjera det so godt dei kunde. Endaa til han Godfar, som h yrde Huse til, vart bedin soleis; og han svara som dei andre, og med ei lite Skjemteord til Kjeringane: dei tykte full' han var for gamall no til aa vera med i Bruregraute, kannhende; men, – var det so dei godkjende han, so! – Jau, sagte vart han godkjend. Det var no fulla ingin Kar i Bygdi som hadde vori med paa so mange Grautkokingar som han; og aldri hadde dei h yrt gjeti, at han hadde svidt Grauten, let Kjeringane smilande og blide. So rusla dei yvi Tune med Godfar imillom seg, noko lite brydde av aa bli soleis gjorde  re paa; men fjaage og byrge i Grunnen, og heilt upp i Gjestebods-Godlag. Det var so, at det jamt laut vera ein Kar med paa Grautkokingi; for det var eit stridt Arbeid aa stampe Graut av 40 Pottur Rjome. Og so var det hugsamare og, maavita; det vart liksom meir Magt i Skjemten, naar der var Karfolk med. Og ein skulde altid gjera Arbeide morosamt naar Raad var, allvist daa i Gjestebod.

[58] – Elden loga paa den gamle Gruva i Eldhuse; og det eima og daama s tt or den digre Gryta, der Sm re pipla og putra kring Kantane paa den velduge Grauten. Dei tri Kokkune stampa kvar si Rid; og varmt var det aat deim so det var i stridaste Lage. Endeleg var dei siste Mj lsleivine oppir rde; og daa kneip det. Sviddest Grauten, vart det Spott og Skam og ingi Moro.

Den vesle Gluggen uppaa Veggen stod opin; Sol str ymde inn og sveipte halve Rome i Gullglans og sterkt gr nlegt Atterskin fraa Grasbakken utanfyri; den andre Helvti, der det gamle skjeive Veggskaape stod, laag i l yndomsfullt Halvmyrkr. Men midt i Solflaumen stod dei tvo Kjeringane, breidbarma og heite, og Godfar med sitt klaare greidskorne Bondeandlit og sin kongelege Bunad med Sylvknappar, Spenneskor og skarlaksraud Skjurte, – eit fargesterkt, fagert Bil te av Velstand, Helse og friskt Arbeidsliv, der alt liksom enno var i Pakt med Himil og Jord. Alt var einfelt og utan Fusk; der var inkjenoko aa g yme i myrke Kr ar; og dei visste ikkje av aa slaa Augo ned for naturlege Ting. Berre det som var imot Naturi var

[59] skamlegt. All Skapning var Vaarherres Verk; alt Liv laga seg etter hans Vilje; reine Augo saag ikkje Lyte ved det. Fagert og godt var Live; s l den som fekk njote det i lange Live dagar!

Lukkelegare, friare og helsugare Menneskje enn desse tri Grautekokarane i det vesle svarte Eldhuse skulde det vera seint aa finne; betre Mat enn den fl yelsmjuke Rjomegraute med sin friske s tsyrlege Ange av Sol og Sumar aat ingin Keisar; og

ikkje i alle Heimsens Grendar skein Soli bjartare eller kvelvde Himilen seg høgare og meir tindrande blaa enn yvi den vesle Grendi ved Sirilsjøen, daa Lars og Mari kørde inn paa Utgardstune fraa Kyrkjeferdi si.

– Tvo Gjentur kom springande inn i Eldhuse med Olav Spelmann imillom seg og sagde fraa, at no var Kyrkjefolke paa Tune. Han Godfar tok Tvorro fraa ei av Kjeringane med' ho kvilde og turka Sveitten av seg: «jau», ropa han til Olav; «no kjem du tilpass! Beiskede stend det itte um han vil brennes! Det er fult for<sup>47</sup> Kjeringann' ha pint Smøre for vel utor'n,» la han til og saag blidøygd burtpaa den [60] kvite Trebunken med Rjomesmør, som stod burtpaa Benken. «Jadde trur ej itte han sit fast paa eine Sida! Ja no lyt du spela han laus, Gut, um du skal spela til Blode sprett fraa Fingertuppane!» Han rørde so Grautkleppane spratt i Varmen, oppglødd og kaat som ein Ungdom. «Hei! spel no til Strenginn' brest, Gut, liksom Stolt Gudmund, daa han spela Signeliti or Fange paa Nykken!»

Og Olav strauk upp «Grauteslaatten» med eit Strøk so kvasst, at Kjeringane kvakk, og spela han tilendes fast og sterkt, som det galdd aa mana den Vonde. Og sjaa! Grauten vart som livande i Gryta og dansa som eit olja Hjul kring Tvoruskafte. Daa sette Godfar Tvorro midt i Grautklumpen og turka seg yvi Skallen med TrøyeÆrmi: «Aa jau; det var Gut som kunde spela! Jadde maatte 'n til naa lel.»

Og so maatte Gjentune fram med Grautdrammen. Den eine av deim hadde ei liti Lummelerke under Forklæde, og den andre ein Tinnbikar. «Fyrst Spelemannen», sa Godfar; «det er itte godt aa vaattaa ker Slag Graut det hadde vorte utan hans Hjelp.» Dei drakk einannan til med Laatt [61] og mange Skjemteord; og Kvinnfolki tok til aa ause upp Grauten i Svarvekoppar av kvit, fin Rotved, og sette Fati i Rad paa Benken. Gro var komi med tvo Kræmarhus og gjekk og strødde Kanel og Sukker paa; det skein i det gule Haare i Solglimen under Glase. Olav Spelemann stod i Døri og saag tryllt paa henne som ho der sveiv; alle Dagar maatte Sol ha lyst yvi henne. Og alt dikta seg um for 'n i Tonar og Leik: Gjenta lett og ljøs millom filsbeinkvite Fat i døyvd gyllt Solglim gjennom grøne Glas; Syn, Draum, Dikt vart det; aa, som han spela. Ikkje ei til som ho fanst det. So ven og ljøs og lett; so stilslegt og fint eit Lag; di meir han saag paa henne, di meir vart ho liti Kersti med Gullhaar yvi Herd...

Daa ho gjekk var det som han vakna. Han strauk seg yvi Augo med ein Sukk; han var reint ør vortin av den vesle Drammen.

Endeleg var alt som det skulde; og Kjeringane tok kvar sitt Fat. «So Olav, tak no Fela og spela ut Grauten.» – «Ja», lo Olav, «eg skal spel' Take taa Husa; hei! Agte

no Grauten, so han itte danse tor Hennom paa Dykk!» Skjemtande drog dei i Veg med Olav fyri, ei heil Reid [62] med Kjeringar og Gjentur som var innropte til aa vera med aa bera inn Grauten. Yvi Tune bar det aat Vinterstogo med' djerne, glade Feletonar song ut-yvi den høgtidsklædde Fjellgarden.

Men utanfor Gamle-Stogo laut dei vente, for derifraa skulde Karane koma med Fisken. «Kar e Kar, koss en snur døm; sjaa no lyt me staa her!» Og Kjeringane lo og skjemta og sende Spitord inn i Stogo aat Karane. Men endeleg kom dei. Seks Gubbar i svarte Vadmaalsbunadir med blenkjande Sylvknappar bar kvar sitt vesle Trøg med ljosraud, nykøkt Fjellaure; stød og vyrdeleg skreid so heile Ferdi avstad aat Brurehuse, som bar dei eit angande Offermaal fram for megtuge Gudar.

Inne i Stogo stod Brurfolke midt paa Golve og helsa paa Gjestine. Seint, men støtt, etter Alder og Vyrnad gjekk Skyldfolk og Grannar fram, tok dei Nygifte i Handi og ynskte deim til Lukke. Eit Grand brydde var dei alle, naar dei soleis liksom skulde syne seg fram; men ingin var so ille brydd som Bruri. Ho stod der baanebljug og illsvèdi attmed sin store Herre, heit og raud og sveitt, hadde beintfram [63] Feber. Svolti og trøytt var ho og etter den lange Ferdi; ynskte berre at dei snart maatte faa setja seg nedpaa.

Men det tok Tid aa faa alle vel og vakkert til Bords paa det Rome som kvar hadde Krav paa. Dei eldste av Skyldfolke skulde sitja øvst; deim maatte Jon og Kari mest bera uppi Benken, so bljuge var dei. Men var dei fyrst uppi komne, so sat dei, og sat trygt; no hadde dei med Gud og Retten sitt Rom; for strengt etter dei gamle Reglane gjekk det; og dei visste kvar med seg godt kvar dei hørde til, med alt det Motstand dei gjorde. Med Skjemt gjekk det; men i grunnen var det aalvorsamt nok; skulde det hende, at nokon ikkje fekk sitt rette Rom, so vilde ikkje han hava meir Moro den Dagen. Med slikt var det strengt som i ein Kongsgard.

Daa endelig alle var vel til Sætes komne var Jon reint varm vortin; «huff», sa han, «dette var verre enn aa vera Fiskkokar og; ej vart reint svett ej, Gut!» So fekk han daa sett seg, han og.

– Samrøda gjekk fyrst trøgt og laagmælt. Jamvel Lars kjende seg brydd idag, og var ikkje so fritalande som elles. Ein laut vera stød og vyrdeleg naar ein var [64] Brudgom. Og dei sat der i Høgsæte, Mari og han, utan Smil, med Hendane samanlagde i Fange, som tvo Avgudsbilæte aa sjaa. Men daa Spelemannen steig inn yvi Dørstokken og Slaatten song upp under det laage Take, letna det. Ai, so sæl Mari vart! Det var som aa sleppe ut or ei Skruvstikke. No fekk daa Folk anna aa tenkje paa, so ho slapp aa sitja so stiv og stram lenger.

So tagna Slaatten. Matreidi kom skridande, og Fati vart paa Borde sette. Daa ljøsna alle Andlit; daa losna Tungebandi.

Berit Bø, Syster hans Godfar, ei vyrdeleg Enkje paa 60 Aar, sat øvst i Benken attmed Bruri. Ho fylte Rome sitt vel der ho sat, breid og trygg, som ho hadde sett seg til for ævelege Tidir. Roleg og aalvorsam med Hendane ihopknepte under den høge Barmen rødde ho laagmælt med Bror sin yvi Borde. Han Godfar sat sjølvsgt øvst attmed Brudgomen. Og han kunde ikkje ha vori ærugare og ordført seg finare, um det hadde vori Dronningi sjølv han hadde tala med.

Lars kjende seg ikkje lite stor, der han sat. Tvo Gongir hadde han no stadi Brudgom; og gilde Gjestebod hadde dei [65] haldi for han baade Gongir, som rimelegt var. Han kjende seg enno det beste Mannsemne, og der var enno att hjaa han mykje av den Sjølvkjensla han hadde, daa han sat paa ein av Storgardane i Bygdi og aat Flesk og Rjome til Kvardags som ein Lensmann, og kommederte ei skræmd Kjering. Ho stakkar, som aatte Garden hadde snart vorti Tenaren hans. Med store, audmjuke Augo gjekk ho der og stelte for han og berre liksom bad um Tilgjeving for ho var til; at Mann skulde trivast i baanlaust Hus var ikkje ventande, Det var vel ei Straff som var paa henne lagd, at ho ikkje fekk Baan. Ho kjende seg skuldyngd og stakarsleg og bøygde seg sorgfull yvi Tyngsli; bogna og brast.

Berre ein Hende Gong var der Sol i hennar Liv, – naar Lars var blid og saag paa henne, og ei liti Stund gaadde at ho var til. Daa mjukna Hjarte hennar som varmt Vaks; og ho gret heite Taarur i underleg sorgmild Glede. Men daa maatte ho gøyme seg vel; for Lars lika ikkje Graat. Skam var det aa vera so veik og; men kva skulde ein gjera, naar ein var soleis laga. –

Daa ho endeleg døydde krank og nervesliti, [66] sa Lars: «Ja vel er ho fari; men betre kunde eg ha nytta mi Tid.»

Idag hadde Tankane hans svivi um dei gamle Minni oftare enn han vilde; han saag det bleike Andlite hennar daa han skreid framfyri Altere med Mari, og han vart heiltupp harm – skaut Tankane fraa seg med Magt.

Ingen skulde tru at Lars var sopass tilaarskomin som han var; staseleg var han aa sjaa der han sat. Dei svarte Vadmaalsklædi sat vel etter den rake Kroppen; det blenka i Sylvknappar og Spenne, og den kvite Halskragen med Silkeplagge ikring klædde han so godt. Hovude bar han høgt, og det tette, brune Haare laag mjukt um den breide, sterke Skallen. Men i dei blaagraa, snøgge Augo var der noko som ropa

or Vegen. Med desse Augo skræmde han Kvinnfolk, eller gjorde deim sanselause av Elsk, alt ettersom det lysta honom.

Mari kraup reint ihop attmed han av Age, endaa ho var rett overlag ven og frisk ho og i den nye Svartkjolen sin, med Krans av kvite Papirblomar paa Haare. Den Kransen var komin radt ifraa Kristians By i ein Papask so rosut og fin, [67] at Mari dansa av Glede daa ho fekk han. Ja, ho gløymde mest Kransen for Asken. Det var Brurgaava hans Lars; og Paal i Osen, Læraren, hadde skrivi etter han. Aa ja, han Lars. Det var liksom noko sers fint med alt det han for med.

Ho tordest mest ikkje leda ein Finger ved Borde; «stød som ei Brur» var ikkje Ordtøke for inginting. Dei truverduge raude Arbeidsnevane heldt fast ikring den vesle, kvite Lùmmeduken nedi Fange; og ho var so heit og sveitt all igjenom i dei tjukke Klædi sine, at ho kjende seg lite i Lag. Ender og Gong bøygde ho seg ned og turka seg i Andlite; men Lùmmeduken var longe so vaat, at det lite Hjelp var i det.

Fyrste Bordsetnaden var endeleg til Ro komin, og Paal i Osen reis upp og bad deim taka for seg som best dei kunde. Paal var fast Kjøkemeistar i Bygdi, og elles sjølvskrivin til aa syngje ut Lik, beda til Brudlaups og anna som det kravdest Talegaavur til. Han var snild og godsleg, han Paal; men serskilt djuptenkt eller klar i Hovude var han ikkje nettupp. Men tala, det gjekk lett for'n. Som eit stort Baan saag han ut med sine blide, blaa Augo og [68] eit ljosgult, krulla Haar; Panna var glatt og laag; eit lite ljust Skjegg yvi den kvendevorne Munnen klædde 'n framifraa. Han hadde vori i Byen eit Bil, og gjekk byklædd; Fjellmaale sitt kunde han ikkje heller rett lenger. Naar han tala i Gjestebod, so tala han mest som ei Bok; og ein Kyrkjesvip var der paa alt han sa, endaa naar han skjemta. Men so drøymde han daa og um Klokkarposten etter han gamle Nils.

Paal hadde Skyldfolk i Amerika; og dei sende 'n Blad eit Par Gongir um Aare, so han visste um alt som gjekk for seg ute i den store Verdi; serleg var han tidt og jamt oppglødd for nye Uppfinningar, som han drøymde um aa faa inn i Bygdi si. Men naar han hadde tenkt ei Tid paa det gløymde han det burt att. So han vart verande ein fredeleg Mann.

Daa Paal hadde tala, takka Gjestine den som baud, lagde Fisk og Rjomegraut paa Borddiskane aat seg, braut seg Flatbraud attaat og tok til aa eta. Jordeple hadde dei aldri brukt; dei vaks ikkje der. Vel og lengje aat dei, og godt gjorde dei seg av Maten; finare Fisk enn Auren Lars hadde teki dei siste Nætane, og finare [69] Duppe og Attaatmat enn Rjomegrauten kunde ikkje gange gjenom Hals. Det var det beste dei visste alle; men so var det no ikkje Kvardagsmat heller.



Etterkvart gjekk Røda meir og meir høgsmelt og friskt. Skjemt kveiktest og Sogor livna; mest gjekk det um Live i Fjell og paa Ferdaveg.

Fyrst laut dei fortelja nytt, dei som hadde vori med Kyrkja; det var ei heil Ferd det fraa den vesle Grendi uppmed Sirilen.

«Ej trur ej lyt gifte mej uppatt, so ej kann kaammaa aat Kyrkjenn' att en Gong, ej og,» sa Anne Kroken, ei kvik Kjering paa eit halvt Hundra Aar. Dei sa i Bygdi, at Anne hadde «vori Enkje all sin Dag», for ingin hadde sett Mannen hennar. Det var soleis, at Foreldri hennar var flutte fraa Garden sin ned i Kyrkjebygdi til Nordland, daa ho var berre Baane aa kalle. Derifraa kom ho til Heimbygdi att med tvo Baan, daa ho var nokre og tjuge Aar. Fekk seg Stogu upp i Sirilgrendi og eit Jordstykke som mest inginting kosta, og livde sidan der med Baani sine. Kvar det var vorti av Mannen hennar visste ho full' sjølv, meinte Folk. Ho stelte seg vel og [70] var til baade Hugnad og Nytte millom Grannane sine; og daa fekk det vera hennar eigi Sak koss ho fyrr hadde havt det. Ho var Kar og Kvinnfolk i eit, Anne, fødde 2 Kyr paa Plassen sin og gjekk elles kring i Gardom og hjelpte til med Slagting og anna som turvtest; ho var hendig, og ikkje blauthjarta, so ho greidde mangt, som andre kvidde seg fyri; og mang ein Smørklepp og fin Ulldott bar ho med seg att heim. Det hende og, at ho fekk Pengar for Brye sitt, Firskillingar, og jamvel Tolvskillingar; og sagte var Skillingane gode aa ha til baade Kaffi og Mjøl og anna Smaatt; men Mat og Klædesyrkje var no beste Løni. Olav, Spelemannen, var Son hennar; og so hadde ho ei Dotter som var 14 Aar og heitte Eline. Dei liktest ikkje paa Mori nokon av dei; dei var stilslege og helst noko bljuge og rare av seg; ikkje helsesterke heller. Olav var svarthærd som ein Tater og bleik i Hamliten; alle deruppi tykte han var stygg; og Eline dugde ikkje til anna enn aa gjæte Kyri. Det lika ho betre enn alt; og dei lange Vintrane sat ho tagall og bleik og stunde etter Vaaren.

Anne treivst so vel med aa reike Bygdi [71] rundt, at Borni mest var for seg sjølve heime. Og dei heldt godt ihop dei tvo. Olav var som ein Far for den vesle Syster si, og ho som ei liti vyrk Mor for den underlege Bror sin. Men dei vart liksom framande baade for Mor og Bygdefolk.

Ho kunde vera heller uvyrdi i Munnen ho Anne, og der vart jamt Laatt der ho var; men vondt fanst det ikkje i ho. Han Lars og ho var jamt dei som fekk Skjemten i Gang. Han beit paa no og, endaa han var Brudgom. «Ja, den tridje, det fæ' bi du, Anne,» sa 'n og lo. Og dei andre lo med. Ja rett han Lars! Tenk, tala um «den tridje» no alt!

«Daa fæ du agte dej, so det itte gjeng med dej som det gjekk med Hougsgubben,» sa Godfar. «Han kørde seg ihel Dagen etter tridje Brølloppe sitt han, vet du, men daa dei kom køyran' med Like, sa Kjeringa: Gudskjelov Hesten kom daa att.» Meir Laatt.

«Far min kjende væl Hougsgubben daa 'n va ong,» sa Paal; «det var en tapper gammel Mand det.»

«Va det itte han som skaut Svensken i Kviknefjella?»

«Jo,» sa Paal, «det var just han det.»

[72] «Ja koss va naa dæ du – ej hørde da gjeti dæ den Tid ej va Baan?»

«Det kann Jo best fortælle os,» sa Paal og nikka upp til Godfar. Og Godfar fortalde: «Jau, det va saaless det, at Hougsgubben sku' fara yvi Fjelle aat Røraas-Martnan'; han vilde kaupe seg Gamp og hadde vonom fleire Pengar paa seg. Daa 'n so kom uppaa Slettfjelle, sette 'n seg attmed ein Stein og tok fram Nistematen sin og vilde kvile ei Rid. Men best som 'n sat der og aat, kom det en Fark burtaat' a so braatt som 'n va skøtin upp tur Jorda, og trugde 'n etter Pæng'. «Meine du dæ,» sa Gubben og drev paa og aat; «hadde ej Pæng', so va døm full' aat anna esla.» Daa drog Farken Kniven; men Gubben treiv Bøssa som laag ladd attmed Steinen og skaut so Fanten stupte i Bakken med en Gong. Med det same saag Gubben en annan Kar som rømde burtetter Hougom». <sup>n8</sup>

«Men jø, fekk 'n itte Straff daa?» – «Straff? Nei, Live lyt ein daa berga veit ej. Men Aare etter daa 'n kom paa Martnan' [73] att kom det ein Svenske burtaat 'n og lo so lurt og sa: «hadde du snudd<sup>n9</sup> den Bukken du skaut uppi Kviknefjelle ifjor du, so hadde du no vore rikaste Mannen i Bygdi di.» Denne' strauk'n. Men Hougsgubben ropte etter 'n: «aa nei; ej æ ingin Røvar, ej!»

Dei var reint fælne vortne kring Borde. «Aa jø for Styghet!» «Sku' du ha hørt so fælt!»

Soleis gjekk det med Skjemt og Aalvor til alle var mette og Ølbollane tømde. So fekk dei «ein Kaffiskvett» til aa svelja ned med, og laut daa freiste aa berge Live til lenger utpaa Eftan, daa dei skulde faa Sodd og Kjöt.

Burtmed Aaren kom Pipune fram; dei gamle sette seg til aa svalle og karve Skraa uppi Neven; nokre av dei eldste Kjeringane var med; dei røykte Skraa i Kritpipe so godt som noko Mannfolk. Men ei og onnor yngre, som hadde teki til aa røykje og

ikkje rett vilde vera ved det enno, smaug seg uti Koven og tok Middagsrøyken sin der.

Gjentune sat burt-i Kræane i Fange aat kvarandre og kviskra og smaaknisa; dei tenkte berre paa Kvelden, daa dei skulde <sup>[74]</sup> faa danse. Gutar var der vonom fleire av i Lage; men no strakst etter Maten var dei som blaasne burt. I Løo og uti Bakkom laag dei i Smaaflokkar og saag uti Vêre, lata seg, smaaskjemta, stunde etter Kvelden dei og.

Men fyrst skulde dei ha undagjort endaa tri Matmaal. For ein maatte ikkje verte svoltin millom Maali i Gjestebod. Det var utruleg kva dei daa kunde leggje i seg paa ein Dag, desse smaanoegde Folki, som elles ofte laag heile Dagane paa Skogarbeid og Veiding og livde av mest inginting. Dei var «hendt som h vde»: kunde greide seg som det fall med mykje som med lite; for dei var so herle friske paa Kropp og Sj el.

Til andre Stormaale vart tvo nyslagta Saueskrottar, opphogne i Smaabitar, kokte og framsette. Sodde var sterkt med ein Daam som av friske Urtir, endaa inkjenoko Krydde var tilsett; og daa Soddfati med Kj tbitane uppi vart sette paa Borde til Nons, var Mathugen like frisk att hjaa alle. «Smaamaten» stod paa Borde enno; men Jordeple eller onnor Rotfrukt aat Kj te visste dei ikkje av; Flatbraude smaka deim best attaat.

<sup>[75]</sup> Og Dagen gjekk med aa bera paa Borde og taka av Borde, smaasvalle, r ykje og melte Maten. Dei som hadde Smaaborn laag stundom aa kvilde med deim; og alle hugga seg og stelte seg som dei var heime.

Men so kom Kvelden.

## Dansen

«Danse no; de æ itte for Moro Skuld hitkomne.»

Av alle dei gamle Husi kring Utgardstune var Drengjestogo det eldste og paa sin Maate det gildaste, endaa det baade var skakt og skeivt vorti gjenom Tidine. I kvar Mannsalder vart gjerne eit hell anna nytt Uthus hell Stoguhus uppsett; men dei gamle fekk staa so lengi dei kunde vera til noko Gagn. Soleis kom Gardane ofte til aa sjaa ut som smaa Landsbyar; der kunde vera upptil 20 Smaahus paa ein Gard.

Drengjestogo paa Utgard var lang og laag med Kleve og Trev. I eine Hyrna stod ein gamall Aare av digre Steinhellur, so vid og romsleg, at ein gjerne kunde danse uppi han, vart det sagt; og rundt Veggine var det breide Benkir, laga som [77] lange djupe Kassur, til aa liggje i, eller til aa gøyme Reidskap i. Dei tjukke Timberstokkane i Tak og Veggir var blanke og svarte som Ibenholt av Røyk og Sot, og ein kunde sovidt sjaa, at dei var maala all yvi med Dyr og Blomegreinir. Det skulde vera den fyrste Stogo som var bygd uppmed Sjøen her; og ho var innpaa 300 aar gamal. I dei hine tvo Hyrno stod breide oppreidde Sengir med Fellar og Aaklæde, og i det fjerde eit veggfast Kraaskaap, likso gamalt som Stogo. Elles var Rome tomt og soleis lugumt til Dans og Leik. Til Kvardags var der Snikkarverkstad; men Yrkje og Arbeidsvelde var no lagde paa Himlingen, og fint og nyskura var det der, som alle andre Stadir paa Garden.

– Ute var det hустre vorte; skoddetung og myrk laag Haustkvelden yvi Fjellheimen. Sjøen syntest eit svart Djuv nedunder Garden; han song sin siste tunge Song no, fyrr Isen kom og kvævde Liv og Leik. Men ovanum stod Skogen svart mot den nattgraa regntunge Himil, og Trei baska i Vinden som stridde dei den siste Strid; det skreik og stunde og ylte kring i Lidom, og alt livande kraup i Skjol.

[78] Millom Husi maatte ein finne fram etter Ljose fraa Vindaugo og dei opne Dørir. Dei som gjekk og bar Mat att og fram maatte agte seg vel, at ikkje Vindflagune tok det dei hadde i Hendane og førde det ut yvi all Marki. Det arbeidde seg upp til Uvêr etter dei fine Septemberdagane.

Gjenom Døri fraa Drengjestogo stend ei breid Strime av Gov og raudt Ljos ut yvi Tune. Paa Aaren derinne sprakar eit veldugt Feitvedbaal; raude Eldormar renn med Smell og Knestring og kvasse Skot oppetter Steinhellune og tøygjer seg i lange, sleikjande Tungur upp gjenom Pipa. Heile Rome ligg i Glans og varm Ljoske.

Og i den raude varme Glansen svingar dei rundt, Par etter Par; lange, svarte Skuggar dansar paa Veggir og under det sotblanke Take. Rundt og rundt sviv dei i taktfast Polskdans til Felelaat, kaate Rop, glad Laatt, Tramp av tungskodde Føtar. Utanfyre høyrrest det i Stormen som Duren av ein Kvernekall langt burte.

Attmed Husnovir og Svalsdørir gløder det no og daa i ei kveikt Pipe; det er som Trollaugo aa sjaa i Myrkre; og stundom [79] fyllest Døropningi med svarte Skapnadir som i Halvljose vert underleg tunge og trollske. Og Fela syng og lær og græt og skrik den eine vekjømefleg ville Slaatten etter den andre som Laat fraa andre Heimar, – Heimar som berre Spelemannen veit um. Som ein stor svart Fugl heng han yvi Fela, og lutar djupare og djupare, til dess han ragar og vil detta framstupes. Daa kvekk han, rettar seg upp og braasluttar. Det er seint paa Natti, og han er so trøytt. Men ikkje lengi fær han kvile. Gutane trampar som unge Folar; og Gjentune trippar der dei stend og eig ikkje Bidetaal. «Ein Paalsdans til, Gut; hei!» ropar dei; og fyrste Tona av ein ny Slaatt skyt seg som ein Brand gjennom Barmen; dei legg ut med spræk Tramping. Men lange Stundir sviv dei so stillt og lett som dei dansa paa Silke sko, rundt, rundt; sistpaa som i Ørvilla. Dei kann ikkje slutte, Augo brenn i Livsmod og ung Kraft; Andliti gløder; og runde, høge Barmar gjeng i so sæl ein Bylgjegang. Heite, sterke Gutar kreistar Kvendi innaat seg i Runddansen; og liksom dei rett trong aa røyne si Kraft, svingor dei Gjentur og drustelege Kjeringar høgt i Vêre [80] og set dei ned att stilt og fint. Her var Gutar som kunde svinga ei Dros! Hei! som ei Fjør vart dei svinga rundt, endaa berre Stakkane ofte var eit Karslyft.

Fyrst paa Kvelden gjekk Dansen stødt og stilt og aalvorsamt, som eit Arbeid ein skulde gjera vel og vakkert ifraa seg. Men no var dei varme vortne; og no raadde ikkje berre Viljen.

Dei gamle som sat ikring Veggine og saag paa, trampa Takten med Føtane; ender og Gong var dei og framme og dansa. Dei kunde ikkje sitja stille, slik som Olav spela i Kveld. Han var den yngste Spelemannen dei hadde havt nokon Gong i Bygdi; men han var den glupaste likevel. Han hadde lært seg Gamalslaattane, dei beste som livde i Spelemannsminne i Bygdi; og han laga Slaattar sjølv saa gode aa danse etter, at Gutane mest vart ville.

Bruri hadde dansa seg trøytt og bleik. No, daa Stogukraai laag i Myrker, sat ho kvilde seg med Hovude paa Aksli hans Lars. Og ho geispa hjarteleg og hadde berre eit Ynskje i Verdi: gjev han vilde sitja still endaa eit lite Bil! Ho hadde vori med aa vaska upp um Kvelden [81] etter Brurstasen var av ho tekin og ho hadde fengi Kjeringluva paa Hovude. Naar rett hadde vori, skulde ho inginting ha gjort denne

Dagen. Men det var so vondt aa sjaa paa at dei andre flaug for hennar Skuld, so ho laut hjelpe til eit Grand. Men berre ho no sette seg nedpaa, so dorma ho av. Svevnen tok henne, kor hardt ho stridde imot. Hu! Der spratt Lars upp att. Han hadde legi og sovi mange Timar i Kveldingi han; no var han spræk og vilde danse. Hei Kjering, no skal me danse so Take skal springe av Stogo! Han treiv henne i Handi; og halvt i Svevnørske dansa ho fram. Lars vilde rett syne, att han ingin Gubbe var; men ein Brudgom som ei ung Kjering kunde vera byrg av; og han spratt og spende og trampa som ein Unggut, ropa Hei og Haa og svinga den arme Kjeringi si mest uppunder Take. Og Mari tykte sagte det var gildt; ho lo og slong i Armane paa han, til ho mest ikkje meir kunde setja Fot under seg. Daa laut ho be' for seg; og det var det han vilde. «Ja sjaa no,» sa han; «kven er yngst!» Og so slepte han henne og gjorde eit Rundkast, med' ho sjangla stynjande burtaat [82] Benken, ropa til Gutane som sat og kvilde: «Driv paa no Karar; de æ itte for Moro Skuld hit kømne.»

– – Det var so heitt vorti i Rome, at dei ikkje kunde leggje paa Aaren meir. Det berre laag og glødde og yrde og smaaspraka burti Glodhaugen; og ein døyvd varm Ljoske la seg yvi Andliti aat deim som sat nærast. Og Skuggane paa Veggjom teikna seg svarte og store. Men i Kræane var det mest reint myrkt vorti; og Knising og Laatt og Svall blanda seg med Felelaat og Tramping; dei spræke Gutane vart modige: svinga Gjentune høgt i Lufti, sette seg so braatt og drog dei ned paa Fange sitt. Men øre og kaate sleit Gjentune seg fraa dei att, og lo so Taarune trilla. Lo av alt og inginting; det var so morosamt aa liva!

Men i ein Krok sat Mari og sov paa Knée hans Lars. Hovude hennar laag paa Aksli hans; og han rugga henne att og fram som eit lite Baan. Snart dubba han sjølv og, der han sat.

Dei var mjuke um Hjarta vortne alle no, svevnuge og fornøgde av Dans og Gaman. Ingin saag paa dei andre lenger; og alt som Dansen gjekk fram paa Golve, [83] fann trugne seg Hender ihop burti Kræane. Augo vart varme, og bljuge Ord vaaga seg fram.

Ivar uppi Trøen hadde fengi Kjeringi si uppi Fange, trilti og rund som ho var. Han heldt henne um Live med baae Armom; og det var ikkje meir enn Armane godt rakk ihop. Attmed deim sat Anne Kroken mett og svevnug og geispa so Augo hennar vatshagla; men den Moroi som var laut ein taka; i Gjestebod skulde ein ikkje i Sengi fyrr ein datt i ho. Anne saag paa Ivar og Kjeringi og sa med ein Laatt som ho kløyvde i tvo med ein Geisp: «Rettno veks Kjeringa fraa deg, Ivar; du før' a

for godt.» Ivar klemde Kjeringi si innaat seg so det sokk iho og smaalo: «Ja trivst gjer ho, Stygga.» Men daa drog Ingerid paa Geipen: «Du kann sjølv vera stygg du, Raggen!» – «Sjaa no,» sa Anne; «no ber det ihop.» Ivar var i Svallelag og tok til aa terge Kjeringi si. Han lika ho so hjarteleg godt; og no, daa ingin annan enn Anne saag og hørde deim, kunde ein sagte fjasa eit Grand. «Det er et Under med Kvinnfolke,» sa han, «dei kann vera so ljote dei vil; gifte blir døm. Sjaa no denna! Ej trur plent dei smør Trollsalve i <sup>[84]</sup> Augo paa oss, ej.» Men Ingerid var ikkje sein til aa gjeva att. «Ja neimen um ej skjønne ker du vilde mej. Slepp!» sa ho og vilde laus, og lest vera furti. «Nei, no sit du godt; berre sit,» sa Ivar; «so ska ej fortel' deg, kva ej lika deg for.» – «Jau, no skal me høyre,» geispa Anne og turka Augo med Forklæ' snippen. «Det var det,» sa Ivar, «at du var so hjarteleg god aa koma innaat.» «Nei høyr!» – Ingerid var halvbljug og fjaag; «du visste full no' um det du!» Ho var mjuk i Maale og raudna som ei ung Gjente. «Ej hadde som ei Von um det, er det fult,» <sup>110</sup> blunka han blidt. Men daa daska ho han yvi dei digre Nevane som var so truverdugt ihopknepte under Barmen hennar, og sleit seg laus. «Skrytarn!» smaalo ho med ein Geip; «no gaar ej, so du vet det.» Og ho gjorde so. Um ei Rid gjekk Ivar etter. Brurfolke og rusla stilt ut, Hand i Hand. Det tok til aa ljøsne av Dag; alle var trøytt.

Anne Kroken gjekk burt i Hi-stogo, der ho beintfram «datt» nedi den fyrste Sengi ho fann tom. Ho spende Skorne av Føtane og fekk av seg den ytste Stakken; <sup>[85]</sup> so rulla ho seg aat Veggen og drog Felden yvi Hovude.

«Det er paa ei Von kven ej fæ uppi aat mej,» tenkte ho, daa ho drog siste Geispen; «men det fæ vaage sej.» So dala ho av i urolege Draumar; mykje feit Mat hadde ho eti um Dagen, og det var ikkje Tal paa Kaffikoppene ho hadde drukki. Men endaa meir aat og drakk ho no. Sistpaa drøynde ho noko fælt um at der var komin ein Kar med langt, svart Skjegg uppi Sengi aat henne. Føisch! Ho velte seg paa andre Sida og slog Felden av seg eimande varm og ør. Famla so attmed seg og raaka burti ei Kjeringluve. Daa somna ho att.

Men uti Drengestogo sat Olav og gnog og gnog paa Fela; bleikt Dagsljøs seig inn gjenom glasi; men dei unge vilde aldri slutte. Det var ikkje Samanhang lenger i det han spela, berre tunge kvasse Tak og Strokk, Rop og Skrik. Han hadde fengi Brennevin, og var ørvak og slitin. Det saag ut som Fela vilde dette av Hendane paa han, og Augo stirde ende ut, store og tanketome. Daa kom ei liti bleik Gjente inn, stiltra seg yvi Golve og tok Fela fraa han. «Kom no Olav,» kviskra ho. Det var Eline, <sup>[86]</sup> Syster hans. Han saag upp, som or ein Draum; men vart sitjande. Daa tok ho Handi hans og leidde han ut; og han fylgde som eit Baan utan Vilje.

Eline hadde sovi paa Burlofte saman med Gro; og so hadde dei vakna og høyrte Fela derute. Daa sa dei baae paa ein Gong: «Dei held paa enno.» «Stakkars Olav, eg lyt hente han no,» sa Eline. Gro reis upp: «Ja, me lyt faa han ut.» Dei var samstelte som alltid naar det galdt Olav. Ute var Vêre stilna no paa Morgonsida, og det var stjerneklaart og kaldt. Gro stod utanfyri, med' Eline gjekk inn. Hendane hadde ho tulla inn i Plagge ho hadde slengt paa seg, og ho hutra og fraus og var reint bleik. Det rima paa Mark og Eng, og kvit Daam steig yvi Sjø og Fjell. Olav var gul i Andlite daa han kom ut med Eline, og stiv gjekk han som i Svevnorom. Gro? Gro stod der i Morgonskoddi, kvit og ljøs. Han stirde som han saag eit Syn. «Gakk aat Blaakoven og legg dej, Olav; der er Seng aat dej. I Løda er det so kaldt.» Ho skalv i Mæle som ho var paa Graaten. Gret ho? Gret ho for hans Skuld?

Olav visste ikkje av seg. Gro stod der og gret. Ho hadde tenkt paa honom, [87] vakt for honom. Han vilde taka Handi hennar. Herregud, ho hadde greti, greti for honom. Han vilde graate han og; han vilde segja henne... aa nei, han maatte læ. Ha ha, ho gret for hans Skuld! Han vilde taka henne innaat seg, bera henne med seg, lyfte henne upp, høgt upp...

Eline og Gro gjekk stilt ifraa han upp paa Bure att og la seg. Og der stod han; for hans Skuld! Fatige Syndaren som aldri hadde vaaga aa tenkje slikt; ein stakkars Spelemann som var so leid av Live, at han vilde drikke seg ihel, berre han slapp til; og ho, ein Guds Engel...! Han gjorde eit Byks; sprang upp paa Laaven; kasta seg ned og sette i med ein Slaatt, so dei som laag der kvakk upp kor tungt dei sov; var Hinmannen farin i Guten?

Dei tok Fela fraa han og talde han tilrettes; han var snild og lydde; men i Høye vilde han ikkje leggje seg. «Ej ska aat Blaakoven, ej,» sa han; «der er Seng aat meg!» Og han smilte so sælt og løynskt. Dei riste paa Hovude og let han gaa; han hadde nok drukke vel mykje, stakkar.

Men Olav somna sæl under Felden i Blaakoven og drøymde seg i Eventyrland.



## [DEL] II.

### I Viki

«Det er lett aa gjera Fatigmann fegin.»

Slik Kar som no hadde Lars aldri vori, ikkje daa han sat Kakse paa Garden aat Kjeringi si dessmeir. Det hadde vori mykje Krangel den Gongen, og dei hadde kravt baade eit og hitt av han; men no sat han som ein litin Konge nordmed Sirilen, der enno ingin hadde rudt og bygt; heile Sjøen raadde han med all hans Rikdom, og alt som fauk og kraup under Himilen og paa Jordi mange Mil ikring kunde han rekne for sitt. Det gjekk ikkje andre paa Veiding i Nordlidi enn ein Bjønn no og daa; Reven, det einaste Dyre Folk uppi der la seg noko større etter aa skjote, heldt seg helst i Sudlidi, der det var Smaafe aa hente. Mat hadde alle Nøgdi av heime [89] paa Gardane; Fugl og anna Villt brydde dei seg ikkje um.

Det var heller lite til Kvardagshus uti Viki; men herlege Hallar hadde Mari og Lars i dei vide, høgtidsstille Furumoane, med Sol millom raude, kvaadefeite Leggir og Maaneglans i klaare Nætar. Reinmosen breidde seg yvi Hallargolv som mjuke, fine Aaklæde med djupblaa Enzian og koralraud Reinblom paa rjomegul Grunn, og under Kvelven lyste tusund Stjernur fraa nattblaa Himil.

Ingin Keisar aatte Maken til Gildehall.

Og i det klaare Fjellvatne gjekk Auren fin og feit, og baud seg fram til den som berre vilde rette Handi ut. Blaagraa og blank smatt Smaafisken snøgg og braa millom Steinane innved Strandi; men utpaa Djupni gjekk Storsuggane late og ryggbreide. Berre einkvar Gongen gleid dei paa skjøns upp imot Vatsflata og nappa ei Flugu; dukka so ned att i den svale grønklaare Djupni, der ein saag Botn paa mange Famnar. Og Botnen var som ein drukna Skog med Kvist og Stokk og rotne Stubbar, ei rik og herleg Verd med tusund Gøymsele for Elsk og Leik, og Mat [90] for ævelege Tidir. Ei Verd, dit inkje ureint fann Veg. Ingin By og inkje Bruk spydde Ufyseskapen sin ut i Sirilsjøen; ingin Kloak rann ut der; ingi skitne gamle Avisblad og ingi rustne Hermetikøskjur vart utslengde i dei fagre Vikir; daude Kattur og Bikkjur var ikkje aa sjaa frametter dei kvite Strendar. Alt var reint og urørt, som det

ein Gong var vaksi fram fraa Løyndoms Grunnar upp mot det ævelege Ljos. So var daa og Fisken i Sirilsjøen finare enn annan Fisk, med Smak som av solmogi Frugt og Lit som Morgonrodnaden yvi Fjelle.

Og denne Fisken var Kvardagsmat i Viki no. For Lars lika Auren. Jamt laag han i Baat utpaa Sjøen um Kveldane og tok den Fisken han og Mari vann eta med Godom; den andre fekk gange i Fred. Det kunde einaste vera, at han ender og Gong drog nokre Fiskar til aa blidke ei hell onnor Kjering med, naar Mari ein hende Gong laut «burti Galom» og «faa ti eitkvart», som han Lars hadde «gløymt» daa han var hjaa Handlaren sist, og som dei soleis var uppraadde for til han hadde «vore framyvi» att. Det var elles ikkje ofte dei trong laane; for det var flust av mest [91] alt Slag uti Viki. Men Mari tykte berre gildt i ein Tur soleis. Laane fekk ho paa fyrste Orde; og vel vart ho fagna attpaa, baade med Mat og Drykk og hugsame Rødur.

Dyri fekk vera i Fred for Lars. Hare, Rein og Fugl var der mykje av i Aalmenningen; og ingin hadde sagt noko, um han hadde teki til Husbruk. Men han lika ikkje Villtmaten. Det kunde einaste vera um det flaug ein Tiur uppi Armane paa han, naar han slong soleis likevel med Byrsa um Sundagane og saag etter Rev. Daa hende det, at han skaut'n, skar ut Bringa og hengde ut i Sol og Vind til Turking; Resten kasta han.

Lars lika seg, ja; og store Tankar gjekk han med. Det var so velsigna aa vera fri Skattar og Vegplikt og andre Plaagur som fylgde ein Gard. No kunde han umraade seg og taka til med Byggjing i Fred og Ro. Fyrst Vinterstogo. Han rusla so smaatt og drog ihop Tilfang av alle Slag or Skogen til den alt. Timber fekk han taka so mykje han vilde, like eins Næver til Tak, og Emne og Yrkje til mest alt han elles trong. Skogen var full av feit fin Rot til aa svarve Kjerald av, Kvist og [92] Vidju til Krokur og *Hurd-Ringar* og anna slikt, Mose til aa stappe millom Stokkane i Veggen, Stein til Mur og mykje anna. Han kunde byggje seg dei gildaste Hus mest utan ein Skillings Utlegg. Nokre Glasrutur, eit Gran Smidjejarn og nokre Spikar var alt han trong kaupe. Og naar han no fekk Vinterstugo ferdug, so skulde det gamle Skramleffjose og rivast; og daa vilde han byggje nokolite stort med ein Gong.

Han Paal hadde synt honom nokre amerikanske Hus-Teikningar som saag so snøgge ut; deim vilde han jamenn faa sjaa eit Grand meir paa. Det skulde vera Moro aa faa upp noko som ikkje alle hadde Maken til. Noko som kunde lyse eit Grand i Augom oppmed Sjøen her, hadde han tenkt. I Byen kunde ein sjaa, koss Hus *skulde* vera. Jamenn var dei so fatigslege desse graa laage Stogune her uppe, at

ein laut no eingong verte leid deim. Dei vilde sagte storglaame, naar dei fekk sjaa, at han bygde paa onnor Gjerd end den vanlege; men han hadde no tenkt dei fekk glaame alt med' dei vilde. Det vart vel so dei slutta med det, naar dei hadde glaama seg fornøgde. Og so kannhende baade ein og [93] annan tok etter, naar det leid paa. Den som livde fekk sjaa. Han hadde no so sine Tankar. Jamenn trong dei lære eitkvart nytt uppi her med; og han vilde no gjera sitt til aa faa ein Grand Sving paa baade Hus og anna der i Bygdi. Dei hadde vori ikkje so lite beinkesame mot honom Bygdefolke no utetter, so han kunde hava si Moro av aa gjera deim ei Beining att.

– Det kom ofte Folk paa Vitjing til Viki utetter Hausten; og altid hadde dei, som Skikken var, eitkvart godt med seg.

«Dei forgyev oss med Rjome,» sa Lars, naar Gjestine var heimattfarne og han sat god og mett burtmed Aaren og la Glo i Pipa.

«Aa, jamenn er han god aa ha», lo Mari; «ein vert so mjuk og ledug, og so blank og fin i Hamliten av Rjomegrauten, veit du.»

«Du veit det. Kvinnfolke tenkjer no støtt paa Venleiken», sa Lars blid. «Elles glid han sagte ned, Rjomegrauten; eg hev ikkje noko imot han eg hell, soleis.»

– Men det som gjorde Lars fjaagare enn alt anna, og so byrg, at han snaut var til aa staa i Baas med, det var, at no [94] hadde han Kjering, som var umhende. Utpaa Vinteren skulde han faa Karahjelp, varso alt gjekk vel. Og i Fjose var det og Smaatt ventande.

«I Marsi Maane skal baade Kui og Kjeringi bera, slær det itte felt,» kytte han til alle han raaka. Og Folk lo. Ja rett han Lars. Det vanta ikkje Mod i den Karen! Ein kunde beint fram ovunde'n. Gjekk dei ikkje der med so mang ei Sut, dei som sat paa sine egne gode Gardar og ikkje var i Skuld til nokon Mann; men Lars var fri og sutelaus som Fuglen under Himilen. Ikkje heldt han seg noko større til Vaarherre heller, so ein kunde ikkje segja at han lagde det paa honom, so vidt som skynande var.

Men han hadde vori utruleg onnug no etter Bryllaupe. Reint overlag tykte Mari. Og Vonine vaks; ho drøynde sæle Draumar um ein fin Buskap og ein Gard med gilde Hus paa Tune. Fjose hadde Lars alt vølt, bygt atti eit Høyrom og tekt med Næver, som var att etter Stogutekkingi. Og Mari og han hjelptest aat med aa leggje Torv paa. Mose hadde han lagt upp inni Fjelle, til aa draga heim paa Kjelke so snart der

vart Føre. Eit Par Vikur hadde [95] han og vori burte paa Timbring, og hadde tent nokre Skillingar.

Og Mari var ikkje mindre onnug. Ho stelte so fint det vesle ho hadde millom Hendane, at Lars ein Dag beint fram hadde kytt henne upp i Augo. «Det var ikkje mykje, det eg fekk med deg,» sa han; «men det er daa vel du kan stelle sopass det du hev fengi under Hendar.» Daa skyna ho, at han var nøgd med henne, og ho gjekk reint som i ein Sælerus. Ja, ho skulde sagte gjera sitt. Det var no det minste; for Lars kunde nok fengi Gjente som aatte baade Gods og Gull, slik ein Kar som han var. Var det no berre so vel, at ho kunde gjera han tillags, baade i Matvegen og elles! So lengi Gulltavle fekk gange ute stod det ikkje paa. Mari kinna gult, feitt «Grassmør», som anga av Sol og Blomar; og av Saupe koka ho Graut som der var Mat i, og som kveikte baade Kropp og Mod med sin friske syrlege Vinsmak. Eller ho sette Nymjøl i kvite Kollur, so dei kunde eta Sursoll eller «Rjomebunke» med Flatbraud attaat. Eller Dravle i søt Sumarrjome, Lefse med Smør og Fatost, turka Tiurbringe og Gubb og Tjuke. Og var det ein kaldvorin Ruskversdag, so [96] fekk Lars eit Fat med blank, brennheit Sluring, laga av brædt Sauefeitt og grovt Bygmjøl. Det hende og, at dei hadde Flesk til Sluringen istadenfor Feitt; og daa var det no rein Furkonmat for ein Skogmann. Men Fleske var dyrt; for dei hadde ikkje noko aa fø Grisir med, dei ikkje. Korkje Korn hell Jordeple vaks deruppi, so Flesk laut dei kaupe hjaa Handlaren; og han fekk det radt ifraa Amerika. Men svalt gjorde dei ikkje i Viki; ein maatte heller segja dei livde raust, og plent slik som dei det sjølve best lika.

– Hausten gjekk; Dagane vart stuttare og stuttare; og ein Morgon var Vinteren komin kvit og kald. Daa kom hugnadslause Dagar for Gulltavle, stakkar. Det var ikkje mykje Høy Lars hadde fengi ihop denne Sumaren plent. Men naar ein agta kvart Straae som det var Gull, og gav dugeleg Mose og Lauv attaat, so skulde det vel rekke. Endaa Mari var van til anna Slags Foring paa Utgard, var ho rett utruleg flink til aa tøyge Høydotten; Lars var og etter henne stødt i Fjose og agta paa, at ho ikkje gav for mykje. Ein Dag strakst etter Bryllaupe var han komin ut i Fjose med ho stelte Kui til Kvelds; [97] ho stod nett og skulde gjeva «Tavla» siste Dotten. Daa reiv Lars Høye or Hendane paa ho, og spurde, um ho vilde gjera Ende paa Høye fyri Jol. Det halve maatte gjera det, meinte han. Mari kvakk so ho mest seig ihop; men sidan fór ho finare fram, endaa ho rett tykte Kui tok til aa skrinnast. Ein kunde sagte ikkje fara fram her som paa ein Storgard; og Lars skyna vel betre enn ho kva eit Dyr kunde berge seg med.

Aa ja, ho var fulla styvi i mangt enno; men so var ho vel ikkje verre enn ho kunde lære med Tidi. Lars hadde sliti nok for desse Høystraai han, Stakaren; men naar dei no fekk broti upp den gamle Vangen heilt, so vart det andre Greidur. Ny Lødu full av angande Høy kvar Haust; og nytt Fjos, der Borni hennar Gulltavle skulde vekse upp og gjera rett for seg; daa skulde dei faa sjaa, hadde ho tenkt!

Um Dagane stutna og Høye minka, so var Mari fjaag likevel; og ho gjekk der so kaut med det ho bar under Hjarta, at det var som ho ikkje nok kunde faa synt det fram. Ho sprang der og trilta so rund og hjarteleg fjaag, og liksom ropa or Vegem! Helst briska ho seg for Lars. [98] Med blanke Augo sveiv ho ikring han, og bar sitt nye Vyrnadsteikn som ei Dronning ber Krona si. No skulde han faa sjaa han hadde fengi anna Slag til Kjering.

Og ho skura den vesle Stogo si so det skein i alle Kræar, og dei kvite Trekjeraldi hennar stod paa Rad i Soli utanfor Stogudøri; ho hadde slik forlivande Hug til aa fjelge og gjera alting helgedagslegt ikring seg. «Du ha same Skuresjuken du som alle andre Kvinnfolk her i Bygdi,» sa Lars; «men det er vel so de lyt hava einkvan Sysla de og, som vantar skikkelegt Arbeid.» Og det var sagte sant som han sa; ein kunde no liva likevæl, um ein ikkje skura stødt. Etterkvart gjorde ho daa noko minder av det. Det hende ho vart saa fælände trøytt og sume Gonger no, so ho var like sæl um alt mest.

Lars vilde sjølv gjerne vera fin; og god Mat vilde han ha; men so lenge hadde han livt Ungkar og paa Ferdafot, at han tykte alle innadørs Syslur var Leikearbeid.

Men Mari vanta nok ikkje Arbeid. Ho hadde Hendane fulle stødt; ho spann og spyta av Ulli ho hadde tent seg upp, og ho sauma Smaaty av Lereft Kari hadde [99] vovi aat henne. Um Kveldane kom ho inn fraa Lødu og Fjos med blaafrosne Hendar og sette seg aat Aaren; klipte med ei diger Saks Trøyur og Skjortur og smaa Luvor; sauma fint um Fingrane var stive; smette Taggar og krota ut Kvardingar um Hals og Hendar. Herregud, so yrende smaatt det var allt ihop; dei smaa Plaggi vart mest burte millom dei breide truverdige Arbeidsnevane hennar. Men dei skulde faa sjaa han skulde nok bli uppklædd, Ervingen til Viki! –

– – –

Lars slutta i god Tid med Arbeide fyri Jol. Dei siste Vikune laut ein hava til aa umraade seg med Ved, og til eitkvart Smaaarbeid heime, maa vita.

Og so laut han aat Bygdi og handle eit Grand; det tok og nokre Dagar. Ein Mjølpose skulde Jon Utgard slengje paa Jole-Lasse aat han; men det var eit og anna Smaatt ein helst laut hente sjølv; morosamt var det no aa reike eit Grand og, s'ju. Han var ikkje van aa vera still lengi um Gongen han Lars, som andre Folk uppi der. Han hadde ofte slik Uro i Kroppen; laut ut aa svalle med Folk og høyre nytt. Og naar ein daa hadde Ærend, [100] so –. Kaffi og Tobak og eit Grand Skonudd laut han hava til Helgi, og nokre Finspikar og eit Grand Risgryn og Strøsukker like eins, til aa blidke Kjeringi med. Det var no so gjævt vorti med denne Risgrynsgrauten no, maa vita. Skrinn Mat var det alltid, tykte Lars; men han saag no kvit og fin ut, og Kjeringane lika alltid aa briske seg. Og so vilde han innum Paal i Osen og sjaa litt betre paa dei amerikanske Husi som var avteikna i Bladi hans, og høyre um dei hadde funni upp nokre nye Hendesløyser til Maskinar att, eller koss det var med Krig og Pestilens kringum i Landom.

Paal i Osen hadde Skyldfolk baade i Nordland og Amerika. Han hadde sjølv og fengi ein framandsleg Svip; naar Lars hadde vori hjaa han Paal, var det daa mest som han og hadde fengi noko av denne Svipen. Ord og Vendingar fraa Bladi bruka han jamt, naar han kom upp aat Sjøen att og sat paa Gardom der og fortalde nytt fraa andre Land; og Folk var reint upp i Undring yvi alt det han hugsa og visste. Kjeringane sleppte det dei hadde i Hendane, koka Kaffi og fagna han paa beste Vis. So tok dei Bundingen og sette [101] seg beint ned fraa alt ihop og berre lydde. So mykje fritt fekk ein kunna taka seg, meinte dei. Og der var mangt aa høyre, ikkje berre um Mord og Krig og anna fælt og forunderlegt fraa Utlandom; men Lars visste og eit og anna aa fortelja nedfraa Bygdi, der dei alle hadde Kjenningar og Skyldfolk. Born var tilkomne, gamle Folk avlidne; Gjestebod var ventande, o. s. b. Alt slikt var gildt aa vita i god Tid, so dei som skulde vera med kunde faa Stundir til aa bu seg paa Tilfang til Sendingsmat, Klæde og anna. Og snodigt var det og aa høyre, koss dei livde og reg jorde baade uti Verdi og nedi Bygdi, det var det; so Lars var velkomen alltid.

– So stod han daa ein Dag ferdug til fyrste Bygdeferdi si etter han var uppattgift. Nisteskreppa var full; og Mari hadde stelt han fint, med nye kvite Sokkar og Vettir, Halsplagg og den nye Lummeduken han hadde fengi til Bryllaupe. Han var som ein Greive so fjelga og fin der han sat i Benken og venta paa siste Kaffikoppen fyrr han reiste. Mari fylgde han med Augo, med' ho gjekk fram paa Golve og henta fram Mat aat han, og freista slaa fram paa um ein og annan Smaating [102] ho gjerne vilde hava fraa Handlaren. Men han svara ikkje stort paa det. Han visste fulla sjølv best, kva han trong kaupe. Det var ikkje fyrste Gongen han gjorde Bygdereis han, maatte ho tru. Mari raudna. «Nei, du veit det; men eg tenkte berre...»

«Tenk paa ditt du,» sa han; «sjaa der kokar Kaffien i Varmen!» Og jamenn var det ikkje nære paa. Ho treiv Kjêlen og klara han. Det var ikkje fritt anna ho kjende seg eit Grand harm. Han var støtt saa snøgg til aa bite henne av; jamenn kunde han gjerne lata vera med det, tenkte ho. Men ho vaaga ikkje segja noko. Berre ho kunde faa nemnt med han um denne kvite Traadsnelde ho so plent skulde havt til desse Smaaskjurtune..... Kokheit skjenkte ho Kaffien aat han, slik som han vilde ha han; og med' den friske Daamen steig upp'i Nasarne paa han, tok ho Mod til seg: «ja, det er sant; ein Ting lyt du gjera so vel og faa ti aat mej; ej skulde so endeleg havt ei kvit Traadsnelde.» «Det skal du sjaa,» sa han og slog Kaffien paa Skaali og saup han i seg i lange Drag; «ej trur Kvinfolki ét Traad! Ej kaupte daa ei aat deg her i Sumar daa ej var nedyvi.» «Ja, men den var svart den; og [103] no...» Lars braut av; «aa ja; me fær no sjaa daa!» Og ho skyna det nytta ikkje aa segja meir.

So var han ferdug; og ho fylgde han ut, med' han spende Skiene paa seg. «No maa du ikkje fljuge fraa Huse; og agta vel paa Varmen!» Ho tulla Hendane inn i Stakken, som ho hadde stutta upp, og fylgd'n ut yvi Tune. Han kunde gange urædd, sagde ho. Og no fekk han ha Goddag daa, og sjaa vel fyri seg. Ho vilde minnt han um Snelda att, men fekk det ikkje til. Snudde so og gjekk aat Stogo att. Men paa Traakken stana ho og ropa braatt etter han: «Var det so vel du vilde minnst Snelda! Ho skulde vera *kvit!*» Han snudde sovidt paa Hovude. Dermed gleid han stillt inn i Skogen.

– Mari gjekk inn. No vilde ho rett taka seg gode Stundir og setja seg til med Saumen. Det vart liksom so romsamt, naar Karane kom ut. Ho smaasong og fann fram Arbeide sitt. Kor nauvende vent slikt Smaaty var! Ho tenkte aldri sers djupt, ho Mari; men naar ho sat soleis aaleine, song ho jamt paa ein Visestubb; og daa sveiv det likevel som so mangt i Hugem. Men um ei Rid braatagna ho, [104] liksom ho var rædd vorti for sit eigi Maal. Det var daa fælslegt, so stillt som her var. Store Ting, som ein Kar fyllte Rome likevel! Og Tidtrøyt var det i ein Mann; ein kunde segja kva ein vilde. Ho kunde nok sume Gongir tykkje at det kunde vera godt um han var or Vegem eit Grand, so ho fekk sitja i Fred med sitt; men jamenn var det stuslegt no likevæl; det var det. Ho vilde misann taka seg ein Kaffiskvett; beint fram setja seg ned og drikke Kaffi; og eta; – naar Lars var heime, laut ho fljuge jamt.

Ho slog noko kaldt Vatn paa Kjêlen, for ho lika han ikkje so sterk; slog so i Koppen og drakk. Ho tok til aa tykkje Kaffien gjorde godt ho og no, etter ho var gift; fyrr hadde ho ikkje smaka'n. Og det var ikkje flust med Mjølke her, som Von var, no daa Kui stod inne og skulde liva av dei Høystrai ho fekk, og dei smaae Mosedottane

attaat. Mjølki minka stygt no, som ventande var. Ho skulde no bera i Mars, stakkar. Det skulde rett vera godt, um det vilde verte Kukalv, so dei fekk eit Liv aa setja paa til Vaaren; for det var det med ei Ku, at kor glup ho var, so mjølka ho ikkje rundt; [105] ein laut mest hava tvo, skulde ein matberge seg.

Daa ho hadde eti, sette ho burt Maten og tok Saumen att. Men det var so stilt i Stogo, at ho alt i eit laut sjaa seg um; det var plent som ho *høyrede* Stilla. Jamenn var ho ikkje mest huga til aa setja seg ut i Fjose til Gulltavle! Det var daa Liv! Ikkje vore det godt ein lengi skulde vera baanlaus. Ho tenkte paa fyrste Kjeringi hans Lars. Ja, koss ho hadde berga Live so lengi, det skyna ikkje Mari. For hadde ho ikkje vori so heppi aa hava detta velsigna Baane i Vente, so hadde ho beintfram vorti rædd han Lars; det hadde ho. Han kunde vera so vond sume Gongir. Men no var han rett mesta so snild, so snild; gjeve sosandt han var heime att! Ja sæl var ho, som hadde so mykje godt aa vente paa! Aa, kor gildt her skulde verte, naar det vesle Live kom og fyllte Stogo med Godlaat og Glede! Og kor fegin Lars skulde verte! Daa vart han sagte byrg av Kjeringi si!

– Mari gjekk aat Fjose og stelte Gulltavle tilkvelds; gav seg god Tid, og rødde med Kui baade vel og lengi. Det var ein litin Mur uti Fjose, der dei vermde Drykk [106] og kokte Sørpe; i Kveld lagde ho paa retteleg godt, so det vart ljost og varmt og huglegt i Fjose. Og «Tavla» togg so godt, og bles og kjælte seg uppetter Mari og liksom bad ho vera der. Det var stuslegt for henne med, stakkar-Ho var reint som eit Menneskje, denne Kui; Mari var viss med, at ho skyna kvart Ord ho sa. Hadde det berre vori ei Seng uti der, so jamenn skulde ho lagt seg til. Ho tok Tavla um Halsen og sa det ved henne; men Tavla maatte skyna, at Mari tordest ikkje liggje i Høye no; for daa kunde Vesle Gut koma til aa frjose, og so fekk ikkje Vesle-Gjenta til Gulltavla nokon aa leike seg med til Sumars. Ja for Tavla kunde vera trygg; dei skulde ikkje taka Baane hennar fraa ho; var det likt! I Skog og Hei skulde Kalven faa fylgje Mor si, og danse Kalvedans med Vesle-Lars! Jau, her skulde sagte verte livandes i Viki! So baud ho Godnatt, sløkte paa Gruva og gjekk inn.

Men huh, kor myrkt det var ute. Tréi stod som svarte Troll kring Tune og sprikte med tusund Armar. Burtmed Husnøvi laag ein Rotstubbe, som ho kjende so vel; men no liktest han so skilviseleg ein Bjørn i Myrkre, at ho mest ikkje tordest gaa framum [107] han. Hustre var det i Skogen; og Sjøen laag svart som Natt.

Ho smatt inn gjennom Stogudøri, la ein Tyrikubbe paa Aaren og fann seg fram ein Mjølkeskvett til Kveldsmat. Den logande FeitvedÆlden la Gullglans yvi den graa Stogo; heiltupp huglegt vart der no. Mari sette seg ned og drog Skorne av seg.



Herinne var ho ikkje rædd. Men so kom ho til aa glytte burtpaa Glase og saag ut i Natti den svarte. Huh, var det ikkje plent som eit Andlit paa Ruta! Ho kolna av Rædsle, der ho sat. Reiste seg so og tok Stakken av seg som i Ørska, heldt han framfyre Augo sine og gjekk stiv og fæli burt og hengde han upp for Glase. Var det Folk derute? Nei, koss kunde ho tenkje slikt Tull. Her var daa snaut komande for Folk desse Tidir. Og kva skulde dei her. Ho lydde. Heldt Anden og lydde. Stirde rundt i alle Kræar. Var det likt seg! Tull! Ho sprang aat Sengi og drog Felden yvi Hovude. Sukka. Der kunde daa ikkje i Verdi vera noko so stuslegt som slik ei tom Seng!

-----

Dagen etter stod Mari og stirde ut-yvi Sjøen. Isen var like vaat og blaasvart. Det [108] var den uhuglege «Kakelinna»; ingin Snjo var komin dei siste Dagane, og her var snart ikkje framkjømt korkje paa Sjø eller Land. Skal tru han var gangande Isen no? Køyrande var han ventelig ikkje, etterdi det hadde vori Vatn paa han so lengi. Rett den som kunde taka beinast yvi Sjøen og snerte seg burt til Utgard ei liti Rid. Ho hadde ikkje vori der sidan Bryllaupe; og jamenn tenkte ho so paa Borni og Fjose og altsaman der burte idag. Skal tru Vesl'-Ola hadde fengi nokor Tonn i Munnen sin? Og tru dei hadde Vev uppe? Jamenn skulde det vori snodigt og set, kva Kari skulde veva fyrst iaar. Venteleg var det Vadmaal aat Karom. Og so fekk ho slik brennande Hug paa Gubbost med ein Gong. Ai, kor godt det skulde smaka aa faa ein Bit av Gubben hennar Kari; dei laga ikkje slik Mat nokon Stad. Hadde ho endaa havt Traad til aa saume med! Men ho kunde so vel trengje til aa laane nokre Traadstubbar og. Ho vart reint tjukk i Halsen der ho stod og tenkte paa Utgard; kjende seg med eitt so einsleg og yvigjevi. Det var liksom ho var kje rett i Lag i det heile. Hadde ikkje Mathug; men kjende seg hol og svolti likevel. Kan [109] hende vart ho betre, um ho kom ut eit Grand.

Ja, ho vilde til Utgard! Det fekk vaage seg. Lars kom no ikkje att paa tvotri Dagar enno; og naar ho stellte vel ifraa seg, og – hyss! Høyrde ho ikkje Stig utanfyri? Aa var det likt seg. Ho var daa reint toski vorti. Ho tykte ho høyrde eitkvart heile Tidi. Der var det att. Plent som tunge Stig aa høyre. Og ikkje var det lang Stundi, fyrr Myrkre seig paa. Ho vart mest fæli. Paa fljugande Flekken vilde ho ut.

Ho vaska Andlit og Hendar, slette Haare og sette Finluva paa seg. Fekk so fram Helgestakken, Turklæde og Vettir; stengde Fjosdøri og Stogudøri; og sprang som ein Gjentunge nedpaa Isen og tok til aa skride frametter so Vatne skvatt um henne. Aa nei, kor morosamt det var! Ho saag Botnen under den tunne blanke Isskorpa,

og Smaas-Auren som stakk seg snøgt attum Stein og Stubbar dernede. Det var som aa gange paa blanke Vatne. Og ho kjende seg so fri og lett, plent som naar ho slapp or Skulestogo dei myrke Vinterdagane i Barnetidi. Og det knast og brast under Føtane, og Rivnur gjekk paa langs og tvers. [110] Men sagte heldt han henne! Ho kjende seg som ein Fugl so lett, sprang og skreid lange Tak ut-yvi Storfjorden, som laag framfyri henne, breid og blank. Verdi var liksom so liti derinne i Viki; men rett her! Ho hugsa mest ikkje at Sjøen var so stor. Og der burt i Sudlidi laag Utgard med Glim av Høgstdagssoli i alle Glasi. Det var som Slotte i Eventyre. For fine Gard! At han var so stor og gild hadde ho gløymt mest. Det var det at det var so mykje Sol stødt i Sudlidi; alt vart so glimande og gildt. Aa so Moro det skulde vera aa faa sjaa heim att!

So stod ho innanfor Døri i den gamle Stogo; og Kari kom henne til Møtes: «Aa nei, er det du.» Mari helsa deim alle uppi Handi; men Mæle brast, daa ho skulde tala; og det pippla fram ei Taare i Augnekroken. Det var fyrste Taara ho hadde graati for den gode Heimen ho hadde flutt ifraa.

«Du maa sjaa du fær sitja; ej meiner du er reint ussel,» sa Kari og sette Stol fram.

«Aa nei, var det likt seg,» sa Mari og turka Taara burt med Votten; «det kom berre slik yvi meg, daa eg fekk sjaa Vesle-Gut!»

[111] Og so vart det Spyrjing og Svar uppatt og uppatt paa baae Sidur. Jau, sagte var Mari fornøgd og treivst. Og Kui hennar mjølka utruleg bra til aa vera so langt framme med Kalv; og no var Lars paa Bygdeferd og vilde faa seg ti eit og anna aat Helgenn.

Um han hadde hoggi Timber til Vinterstogo ret no?

Jau, sagte hadde han hoggi. Ikkje alt nettupp, men Resten skulde han hogge so snart Joli var yvi.

Jaso du. Ja det var sagte gildt, at dei fekk seg ny Stogo. For det var vel so, at den gamle vart liti etterkvart. Og kann hende var ho kaldvori og, til Vinterbruk?

Nei var det likt! Mari hadde aldri trutt det kunde vera so godt og lognt uti der. Det var ikkje golvkaldt desmeir.

«Kann hende det, du,» svara Kari fint; men ho tenkte no sitt. «Koss er det; hev du vant deg paa Kaffien, sidan du vart gift daa?» Kari var alt i full Gong med aa setja fram Mat av alt det beste ho hadde. Jau; rett hadde Mari vant seg paa Kaffien. Han

var no slik, han Lars, at han vilde ho skulde hava av alle Slag som han sjølv lika; aa jamenn var det godt med [112] eit Grand varmt i Kroppen og, naar ein fyrst fekk Smaken paa det.

«Aa ja; eg sku tru det. Og so veit du det er no Kjeringgjerdi» lo Kari; kann hende du alt hev teki til med Pipa aa?»

Aa nei; so gale var det no ikkje. «Men ej spaar ej fær Smaken paa ho og, naar det lid paa,» skrytte Mari. «Han Lars vil sagte snart, ej skal halde Lag med'n i det og.»

«Det er godt aa høyre han er vyrk for dej, Mannen din,» sa Kari og glytte burtpaa henne med' ho hadde Kaffi i Kverni og sette seg til aa mala.

«Aa ja,» sa Mari og kasta eit Grand paa Nakken; «han kunde visst ikkje betre vera.» Ho mintest kva dei hadde spaatt henne alle, og mest Kari; men um so han dengde henne, so skulde dei visst ikkje faa eit Ord av hennar Munn um det. Og dei smaaprata og var so blide og gilde baade tvo. «Men kvar er Gro?» spurte Mari, daa ho var tilbords komi. «Det var no berre dej og Borni ej vilde sjaa um; ej sku no itte havt noko Traktering; ej aat so godt nyss fyrr ej gjekk.»

Men Kari fortalde, at Gro var i Kroken hjaa Eline som laag sjuk. Dei visste ikkje [113] rett kva som vanta henne; ho hadde ikkje serskilt vondt nokon Stad; men ho hosta, og var trøytt; og alle dei Raadir dei bruka hjelpte like lite. Det einaste dei tykte eit Grand Mùn i var Ulferbai i heit Mjølkk. Tulitom' en var det no slettes ingi Hjelp i, og ikkje hjelpte Rigabalsam' en for Augo hennar heller; dei var og skrale vortne. Elles var dei noko betre, sidan dei tok til aa smyrja deim med Orme-Ister etter Raadi hans Godfar. Gro var der ei Rid mest kvar Dagen; dei var so gode Venir dei tvo. Og Anne Kroken rak rundt i Gardom som ho hadde gjort; ho fekk seg ikkje til aa tru det var anna enn Krim, ho Eline drogst med. Det var Olav som maatte vera baade Mor og Bror, og han stelte so vårt og godt med den vesle sjuke Systeri, at Folk vart reint kløkte, naar dei saag det. Anne gjekk berre og song paa nokre gamle Visestubbar vm «Sven Svanevid» og «Olger Danske», og var som ho ikkje var i denne Verdi. Og alslags Reglur og Merakkels sat ho og fortalde til det sjuke Barne; men til aa stelle var ho lite tess.

Mari gløymde reint aa eta. «Aa nei, aa nei, koss kann ho som Mor skal vera fara [114] so uvislegt aat? Aa nei kor vondt dette var aa høyre!» Og ho tenkte ho laut gaa burt i Kroken ein Dag med eit Grand godt til henne Eline. Hadde sosandt berre Kui bori – –.

Daa ho var fraa Borde komi, gjekk dei aat Fjose. Og jamenn kjende dei Mari att baade Store og Smaa. Dei rauta og strauk seg innaat henne; ho laut upp i Baasom og taka Kyrne um Halsen, og inn i Bingen aat Kalvom. Ja rett Dyri! Og me, som trudde dei var vitlause 1 Nei, nei; kunde dei so sant tala, so fekk me høyre mangt. Trøyste og betre den, som ikkje var god med Dyri!

Sistpaa laut dei innum Smidja, der Godfar og Jon var i Arbeid med aa bøte ymse Ambod og Greidur til Sumaren. Den vesle svarte Smidja laag inni Skogbryne; Døri stod uppe, og ein sterk Eld loga burti den gamle, skeive Aaresteinen. Og mot Elden stod dei tvo Mennane som svarte Tussar, og Hamaren song mot Smidju-Stede, so det ljoma. Kor fagert det var aa sjaa; og kor unalegt det var aa høyre! Kvinnfolki bøygde seg og stakk Hovudi inn gjennom den laage Døri; helsa; vaaga seg so innanfyri og sette seg paa Dørstokken. <sup>[115]</sup> Det var ikkje stort Rome, og dei maatte ikkje koma atti Veggen og hefte Karane i Arbeide.

Eit hugnadsamt Drøs um gamalt og nytt kom i Gang, og det enda med at Godfar slog frampaa um Staburslaasen han hadde i Emning til Mari. «Men so lyt han Lars skaffe deg Stabur fyrst,» smaalo han. Og Mari meinte, at der nok skulde bi Stabur; men jamenn vardt det for gali likevel, at han skulde gjera slikt Fagnadarbeid aat henne. Ho kunde daa slettes ikkje vente sovori, ho ikkje. Men sjølvsagt skulde Laasen nok koma til Ære, varso han verkeleg vilde bry seg so storleg for hennar Skuld. Og ho var fjaag og blid, og tykte dei var so reint gilde alle.

Men no laut ho rett skunde seg heim til Kveldstelle; Gulltavla tok sagte til aa vente, stakkar. Og so takka ho for seg og vilde gaa. Men det var sandt: det var vel ikkje so vel, Kari hadde nokre kvite Sneldtraad-Lengdir og laane henne til Lars kom att; ho var so reint oppraadd. Jau, sagte skulde ho det faa, lét Kari og sprang inn paa Budi. Daa ho kom ut att hadde ho baade ei Sneide og ein Hespel fint Heimespunn ho stakk til Mari: «Det er <sup>[116]</sup> slikt som ej spinn til Smaakarom,» sa ho og smaalo, «er-so du skulde faa Bruk for noko slikt, ja.» «Aa, det kunde fulla snart hende det.» Mari vart vaat i Augo att, og takka laagmælt. Kari var no den same som ho alltid hadde vori, ho.

Men so var det ein litin Gubbost i eit Turklæ og, um Mari vilde bera han med seg. Dei hadde vel ikkje so mykje Mjølkk, at dei kunde koka Gubb uti Viki enno? «Aa men detta er naa for gali,» sa Mari; «men naa lyt du regtig kaammaa uti aat øss i Jolhelgen, so ej fæ gjera lite <sup>III</sup> Ære paa dej, ej og. Ja gjer det!» Kari lova daa det; og so skildest dei.

Mari gjekk heim, og tykte ho hadde havt ein overlæg gild Dag. Og daa ho stelte Gulltavle tilkvelds song ho og tralla og gav ein Dott so stor som ho skulde havt heile Utgardsløo aa taka av. Hadde det ikkje vori Gulltavle, so hadde det nok vori gildt aa vori paa Utgard Natti yvi med. Ho var ikkje rædd; var det likt; men det var so stuslegt aa vera soleis for seg sjølv. No tykte ho Lars hadde vori burte ei Viku longe; og so var det berre ein Dag. Hys! Var det ikkje som det [117] knirka i Ski utanfyri. Hadde han kann hende snutt? Og kom att? Ho lydde med opin Munn; og i ein Augneblink var ho burte aa reiv til seg att noko av Høydotten ho hadde gjevi Gulltavle. Ho var raud og heit vorti all igjenom. Ja sant sku' ho vera glad um han kom! Godt ho hadde gjort upp paa Varmen inni Stogo fyrr ho gjekk aat Fjose! Ho glytte paa Døri og saag ut og lydde. Nei, stilt som i Gravi. Berre no og daa suste eit kvasst Vindtak gjennom Skogen. Lufti var so rar og mild ikveld; det var mest som det vilde regne; og Himilen var so underleg eitergrøn og gul. «Ikveld er han stygg,» tenkte Mari; ho skunda seg inn og stengde Døri vel etter seg.

Det var fyrste Gongen ho tenkte paa aa stengje; men her var liksom slik Uro ute ikveld. Det gjekk aa tassa so tungt kring alle Veggir, og det song so vekjømereg gjennom Skogen. Ho visste vel, at det var Vinden; men ho hadde aldri høyrte han slik fyrr. Og med ein Gong seig det inn yvi henne ei Tyngsle og ein Hugverk som ho aldri hadde kjent Maken til. Det fór igjenom henne, at ho skulde taka Skiene og renne attende til Utgard. Men det var [118] raadlaust i dette Vêre, og myrkt som det var. Ingin kunde finne fram yvi Sjøen ikveld. Og seg at Lars kom. Nei, berre koma seg aat Sengi. Det var den einaste Raad. Mang ei myrk Seinumarnatt hadde ho legi i Sætri og høyrte dei fyrste Hauststormane rasa yvi Fjell og Heiar; men aldri hadde ho kjent det so stuslegt og hustru som no. Huh, der kom ein Vindstøyt som fraa Verdsens Ende; reiv og riste i Huse, so det var eit Under, at ikkje Take rauk; for so inn gjennom Skogen med Braak og Brak og lang Yling. Og gjennom Glase saag ho Snjoen fjuke i vill Dans, ned fraa Himilen, upp fraa Jordi. Piska mot Ruta som Hagl; dreiv ned gjennom Skorsteinen og sløkte Varmen paa Gruva. Og Oske og Røyk, Smaaglo og Gneistar slo inn, og la seg kvævande yvi Stogo. Mari saup etter Anden og sa Jessu Nam halvhøgt for seg sjølv; famla seg skjelvande fram aat Gruva og kara ihop att Glødane, og la tvo tunge Tyrirøtar yvi. Døri torde ho ikkje lata upp; einaste Raadi var aa faa det til aa brenne; so drog Røyken og Gøve upp att. Ho stirde fæli inn i Myrkre, og ein Augneblink kom det for ho, at Stogo var ei Grav djupt nedi Jordi, [119] og at ho aldri meir vann seg upp att til Ljos og Folk. Men so stilna det av att; og Elden loga og lyste upp i kvar Kraa, og det vart vent og varmt og stilt ikring henne. Ho saag ut gjennom Glase; men derute var det som paa Havsens

Botnar, og Sjøen dura og bura som ein Domedag. Gud hjelpe alle som ute var! Kor glad ho maatte vera, som sat her velberga og varm og turr i Stogo si!

So kasta ho Stakken av seg, og gøymde seg vel innunder Felden i den breide Sengi. Inderleg trøytta las ho Fadervor og somna tungt.

\*

– Dagen etter hadde ho stort Bal med aa faa upp Døri; men sistpaa kom ho daa ut. Som vel var hadde ho teki Skiene sine inn um Kvelden; no tok ho deim paa seg i Døri og kom seg aat Fjose. Digre Fennar var ihopblesne millom Husi, so det var Uraad aa gaa skilaus. Med Staven og Nevane grov ho seg inn til det ventande Dyre sitt.

Gulltavla stod rautande paa Baasen og hadde ingi Naud lidi, berre svolti var ho, fææælt svolti! Buh! Mari var fjaag ho saag Kui var heilskapa; og all [120] Hugsott vart burte naar ho hørde Gulltavle og tok til aa stelle derute. Ho song og prata og kjælte for Tavla si; og Arbeide gjekk so lett.

Ho hadde dregi ihop nokolite Mjølke dei siste Dagane, og no vilde ho koka Mysmør uppi Fjosaaren, so hadde ho Selskap; Gryta stod der kor som var, og Ved hadde ho flust av. Det var ei ørliti Matbu bygd atti Stogo, og der hadde ho Mjølki. Ho maatte daa reka att og fram paa Skiene med Mjølkefati, og heldt seg so stram ho berre kunde i Fennane, so ho ikkje skulde slaa ned. Det var so morosamt aa fara slik paa Ski millom Husi, at ho vart reint i Syngjarlag. Vêre var fint vorti att; og her var so gilt aa stulle.

Gulltavla vart og i Godlag, daa ho skyna Mari vilde slaa seg til hjaa ho. Det hadde vori hustru for ho og um Natti. Vinden hadde ruska i Høye hennar og stroki yvi ho med kalde Gufs; for tett var det ikkje, det Fjose han Lars hadde stelt til aat ho.

Men best som Mari stod og tralla og rørde i Gryta, hørde ho det hoste utpaa Tune. Ho vart heit all igjenom. Det kunde ikkje vera Lars. Sagte var det [121] Grannar, som vilde sjaa um henne. Ho slette Haare sitt med Handi, og brette ned Stakken som ho hadde stutta upp kring Mjødrom. Huglegt, at her kom Folk! Ho gjekk aat Døri og hadde upp; men skvatt skræmd; ein svartleitt Framandkar stod like utanfor Døri og spende Skiene av seg. Kva kunde dette vera for ein! Ho tok seg til Bringa og saag raadlaus og rædd burt paa Gulltavle. So stod han i Døri; helsa blidt og spurde, um han fekk kvile paa litt; han skulde yvi Sjøen og ned aat Bygdi; men det hadde vorti so tungt Førre.

Ja, han fekk sagte det faa. Han laut koma inn i Stogo og stella seg der. Um det var nokon der inne? Nei, det var ikkje det; men han fekk berre gaa inn likevæl. Ver so god! Um ho var aaleine heime? Jau, ho var daa det. Ho gjekk aat Døri og vilde ha han ut. Men han var ikkje huga paa det. Gjekk berre aat Aaresteinen og sette seg attmed Varmen. Her var huglegt her, meinte han. Og ho skulde ikkje hefte seg burt.

Mari var rædd Mysmøre skulde svidast og laut stad aa røre i Gryta; han saag blidøygd paa henne. Ja sant hadde han <sup>[122]</sup> vori heppin, som raaka paa so hugleg ein Kvilestad! Og so ven ei Budeige! Mari var so rædd, at ho mest vart nòmi; men det lukta svidt, og ho rørde som for Live. Alt sveiv rundt for henne, og ho ropa i sitt Hjarte paa han Lars. Daa drog Framandkaren seg med ein Gong tett innaat henne og stirde henne inn i Augo, so ho kolna. Slike Augo hadde ho aldri set. Var han galin! Og so kjende ho eit Par sterke Armar ikring seg; eit svart Andlit bøygde seg yvi henne. Ho sleit og v Reid seg og ropa: «Gud hjelpe deg, kva vil du?» Daa kjende ho Skjegge hans oppmed eine Øyra, han kysste hende villt og sa: Du er ven!

Daa vart ho so fæli, at Knéi tok til aa skjelve under henne. No galdt det Live! Og ho saag seg hjelpelaus ikring, liksom leita etter Verje. Men han heldt henne fast. Daa skaut ein Tanke igjenom henne; og i næste Blinken slengde ho ei Sleiv med kokande Mysmør midt i Augo paa han. Han slog baae Hendane for Andlite og skreik i, so Gulltavle kvakk burti Baasen.

Mari visste ikkje av seg; ho fór ut; kippa Skiene paa seg, tok Stakken yvi Hovude <sup>[123]</sup> og sette paa Renn til Utgard. Men etter seg hørde ho ei Banning so stygg, at ho aldri visste det kunde koma so fæle Ord fraa Mannamunn.

Innanfor Døri paa Utgard seig ho i Uvit.

Men burti Viks-tune laag Fanten og krabba, og svor, so Snøen kunde taka Varme. Avstad laut han, halvblind og halvgalin som han var av Sviden; eit jaga Dyr var han! Den Satans Lensmannen! Det Satans Kvindfolke!

Daa Mari raadde med seg att og fekk fortalt det som hendt var, vart dei fælne paa Utgard. Men dei laut læ og. «Jamenn fekk han Augnesalve som var maate aat han,» sa Jon. «Og me som trudde du var karalaus uti der; men sjaa, kor ein kann mistaka seg!»

Mari laut læ sistpaa, ho og. «Ja no hev eg vore Sæterkulle i mange Aar; men neimenn um eg hev havt slik Friar fyrr; pføi, han skræmde daa mest Live av meg!»

Daa ho hadde kvilt og eti, fylgde Jon med henne uti Viki. Ho var so rædd daa dei kom aat Husi, at ho mest ikkje vann setja Føtar under seg. Ingin kunde [124] vita kva slik ein Fark kunde finne paa; enn um han hadde drepi Gulltavle! Eller um ho hadde blinda han reint? so han no laag der hjelpelaus? Gud hjelpe henne daa so sant; det var no ikkje noko ho mindre vilde, endaa so laakt som han hadde fari aat.

Men Jon trøysta henne. Han vaaga nok eitt minder enn aa røre Kui; han hadde vel nok paa Samvite fyrr, den Karen. Det for ingin slik i Fjelle dette Leite for det gode. Og Augo sine hadde han vel berga; Fan frir nok sine!

Og alt var som daa ho gjekk ifraa det. Mari vaaga mest ikkje tru det. Fjøsðøri stod vid opi, og det var sløkt paa Aaren.

«Rett klaarøygd hev han ikkje vore», sa Jon; Løypa gjeng som eit Sagblad etter han.» –

Men Mari var ikkje rett frisk paa lengi etter den Dagen. So snart det vart myrkt um Kveldane fekk ho det med Skjelte og var ikkje lik seg.

Uti Februar kom Mari ein Kveld inn fraa Fjose bleik og krokut og la seg paa Sengi. «Set ei Vatsgryte yvi Varmen og [125] skunda deg etter Kari», sa ho til Lars; «ho lyt koma strakst, er so ho kann.» Lars saag upp; og det gjekk ein djup Rodnad yvi Andlite hans.

«Er du klein?»

«Ja.»

Han kasta Trøya paa seg. «Berre ho kjem tidsnok.»

«Du lyt freiste.»

Og Lars strauk av Garde som han gjekk og stod. Aldri i sitt lange Liv hadde han vori so rask paa Fotom. Og daa han kom inn paa Utgard, var det berre so vidt han sansa aa bera seg aat som Folk; det var nære paa, at han skulde sagt Ærendi si med ein Gong. Men som vel var fekk han daa Vit og Hugs sovidt for seg, at han helsa og sa eit Par Ord um det tunge Føre.

Kari sat i Benken og spann. Ho saag upp og skyna strakst kva Ærend Lars for i. Soleis fôr ikkje han burt i Gardom for noko anna, ufjelga og i Arbeidsklædi, som han der stod.



«Ja sagte er det tungt», sa ho, «og du hev fare fort er det sjaaand'. Du maa sjaa du fær sitja.»

«Takk ej ska itte sitte hell;» han sette [126] seg yttst paa Benkesnippen og turka Sveiten av Panna med Luva: «Eg sku naa vera snøgg.» Han glytte burtpaa Kari; «det er nok so, at ho Mari er klein vorti.»

Daa var Kari uppe med ein Gong. «Eg kunde mest tru det.» – «Um det var so væl du kunde fylgje?» – «Ej fæ sagte det, er so du itte ha non betre.»

Lars var alt uppe att. «Ej tenkjer du gjer det; det er no itte fyste Gongen!» Aa nei, det var no alltid ikkje det. Ho kasta ein Stakk yvi Hovude med' ho rødde; sprang inn i Matbudi etter ein Ost og eit Smørstykke. Slog Rjome i eit Spand og stakk i Handi paa Lars.

So stod dei utfor Bakken, Lars fyrst, og Kari i Løypa etter honom. Dei gjorde Veggen paa ein Time.

Men daa dei kom inn i Stogo i Viki, hadde Mari født ein Gut.

Lars stogga midt paa Golve. «Ej meine du ha gjort det!»

Mari smilte der ho laag.

«Jamenn ha ej so,» sa ho; «ej tykte itte det va no aa vente med.» Daa saag Lars paa Kari; og ein stor Smil lyste upp i Augo hans. «Er det itte Fanken til Kjering, da,» sa han; «der renne me mest [127] Helsa taa øss, og so ha me itte no her aa gjera!» Han glytte burtaat Sengi; men fekk seg ikkje til aa gaa burtaat. Han snudde seg og gjekk ut. Men der ute hørde dei han kremta og snytte seg.

Ja no hadde det og hendt han! Lars var upp i Undring yvi seg sjølv; dette var so snodigt alt ihop... hm; der kom den forbaska Klumpen uppi Halsen att. Uti Vedskaalen sank han ihop eit Fang fin Tyrerot, strama seg so upp og gjekk inn og gjorde upp ein dugeleg Eld paa Aaren. Han saag ikkje burtaat Sengi meir. Det var so stilt burt i der. Han lét rett ikkje mykje i seg, den nykomne! Lars tykte rett det kunde vori snodigt aa høyrte Maale hans, um ikkje anna!

«No kom det væl med, at ej hadde vori med dej, daa du fekk Velt-Ola,» sa Mari, «ej hadde daa det Vite, att ej tok med meg aat Sengi det som trongtes. Ej hadde mest itte Von um at du sku kommaa tidsnok, sj' u.»

«Me sprang rett det me kunde,» sa Kari; «men jamenn ha du vøre fløi no, det ha du.»

So vart Lars sett til aa finne fram det store Trøge til aa vaske Baane i; og Kari fekk Arbeid. Daa Guten laag i Vatne [128] Raudblaa og skrukkut og gamall i Andlite vart Lars mest forfælt. «Men jø,» sa han; «aakken liknes denna paa daa; det va rett en onde' leg Krabbe. Men likevel so er du kaffityst no, tenkjer ej,» sa han og saag som snøggast burtpaa Mari.

Og slik Kaffi hadde Mari aldri fengi som den Lars no koka aat henne. Ho mest kikna or, daa ho tok fyrste Svelgen. «Jø, denna var sterk,» sa ho og saag blidt paa Lars. «Berre drikk; det gjer deg godt, og du hev lange tent han upp.» Lars lyfte upp Felden som var glidin ned paa eine Sida; og ho tykte det var liksom det gjorde so godt; det var mest som han strauk henne med våre Hender, endaa han ikkje kom henne nære. Herregud, kor gild han var! Og daa ho flidde han Koppen og takka var det reint som han med Vilje kom burti Handi hennar; og so smaalo han so godt og sa: «Itte aa takke for; hadde ej aatt ein Dram i Huse, sku du faatt han.»

Guten vart sjølvsgt kalla Vetl'Lars, og Lars kalla seg strakst Gamel-Lars, og var byrg som ein Hane naar Høna hev vorpi.

Med' Kari sat og stellte Baane vart [129] Lars burte ei heil Rid, og dei undrast kvar det var vorti av han. Men snart kom han att, og det med tvo fine Aurar han hadde teki paa Iskroken ned i Viki. «Ej va' huga til aa traktere Dykk lite,» sa han; «no skal me ha oss Sæterfisk, um det er aldri so mykje midt paa Vintern. Som vel er hev me Røme.» «Aa nei for fine Fiskar,» sa Mari; «og ja sant skal Ferskfisken smaka no; ej er so hòl og svolti som ej aldri skulde set Mat!»

Lars hadde skori upp Fisken og la Stykki turre i Gryta; straadde so Salt paa; henta eit Spand Rjome i Kammerse og slo yvi i Staden for Vatn; hengde so Gryta paa Skjerdingsgen og svinga ho yvi Elden. «Ej tenkjer detta skal bi lugom Mat aat dej,» sa han; «ein treng eit Grand ferskt, naar ein ligg soleis ja.» Mari fekk Taarur i Augo der ho laag. Det fanst ikkje Maken hans i den vide Verdi!

So tok Lars Guten og sette seg stilt attmed Aaren med han, med' Kjeringane aat. Han visste mest ikkje, koss han skulde taka i dette vesle Kreke; det var det vandaste Arbeide han enno hadde havt med aa gjera. «At det kan bi Folk av slikt!» sa han.

[130] «Aa jau, det skal full bi Folk,» kytte Mari, og hugnadsamare Dag tyktest ho aldri ha havt.

Dagen etter kom Gro og greidde Fjose. Mari sat i Sengi og stelte Guten sin sjølv, med' Lars gjekk og fann fram aat ho det som turvtest. Og han laga Mat og greidde i det heile alle Inne-Syslur so fint og lettvent som han aldri skulde anna ha gjort; og song og sulla heile Tidi.

«Og so at det vart Gut,» smaalo Mari der ho laag og godgjorde seg med ein rjukande Kaffikopp. «Sagte vart det Gut, naar ej fyrst vilde bry mej», lèt Lars og kasta med Nakken; og so bar det i Veg med ei ny Vise att. Guten fekk høre so mange Visur dei fyrste Dagane han var til, at han kunde ha nok for eit langt Liv.

Tridje Dagen kasta Mari Føtane utfyri Sengi og sette seg i Kvilekare: «Høsj, Gut,» sa ho; «no er ej like spræk; no tarv de ikkje bry dykk lenger.» Og fjerde Dagen var ho i Fjose att, og stelte Kui si, og fortalde henne byrg, at no hadde ho sitt undangjort; no fekk Gulltavle skunde seg og vera likso hæv; for no trong dei Mjølkl! Og Veslekaren inni Stogo vilde nok ikkje vente lengi paa Kamerat, um <sup>[131]</sup> ho skyna 'n rett; for det var framtøk Kar, maatte Tavla vita.

Men der vart enno ein lang turr Maanad fyrr Tavla kom med Kalven sin; og i den Tidi skiftet Grannefolke til aa bera Mjølkl ut i Viki.

– Utpaa Vaaren heldt Kari Utgard Vesle-Lars yvi Daapen; og der var stort Barnsøl. Alle Grannane kom med Sendingar, og Lars hadde sett upp eit lite Skur utpaa Tune, der dei koka og stelte. Og Huse var fullt av god, feit Mat som til eit heilt Bryllaup mest; og dei livde lengi i Fagnad og Glede.

«Detta skal ej gjera upp att, for detta ser ej løne sej,» sa Lars fjaag til Kjeringane, naar dei kom med Rjomegrautdallane og Bakelstinune sine. Og dei lo og riste paa Hovude. Han var same Karen som han hadde vori, han Lars. Men jamenn gjorde det reint godt aa sjaa kor hjarteleg fjaag han var; og det var um dei trudde Mari skulde faa Rett med'n Lars likevel; kann hende kunde han enno vinne seg uppatt i Verdi.

\*

Det vart ei lei Vaarknipe dette Aare. Vinteren hadde vori mild; men tok Mùnen <sup>[132]</sup> sin att no paa Vaarparten. Lite Høy var det allstad. Men minst i Viki. Snøen laag som han vilde liggje til ævlege Tidir; og Isen var metertjukk. Midt paa Dagen kunde Vaarsoli vera varm, so Fennane seig ihop eit Grand og vart blaa og vatstunge; men um Natti fraus det; og ikkje fyrr var det so vidt bernt kring Husveggjom vorti at ein saag nedi Bakken, so kom det ei Snørid att. Og so snødde det og snødde i Nætær og

Dagar. Daa vart det stilt i Stogom; og Folk gjekk tagalle og saag paa Himilen etter Vaar-Merke.

Det var ikkje hugnadsamt aa stelle i Fjose slik ein Vaar, naar Kyrne stod utarma og magre og raga uppi Baasom. Dei stirde mest Augo or Hausen paa seg etter dei stakars Høystraai, og rauta so underleg døyvt og saart. Dei skyna ikkje dette! Kui fekk dei ikkje Mat? Juvri slong under deim som tome Sekkir, og kvart Beine vilde liksom ut gjennom Hudi paa deim. Fælt og vondt var det aa sjaa.

Mari koka varm Drykk med ein litin Mjølneve i og gav Mose og Lauv, so vidt der hekk Liv i Gujltavla hennar. Ja um Kveldom gjekk ho ofte ut paa Vegem og sank Hestemøk og Høystraa og Mose som [133] fall etter Mosekjøringi. Alle som hadde noko att upp i Fjelle laut hente det heim no, fyrr Isen strauk; so der for jamt einkvan med Lass dette Leite. Og naar ho vaska upp Matkjerald, gøymde ho kvar Dropen av Vaskevatne; der var eit Grand Mat i det med. Men saart lengta ho etter Súmaren. Aa Herregud, kor godt det var aa kjenne Daamen av den fyrste Gror i Skog og Mark og høyre dei løyste Bekkine silre gjennom Lidi. Daa vart det Livberging for alle!

Men Vinteren er lang i Fjelle. «Me ha itte okke Vaar hell Haust og lite til Sumar med,» sa Folk deruppi; «me ha otte Maanar Vinter og fire Maanar Kalde.»

Og det var sant, sume Gongir. Det hende Sumaren var so kald at Grase snaudt vilde vekse; Fjellbeiti vart tunne og magre; og daa var det vondt aa vera til baade for Folk og Fe, og mang ein Mann ynskte seg i eit varmare Land. Men verst av alt var desse lange Vaarvikune som aldri tok Ende. Millom Von og Vonløyse livde dei daa fraa Dag til Dag; og den sterkaste kunde ofte misse Mode.

[134] Men lite og inkje sagde dei. Og vart det for gali, so var der berre ei Raad: slagte ned, so hardt det var.

Der gjekk dei. Saag paa Dyri. Og paa Høye som minka. Og paa Snøen som laag og laag. Slagte ned dei magre Beisti var stort Tap; og ein Gong *maatte* det daa besne.

Dei kunde sistpaa mest hata Snøen. Det var ikkje den drivkvite glimande Vintersnøen lenger; det som no laag var ikkje verdt aa heite Snø. Blaasvart, blaut, vatskald; berre Slapse! Men sjaa um han kunde vinne seg burt. Det kunde hende, at ein og annan vart utolug og bad han reise Hin og Den i Vald.

Til Slutt kunde Mari ikkje bie lenger. Ho tok til aa skufle Snøen burt i Tune og frammed Husi. So kunde daa iminsto Geiti sleppe ut; der var turre Straastubbar

fraa ifjor, som ho kunde gnaga, og Bork av Kvistehaugom, som laag att etter Kui naar ho hadde eti Lauve.

Men det var det store, at etter Vaar-Suti kom Sumar-Sæla, daa alt vondt gløymdest, daa vart det glade Dagar for baade Folk og Fe. Det kunde vera kaldvori og heller lite med Avlingi paa Gardom, [135] men so var der daa likevel Beite i Fjelle. Sjeldan kom det slikt Uaar, at det glapp.

Og sæl var den Maidagen, daa Mari fyrste Gongen kunde sleppe Gulltavle ut or Fjose og sjaa henne raga yvi Tune og inn i Skogen med Kalven sin. Ei stor Sorg var sløkt; ho var modig og full av Vonir att.

Det hadde hendt oftare i Vaar, at ho maatte burti Gardom og laane ei Høybyrd og eit Grand Mjøl. Alle skyna, at i dette Førefalle var det ikkje greidt ut i Viki, og ho fekk laane paa fyrste Orde. Lars heldt seg helst heime med'n Vesle-Lars; han var so trøysam, denne Guten; og ikkje var det Ver til aa fara paa Timberarbeid no. Det var so vidt ein kunde pusle litt med sitt eige. Fire Kvarv hadde han lagt upp til Nystogo; og no tok han til aa hogge ut til Glas; so jamenn saag det ut til aa verte Hus av. Det var Meiningi dei skulde flytja inn i det til Vinters att, gjekk alt vel.

Og Lars lika seg. Berre naar Mari sume Gongir laut gjeva han noko tunnare Kaffi enn han var van med, og det ikkje var so flust upp med Mat, vart han sur. Og Mari smaalaante Kaffi og [136] agta vel paa kvar Baune; sjølv var ho mest likesæl med Kaffien so han Lars kunde faa det som var. Ho hadde alltid vant seg so vidt paa'n, at det var kje fritt ho sakna'n; men heller vilde ho aldri sjaa Kaffi enn at Lars skulde misike seg; daa vart det so uhuglegt, her var mest ikkje livande.

Ein Dag kom det Bod fraa Bø, at Berit venta Lars til noko Arbeid i Sumarfjose. Ho hadde longe tala med han um det; og han hadde fengi baade Høy og Mjøl fleire Gonger der i Vaar, so det var no so, at han var Arbeide skuldig.

Men Lars drog fælt paa det, daa Bode kom. Det var rett so ulaglegt som det kunde vera no; det var det. For som dei saag, so heldt han paa aa byggje aat seg sjølv. Men, naar det var so at det var Naud paa, so fekk han vel gjera Berit den Beinka aa koma nokre Dagar likevel.

Lars laut ut so ugjerne han vilde; og Mari vart aaleine att. Men no hadde ho Vesle-Gut; so det var ikkje so stuslegt lenger. Naar ho hadde gjort fraa seg ute, var det aa taka honom i Fange og lata honom faa sitt. Og han vaks og treivst utruleg, Farken; og gjerne kunde han det, slik som han livde. Mjølki strøynde ned [137] i Halsen paa

han so han mest kovna; han drakk og svelgde, svelgde og drakk. Kvilde seg so ut i ein litin Blund; kvakk upp og tok til att. Heile Guten var berre ein umetteleg Munn, som saug seg fast i si søte Livsens Kjelda. I Fange til Mor, med Andlite mot det varme Bryste hennar, der var Himilrike hans. Mjukt og varmt laag han i Armekroken; og Hendane til Mor heldt so vårt og godt ikring han. Betre unde han vel her enn i den vesle Vogga som hekk i Tøg under Slindri, endaa den mjuke Sauefelden var varm og god den med.

Og Mari tykte ho trong so vel desse Kvilestundine med Guten sin. Ho kjende seg nok tom og svolti naar ho hadde metta han; og trøytt var ho jamt, naar ho sat med han. Men det var ein god Trøyttleik; mest som ein lett Svevn. Ho fekk geispe so godt; og Tankane sveiv liksom burt; ho ynskte inkje noko paa Jordi. No naar Lars var burte la ho seg paa Sengi med Veslegut, med' han fekk Drykken sin; og so somna dei baae; og Mari kjende seg sterk og kvild, naar ho stod upp att.

Dei hadde fengi tvo Mjølke-Geitir no. Og den velsigna Geiti var so lett aa føde, [138] og Mjølki ho gav var so rik og feit, at um Mari ikkje hadde stort anna til Mat um Dagen enn eit Fat Geitemjølke med eit Grand Flatbraud til, so greidde ho seg. Endaa ho sagte nok kunde havt Hug paa eit Grand Furkonmat stundom. Litt Ost og Smør hadde dei nok, men det var heller lite no, so lengi der ikkje var likare Beite aat Kui. Og so maatte ho draga ihop eit Grand, so her ikkje var matlaust naar han Lars kom heim.

– Dagen etter at Lars var strokin stod ho i Vindauga og stirde ut-yvi Sjøen. Ein kunde sjaa, at Soli fekk Magt no etterkvart likevel; for der var blaa Flekkir all Stad ut-yvi Isen, og Køyrevegen laag som ein svart Strik utigjenom. Det var godt aa sjaa, at der var Vatn paa han. Avfall av Moselassi og Hestane tærde paa Isen, so han gjekk fyrst etter alle Vegar. Skal tru han var køyrande? Det var lengi siden ho saag nokon Køyrar no. Men gangande var han no allvisst. Den som berre kunde koma ut eit Grand. Men ho slapp vél for det no, ho san. Vesle-Gut, maa tru...

Men kva var det? So sant kom der ikkje ein Skyts utpaa Isen. Kven kunde [139] no det vera? Ikkje var det Mose-Køyrar; for dei hadde Langslede, og detta var ein Husk, sovielt ho kunde sjaa. Men ikkje kunde ho skyna kven det kunde vera, som for soleis midt i Yrkja. Skulde det vera Lensmanns-Skyts tru? Nei; – Lensmannen hadde ikkje noko uppi her aa gjera. Og han for no elles jamt i Slede Lensmannen. Meinte ho ikkje der var tvo i Husken! Jau so sandeleg. Kar og Kvende. Ho stirde so Augo vatshagla. Dette var ho rett forbina paa.

Skytsen strauk framum Nese og sette aat Utgardsvegen; da vart ho reint fortustra. Ja sant fekk dei Framandfolk idag paa Utgard; det fekk dei! Midt i Yrkja! Og ein var daa ikkje budd paa Framande soleis no i Førefalle! Hadde det so sant ikkje vori Guten, so jamenn skulde ho snerta seg burt og hjelpt henne Kari eit Grand; det skulde ho. Kari trong so vel um ei Handsrekkjing, alt det ho hadde aa gjera. Det var jamt so, at Kjeringane paa Storgardane hadde det vel so stridt som andre. Hadde dei meir under Hendom, so hadde dei meir Arbeid og.

Doktarskyts kunde daa ikkje dette vera? Var det likt; hadde nokon vori so klen [140] uppmed Sjøen her at dei trong Doktor, so hadde ho sagte visst um det; so vori spurdest snart. Mo-Gubben hadde nok vori skral i Vaar; men ikkje var det noko aa hente Doktor etter, det nei. Han var ikkje sjuk, Gubben; hadde aldri vori sjuk i si Tid, men utgamal var han, og Tidi var komi, daa han ikkje meir kunde gjera i Verdi; og daa fekk ein sagte døy; det vøre ikkje vel elles. Men ikkje trong ein Doktor til aa døy, naar alt gjekk rett til. Nei, til Utgard strauk desse, kven det no var; ja, kven kunde det vera?

Ho var so teki av dette Storhende, at ho mest som i Ørska sette seg og gav Guten; og daa ho reis upp att, var det som Føtane hennar tok til aa gaa av seg sjølv; og fyrr ho rett visste av det, gjekk ho fjelga og flidd paa Vegen til Utgard med Vesle-Gut i ein Sauskinspose paa Ryggen. Og ho var mest sprengd daa ho stod paa Tune der. so fort hadde ho gjengi, og det reint i Ansløysa.

\*

Det rauk friskt or Skorsteinen i Nystogo, daa Mari stabba oppyvi Utgardsbakken i det tunge Føre. Kaffien var i [141] Svingen, det var lett aa sjaa. Ho kjende mest Lukti. Jamenn var ho so sliti, at ein Kaffikopp skulde gjera godt. Ein saag liksom paa Røyken, at der var Framandfolk i Tune. Blaa og lett steig han ende tilvørs, og hadde liksom so annvint. Ho gjekk rak og rask dei siste Stígi øvst i Bakken; ingin skulde sjaa, at ho var trøytt.

Men daa ho kom innum Døri, vart ho standande aa stire og gløymde mest aa helse. Uppi Benken sat ein Mann so fin, at ho aldri Maken hadde set. Og attmed honom eit Kvende, – ei Frue maatte daa dette vera.

Aa du Merakkels Tid, so fin ei Frue! Ein Hatt hadde ho paa Hovude med ein Krans av Blomar so fagre og livande, at Mari tykte plent ho kjende Angen av deim. Det var som ho skulde ha teki upp ei heil Tuve med Geiterams og Balderbraa og sett paa Hovude sitt. Og Silkeliv og Gullnaal og Gullkjæde. Og Ringar paa Fingrom med

store grøne og blaa Steinar. Og Silkeband og Taggar; og so mykje snodigt Smaakrams baade her og der, at Mari aldri visste aa nemne det. Og Haare krullut plent som paa ein Sau. Men mest laut Mari stire paa Andlite hennar. Koss kunde [142] det hava seg, at ho var mjølut vorti? Hadde ho alt vori paa Stabure? Og Mannen hadde eit raudt Band kring den høge, kvite Stivekragen; og i Bandknuten lyste ein Glimstein. Haare hans var so stutt som paa ein vaarklipt Bukk, og tunnt so det lyste innpaa Skinne. Alt dette saag Mari i ein Augneblink.

Men endeleg tok ho daa til Vite og helsa. «Aa nei, er du og ute og fer i dette Uføre?» helsa Kari, som stod raud og varm burti Aaren og steikte Vaflar. «Du maa sjaa du fær sitja. – Og Storkaren sjølv meine' ej du ha med dej og!» Mari smilte. Ja sagte hadde ho det. Han hadde no alt lengi traatt etter aa sjaa til Utgard, han og, sju. Men elles sku dei no ikkje sitja hell'. Dei skulde berre vera snøgge, var det Meiningi. Men Kari gjekk burt og tok til aa snøre upp den lange Ulllisti som Guten var fastsurra med, og tok han og saag paa han. Aa jau; sagte var det Kar vorti! Ho kjende han daa mest ikkje att; so hadde han vaksi desse Vikune. Mari sette seg byrg og smilande i Aarebenken og rulla Lista ihop. Aa ja; ho trudde mest han var annleis vortin no ja;, jamenn kjende ho det baade i Rygg og [143] Akslir, at ho hadde bori han. Men Kari maatte til med sitt att; og Mari fekk Guten i Fange og tok han or Posen. Alt i eit maatte ho gløtte burtpaa dei som i Benken sat; og no kunde ho ikkje berge seg lenger. «Han va full itte mykje god Isen nedetter Vega idag?» sa ho blid; «ej saag de kom nedanifraa.»

Men Mari sette endaa større Augo, daa Mannen let upp Munnen og svara: «Oh jes, han var god nok;» ho raudna og var aat aa gløyme all Folkeskikk og læ han ende upp i Augo. Kvar i Verdi var den Karen fraa, so snodigt som han tala?

Han tok til att: «Men det gaar langsamt i Gamle-Lande. I Æmmerikka er me annleis vand.»

Daa opna Frua Munnen, ho med. «Oh jes!» Og Mari saag det ho aldri fyrr hadde sett: Tennar av skinande Gull hadde Menneskje! – «Aa jø; er de radt ifraa Ammerika,» sa ho forbina og stirde.

Ho hekta upp Kjolen; Guten hadde vakna no, daa han kom or Posen og ikkje huska seg paa Ryggen lenger, og no melde han, at han var svoltin.

«Ja du undrast sagte paa desse Folki, du Mari,» sa Jon, som var innkomin, «og [144] meir forbina vert du fell', naar du fær høyre kven det er. Det er han Tore, dette, og Kjeringi hans, – anten so du vil tru det hell' itte.»



Frua dutta Mannen sin i Sida og kviskra: «Kjeringj hi, hi!»

«Aa nei du segje no itte det,» sa Mari; ho vart sitjande der med Live opphekta og gløymde mest aa leggje Guten innaat; den vesle laut segja fraa heller kvasst endaa ein Gong. Daa bøygde ho seg ned og let han faa sleppe til. So vart der Fred for honom. «Aa nei, so du er heimattkomin no!»

Dei tvo i Benken lo. Jamenn var han so. Han vilde heim og sjaa att Gamle-Lande og Bygdi si. Sjaa koss dei staaka og livde her. Men Mister Johnson maatte baade graate og læ, naar han saag, kor reint likeeins her var i alt. Utan Umbrigde og Framgang. I Æmmerikka var der alltid Framgang. Altid fiks Bissness og alltid plenty Monni. Det fyrsta han maatte undrast paa her var, at Folk ikkje hadde Pengar millom Hendane, men livde av «Guds Gaavur» som i gamle Dagar.

«Me vante'no itte noko, um me itte ha so mye Peng' just,» sa Godfar. <sup>[145]</sup> «Jamenn live' me bra, det gjer me. Me hev Helsa og me hev Mat, og varmt Hus, og me hev no Klæde og, um døm itte nett er so granne;» han saag burtpaa Frua.

Men Mister Johnson blès. Mat, Hus, Helse! Kva var det. Nei; utan Pengar var det ikkje verdt aa liva. I Æmmerikka gjer dei alt i Pengar. Jordi vert drivi med Maskinar, Ost og Smør vert laga med Maskinar, ja Kyrne vart til-med mjølka med Maskinar, og Bonden sitt berre og tek inn Pengar. «Plenti Monni; nok Pengar, forstend du.»

Kvinnfolke berre glaapa. Og Mari undrast paa, koss i Verdi ho no skulde minnast og bera rett heim alt dette til han Lars. Godfar sat i Høgsæte med sitt rolege Andlit og lydde stilt. Saag paa Sonen sin no og daa, liksom han leita etter noko i Andlite hans. Ender og daa drog han paa Smilen: «Kva brukar Bonden Hendane sine til i Ammerika daa,» sa han stilt. Mister Johnson lo: «Til aa klappe Ledyane med,» sa han skjentesam og vilde strjuka Frua si yvi Kjaken. Men ho slog han yvi Handi og lo: «No no!»

Mari vart reint bljug. Tenk sitja slik aa fjasa midt paa ljose Dagen, – gamle <sup>[146]</sup> Menneskje! Ho laut reint slaa Augo ned, der ho sat. Godfar meinte, at det vart full' eit keisamt Arbeid paa Lengdi, det med; og dei lo alle.

Men Godfar vart snart aalvorsam att. Og Andlite bleikna og vart kvasst i Dragi, etterkvart som han rødde med denne Sonen, som han ikkje kjende att. Han vart som so hugsjuk; kjende seg med ein Gong gamall og einsleg, der han sat.

Mister Johnson og Frua hadde ein Son med seg og. Han heitte Abraham Lincoln Johnson, og var ein overlag stram Kar. Vatskjemd var han, so det skein i det ljose Haare hans; og Skil hadde han midt etter Hovude som ei Gjente; og Krage og kvite Armringar; og Brók so trong, at det saag ut som ho kunde rivna berre han rørde paa seg.

Han kann no ikkje gjera mange Hopp i den Broki, tenkte han Veslelvar uppi Trøen, som var komin ned med Far sin og vilde helse paa Framandfolke. Han var so vidt tilkomin, han Ivar, at han saag etter Leikebror, so snart han raaka ein Smaagut; Abraham Lincoln var 14 Aar; men Ivar hadde gissa paa 10 der han sat og tok Maal av det nye Syskinbaane sitt.

[147] Alt TrøFolke var no komne ned etterkvart; og der vart som eit heilt Gjestebod paa Sluten. Stogo var mest full. Borni sat i Rad uppi Benken tagalle og bljuge. Berre ender og daa vaaga dei seg til aa glytte burtpaa Farbroren og den naudfine Frua hans; ho var fødd i Amerika og kunde ikkje norskt, ettersom Tore fortalde.

Daa dei hadde eti, reiste Missis Johnson seg og vilde ut aa sjaa paa Garden. Jon og Tore fylgde. Godfar sette seg burtaat Aaren og kveikte Pipa etter Maten. Han saag paa Sned etter dei, daa dei gjekk og det var reint stillt ei Rid. Men daa dei vel hadde fengi Døri att etter seg, sa han med ein ørlitin Smil i eine Munnviki: «*Det va Hatt det, ja.*» Tungt og seint kom kvart Ord som han hogg dei i Stein. Det var so snodigt aa høyre, at Mari gløynde seg reint og sette beintfram i aa læ so det song i Stogo. Og Kari laut læ, ho med. Dei turka Augo, smaalo og undrast: «*ja, det va Hatt det, ja,*» tok dei uppatt. Jamenn var det so. Koss i Verdi fær dei til slikt? Ja seg det?

Men um Vinteren, kva tru dei daa brukar paa Hovude, Kvendi i Amerika?

[148] Godfar tok eit langt drag av Pipa. «Aa daa... pah... daa ha døm fell' ei Snøfonn paa Hugu, daa.» Og dei laut læ att. Ja, det skal du sjaa!

Daa Folke kom inn att, fraus Missis Johnson so ho blaana under Mjôle.

«Du klæ' r Kjeringi di for kleint, Tore,» sa Godfar, «du minns no fell kor svalt det kann vera um Vaarom uppi her.»

Men Tore kunde fortelja, at i Æmmerikka var det ikkje Skikk at Kvinnfolki hadde so mykje Klær paa seg. Helst skulde dei hava so lite som Raad var paa seg.

«Daa fær ho lære ny Skikk her, er ej rædd,» meinte Godfar, «er so ho vil agte Helsa si.»

Men Tore trudde nok det skulde greide seg den Stundi dei var her. Det vart no ikkje lenger kor som var.

«So du... tenkje' dej yvi att?» Der gjekk ei Hetefloge yvi Andlite hans Godfar.

Ja heime hadde han ikkje tenkt aa verte verande. Men han vilde freiste aa gjera eit Grand Bissness her, fyr han strauk att. Han var noko som ein Handelskar vortin, maatte dei vita, Agent dei kalla; og han [149] handla med ein Maskin, dei kalla Separator. Dei Bøndane som hadde ein slik Maskin kunde bli rike paa eit lite Bil; for den var soleis laga, at naar dei lét Mjølki gaa igjenom'n, so fekk dei dubbelt so mykje Smør av ho; og Smøre, det var no Bondens Gull det, maatte dei hugse. Det var Pengar beint fram; og Pengar var det ein laut hava; for Pengar fekk ein alt i Verdi. Dei bisna alle. Men Godfar sa vantru: «den Maskina va ej huga til aa sjaa; endaa ej ha no alltid livd godt med det Smøre me ha havt.»

Ja dei skulde sagte faa sjaa ho. Han hadde ei standande nedi Bygdi hjaa Handlaren, som hadde teki paa seg aa gjera Freistnad med ho nokre Dagar, so Folk kunde faa sjaa.

Mari glaapa: «Fær ein dubbelt so mykje Smør, segjer du?»

Jamenn fekk ein so. Det kunde Mister Johnson kavere for.

Og Kari meinte, at det stod ikkje paa daa. For neimenn um ein hadde formykje Smør nokongong; i Vintertidi kunde det bi lite nok, og det um ein hadde nokso fin Buskap.

«Og Helvti so mykje Arbeid,» sa Mister [150] Johnson, han var heilt oppglødd vortin; det vart ikkje noko Arbeid aa rekne for mot det som dei no hadde med det gamle Stelle! Ein berre rende Mjølki uppi ein Saa, eller ei Bytte aa kalle, og drog paa ein Veiv i nokre Minutt; so fekk ein kvart Rjomegrand utor ho, og so kunde ein kjinne med ein Gong og brenne upp alle Bunkur og anna Merakkels, som dei no gjekk og sleit og skura paa.

Kvinnfolki vart upp i Under. Bunkeskuringi var det verste Arbeide dei hadde; og jamenn kunde det vera godt aa bli fri den; so dei var rett forvitne etter aa faa sjaa den Maskina; det var dei.

«Berre vent,» sa Mister Johnson, «her skal snart bi annan Skikk paa Gardane; det lovar ej.» Med rett Bruk kunde det bli Stordrift her paa Gardane, og Meieri og altslag.

«Ej er so fortustre,» sa Mari, som hadde lytt med opin Munn paa alt dette; «og det trur ej no visst, at han Lars vil ha sej slik ei Maskine; han ha no støtt slik Moro av alle sovorne nye Greiur. Han ha lenge kjytt paa att 'n snart vil faa sej ti ei av desse Slaamaskinan han ha sett avteikna hjaa 'n Paal Osen.»

[151] Kari saag upp. Det maatte no vel vera Skjemt ho for med no? Men Mari sat der reint aalvorsam. Daa svara Kari berre: «Kann hende det, du.»

«Ja,» sa Mari; «dei skal løne sej so ytlig, dei og!»

«Det er gjerne noko i det; men daa lyt ein no ha Hest.»

«Ja det veit du,» svara Mari; «det vil 'n no ha lel, naar det li' paa.»

Kari hadde nok høyrst, at Tru kunde flytja Fjell; men at Mari skulde faa gjort slik Kar av han Lars, at han fekk seg Hest og Slaamaskine, det vilde ho no sjaa fyrst.

– Det leid paa Dagen; Mari stellte Guten sin, fekk han inn i Sekken og slengde Sekken paa Ryggen so lett som det var ei lita Skreppe. Snørde han so fast med det breide Ullbande, so han vart hangande som i ein Sele med Band i Kross yvi Ryggen og under den vesle Enden. Berre Nasetippen stakk sovidt fram under Turklæde; han lika seg so vel soleis paa Ryggen; det var som aa sitja i ei Huske; og han somna gjerne sosnart Mari tok til aa gaa. Det var framifraa greidt aa bera Borni so; for daa [152] hadde ein Hendane frie og kunde nytte Tidi til aa binde med' ein gjekk; inne vart det so lite Tid til aa sitja med Bundingen.

Men det var sant; Mari hadde regtig ei Ærend; den hadde ho daa mest gløymt burt. Det var um Kari kunde vera so hæv aa laane henne ein litin Sukkerklump, til han Lars hadde vori hjaa Handlaren. Det var so ille at han ikkje skulde faa ein Sukkerbit til Kaffien, naar han kom heimatt um Laurdagen, maatru. Jau; sagte fekk ho det faa, sju. – Det er fyrste Gongen ho laanar sovori, tenkte Kari, daa ho gjekk aat Kleven etter Sukkere. Jamenn hev dei greidt seg utruleg.

So fann ho fram ein litin Geitost; den skulde no lætst vera til Vesle-Lars fraa henne Godmor. Og so ein fin litin Smørklepp til aa faa Osten ned med. Mari var reint yvigjevi. Dette var no reint for gali. «Det er rart med det; du hev no berre ei Ku, du,» sa Kari. «Ja du veit det; men som vel er, so fær me no snart tvo. Elles er' a no so flink til aa mjølke, Gulltavle, at det er reint svært.»

«Kanske det du. Endaa det er fell' itte mye Høy uti hjaa dø, hell?» Men [153] Mari kytte. Det var rett utruleg bra med Høy enno hjaa deim, det var det; og Mose og

Lauv hadde ho flust av. Og so slikt Høy daa! Det var so feitt og godt, det Lars slog i Utslaattom, at Mjølki vart mest som Rjome av det. «So ho nauve' nokk itte den Megga mi, sju.» «Nei nei,» svara Kari spak; «det stend itte paa daa.» Ho tenkte paa, koss ho sjølv maatte spara paa Straai no um Dagom.

So stod Mari utfyri Bakken med Guten paa Ryggen og Ost Stakken; den hadde ho teki uppum Live paa seg. Og mett og fjaag var ho, og, og full av nye Tankar.

\*

«Soli lyser likt for fatigt Folk og rikt.»

Tilsist fekk daa Vinteren Ende dette Aare med. Ved Midsumarstid stod Skogen vaarfrisk og grøn; Bjørki fekk endelig sprette og Lidine grønka smaatt i Senn.

Inn i dei laage myrke Fjosi vart det Uro og Lengt. Gjennom Sprekkur og Sprottar seig Lukt av Mold og Gror inn, og gjennom dei smaa, grøne Glasi strøymde Vaarsol i breide Baarur. Den milde Vaarlufti <sup>[154]</sup> strauk som varme Hendar yvi magre Ryggir og slunkne Svangar; det krisla underleg i Hud og Haatt og vakna i dei sloknande Livsvonir.

So snart dei fyrste Straastubbane stakk upp ikring Husi, vart Dørine upplatne, og ut i den solljose Dagen raga Dyri fraa Baasar og Bingar. Unge og gamle, store og smaa klemde seg innpaa kvarandre i Døri, sanselause og ville, og Tull i Tull, hovudstup, halvblinde, øre kom dei veltande ut, datt paa Kne, reis uppatt med Rykk og Spark, sette paa Sprang med Rova ende tilvérs eller rett ut som ein Stake, tumla i kvarandre, um kvarandre, yvi kvarandre, att og fram, gjekk attlenges, tok Spennetak i Bakken og stangast, sette Horni i Moldbakken so Jord og Stein spruta, rota, snufsa, rette Hovudi til Vêrs, bles upp imot Himilen; Vaaren gjekk dei som sterk Vin i Kroppen; dei var galne av Sumarlengt.

Men etterkvart som dei fekk Vite att, stilna dei, rette Nasane ut og vêra mot Fjelle og ut-yvi Sjøen. Var det no visst, att alt var retteleg i Gjerdom aat det sæle Sumarliv i Mork og Hei? Nei; i Høgdir og Skar laag kvite Fennar og lyste i Soli; <sup>[155]</sup> der uppe hadde Vinteren ikkje enno slept Take; det var best aa vera i Heimemorki enno eit Bìl.

Men Sjøen var or Bandi sloppin og laag som eit blankt Auga etter ein god Svevn. Aasar og Lidir spegla seg; og naar ein skauv Baaten fraa Land, var det som aa glide ut i lause Lufti. Fjell ovanntil og Fjell dernede; lette, drivande Solskyir gjennom heile det ljustindrane Eventyr-Rom.

Stille, solvarme Dagar kom med Lokk og Leik fraa Morgon til Kveld i dei svale, angande Skog-Lidir. Men um Natti, naar alt var kvart, daa vakna Villdyri paa Viddi, og elskhugsjuke Skrik skar ut-yvi Hei og Sjø. Deruppe gjekk Kjempor ihop, og Livsens ville Leik rasa i Blodeim og Brand. Berre dei siste skoddekalde Timar fyrr Soli rann var alt i djup, tung Svevn; daa vart den sprukne Klang av ei einsleg Hestebjølle til Ljom millom Fjelli.

\*

Mari hadde vori mykje burte paa Arbeid i Gardom i det seinste. Ho var so hendt til alle Slag, og so trøysam aa [156] lettliva aa ha i Huse, at ho var velsedd kvarhelst ho kom.

Ein Dag kom det Bod fraa Kroken, at Mari maatte gjera vel aa koma og hjelpe til, for Eline var død. Mari vart reint forandra, der ho sat. Aa nei so det vart so braatt slutt med Eline, stakkar. Ja, sagte fekk ho daa freiste aa hjelpe til det vesle ho kunde. Lars greidde alltid Fjose; han kunde mjølke naar han vilde, og han hadde fengi Smak paa aa vera heime no, so han sa ikkje noko um at Mari drog ut og tente eit Grand. Og for henne var det Moro aa koma ut; ho var van med stort Hus og stort Stell, so det vart heller stuslegt for henne etterkvart ut i Viki.

Daa ho kom gangande til Kroken, var det alt folksamt der.

Den nye Doktaren nedfraa Bygdi var komin, og han Ivar nedi Trøen og ein av Gutane hans like eins.

Kroken var øvste Plassen der det var vinterbuande Folk. Eit Stykke ovanum var der ei liti Sætergrend. Men der kom ikkje Folk fyrr etter Midsumar. Elles var Utgard næraste Grannegarden; dit gjekk ein paa ein Time.

Anne Kroken hadde aldri fengi seg til [157] aa tru, att det var faarlegt med Eline. So vidt krimfull kunde ein no sagte vera; det «stakk itte aat Liva» det, meinte ho. Endeleg skyna ho likevel at det vart Aalvor, og so fekk dei Ivar til aa fara etter Doktor. Men det tok tvo Dagar aa faa han dit upp; og daa han kom var Eline slokna,

No laag ho i Sengi med ein kvit Duk yvi Andlite, og Mari maatte til aa vaske og stelle so snart ho hadde eti. Og no fekk ho sjaa det ho aldri hadde trutt: Doktaren sjølv tok til aa pynte og vaske som han aldri skulde ha gjort anna. Ho hadde nok høyr, at han var ein Raring, og hadde mange underlege Gjerdir; men dette –! So vorne Folk var daa gjernast finare paa det enn som so. Han var nyst komin til Bygdi, Doktor Wang; i mange Aar hadde han vori i framande Land; men so var han

laak vortin, sa dei; og so kaupte han seg ein litin Gard nedmed Kyrkja og busette seg der; Far hans hadde vori Prest her i Bygdi ein Gong. Mange heldt han for ein Skrulling beintfram; og jamenn saag det ut til noko av kvart, tykte Mari.

So bar dei Eline ut paa Laaven, og Doktaren tok til aa regjere i Huse. Han <sup>[158]</sup> fekk upp alle Glasi, og sette Døri paa Vegg; so stelte han deim til aa vaske, baade Karar og Kvinnfolk. Ei stor Gryte vart uppsett ut paa Tune til aa varme Vatn i, og i Bryggepanna ut i Fjose hadde han deim til aa koke alt som kokast kunde. Han var so løgin og, at dei stundom laut læ, so gali det var. «Sistpaa lyt me koke henne Anne og,» sa han, «for ho vert ikkje grei aa skure rein.»

Og han tala baade aalvorsamt og skjemtesamt aat deim um denne Sotti, som her hadde teki so ven ein Blome i hennar bedste Bragd. Ned i Bygdi var Tæringskjuken longe komin, og hadde sume Stadir herja stygt alt; men her uppe var Eline den fyrste som vart henta.

Han tenkte med Sorg og Harm paa at heretter skulde dette gilde Folke hava slikt eit Sverd hangande yvi Hovude sitt. Det var som den fyrste kvite Sopprosa paa eit herlegt Byggverk. Ein kunde faa Hug til aa setja Verdi under Vatn og drukne all den Gift og Styggedom, som Menneskja hadde dregi paa seg. Me kunde brenne og koke og skure og kline med vaare fatige Fillur so mykje me vilde; ein Stad, i ein litin Sprekk, i ei Rift som Augo ikkje skilde <sup>[159]</sup> kunde det endaa gøyme seg eit Fræ, som saadde seg i Mannakjöt og avla Daude.

Løvur, Elefantar, Tiger, Ulv og Bjørn var Barneleik vorti for Mannen no; men Fanden hadde narra Menneskje til aa gøyme seg for Soli, og liva i urein Luft, der Myrkemagtine herja, Magtir, som Augo ikkje saag og Skôt ikkje beit paa.

Det ringaste av alt livande hadde sigra yvi det som gjævast skulde vera. Inkje Under at der gjeng ein stor, fæl Laatt yvi Verdi. Den som hev Øyro aa høyre med, han høyrer. Men han kann og høyre liksom Brus av eit Hav djupt nede; det er Graaten som ingin Laatt kann døyve ned.

Han saag paa Olav, som gjekk der med blanke, brennande Augo og smaahosta; næste Offer! tenkte han og knytte Hendane.

Gamle-Doktaren ned i Bygdi hadde mang ein Strid med Dr. Wang, endaa dei var Venir i Grunnen. Kva kann det nytte aa taka slik paa Veg, sa Gamle-Doktaren. Ein fekk taka Verdi som ho var. Det var ein Overgang. Vaarherre løyste nok upp. Kva sku' ein braake etter? Det var so mykje som reid Ungdomen no for Tidi. Ja her var

ikkje Ungdom no. Pinedø um her var. Og daa fær me Gamle slaa oss <sup>[160]</sup> galne, sa han, og tømde sitt Glas; elles vart her for mykje Dygd! Den som var Doktor i ei Fjellbygd, eller Skydsskaffar kunde ein segja, og rak etter Vegom i Kariol Natt og Dag, han hadde sovisst nok av vondt, um ein ikkje la paa seg det som ikkje annleis kunde vera. «Vi greier det sku' ikkje lel, Dr. Wang.»

Ein Gong gjekk dei mest ei heil Natt i Skogen og smaatrætta og erta kvarandre upp, og – vart betre og betre Venir.

Ein Doktor, sa Wang, kva var ein Doktor! Ein Doktor skulde ved alle Himilens og Helvites Magtar tvinge Folk til aa vera friske. Lære deim, at Sjukdom er Skam og Synd! Ei Udygd som var Roti til alle andre Udygdir! Ein sjuk skal og vera ei Skam for Doktaren. Doktaren skal lære Folk aa frelse sin Kropp, liksom Presten lærer deim aa frelse si Sjæl!

Men Gamle-Doktaren spurde sin «kjære Kollega» kva i all Verdi Doktorane daa skulde liva av? Liva av? Dersom Folk ikkje hadde so mykje Vit, at dei lønte betre ein Doktor som frelste deim fraa Sjukdom, enn ein, som berre gjorde Pina lenger, naar dei skulde døy, saa var dei ikkje Live verd, meinte Dr. Wang. Sjølv sagt skulde Doktoren <sup>[161]</sup> liksom Prestar ha Løn av Staten, so dei kunde gjera det Arbeide som trongst mest millom Folk. Sjukdom var noko Develskap, og betre var dei farne den Gongen dei stakk kvarandre ihel med ein ærleg Kniv, enn no, daa dei rotna burt i Sjukdom.

«Men Gudbevaremejvel, er De sindsvag, Kollega,» sa Gamlen, «det er sandelig godt, at det bare er mig som hører Dem.»

Men var Dr. Wang rar og uvyrdin i Munnen, so var han no ein god Doktor likevel, tykte Folk; kom han fyrst til ein sjuk, so var det reint som han slogst med den Vonde sjølv um'n. Han saag etter alt. Matstell, Reinleik, heile Livemaaten saumfór han, og so lengi der var Livs Von gav han seg ikkje; stundom var det reint som han gjorde Underverk. Men brysam var han aa hava i Huse. Og slik Rydjing og Reinsking som no hadde det daa visst aldri vori paa Kroken!

Anne sat berre reint handfalli og saag paa; rykkjomtil stridgret ho, og rykkjomtil skyna ho inginting. Kva vondt hadde ho gjort? Ho hadde daa alle Dagar gjort det so godt ho kunde for Baani. At Vaarherre kunde fara aat soleis! Taka dette <sup>[162]</sup> vene Baane fraa henne! Og slik som dei no fór aat i Huse etterpaa alt, baade brende og øydelagde! Gud hjelpe henne so sant. Ho bar seg verre enn ille; det var ikkje Gagn i



henne til noko Slag. Den som maatte greie med alt var Olav. Bleik og tagall gjekk han der med turre, blanke Augo og stelte og rettleidde.

Han vart liksom baade Mor og Far for den vesle Syster si. So audt og tungt som det var no, daa ho var burte! Han kunde mest ikkje tru det han sjølv visste og saag, at ho skulde vera burte for alle Tidir, aldri danse gjennom Stogo meir, aldri drive til Skogs med Kyrne um Morgonen, eller lokka deim heimatt um Kvelden; nei, han skyna det ikkje.

Kroken laag paa ein litin Bakke attmed Sætervegen; ein saag ikkje Husi fyrr ein kom mest innpaa deim, daa Veggen gjekk i tette Skogen.

Det leid paa Dagen, og Mari var paa Heimveg. Ho gjekk og tenkte paa siste Gongen ho kom fraa Kroken. Det var ein fin Sumarkveld, og her i Skogen møtte ho Eline med Kyrne. Mari hadde braastana og stirt, daa ho fekk sjaa den grøne Stakken og det raude Live millom Trei; [163] ho laut tenkja paa Huldri. Men so kom ho fram paa Stigen med Kyrne etter seg, ei etter ei i Rad, tunge og mette, kjælne og saltkjære. Og Eline hadde snutt seg imot deim og lokka med høgt, klaart Maal, stukki den vesle Handi si ned i Saltposen, som ho bar i Band kring Live, og Dyri rauta so langt og skunda seg fram aat henne, bles og snusa uppi Handi hennar og sikla av Fysne. Det hadde rett vori so vent og hugnadlegt aa sjaa! Mari sukka. Det var so reint vondt dette med Eline! At unge Menneskje fall burt hende som vel var ikkje ofte; ja ho visste daa mest aldri det hadde hendt oppmed Sirilsjøen fyrr.

Daa ho kom nedpaa Storvegen møtte ho Gro. Dei stana og helsa.

«Ja naa ha me flidd henne,» sa Mari, «og skura og vaska baade ute og inne.»

«Du kann sagte vera trøtt no daa,» sa Gro; «ska ej itte vera med dej et Stykkje aa bera Guten aat dej?»

Nei, Mari gjekk plent like radt, anten ho hadde han paa Ryggen hell' ikkje; nei, det var nok betre at Gro gjekk fram aat Kroken strakst; for han Olav var reint aaleine vortin heime no. Doktoren var [164] reist, og Anne var gjengi etter Kyrne. Dei fór reint villt, Krokkyrne no, stakkar, sidan dei hadde mist Gjætaren sin; dei laut hente deim lange Leidir um Kveldane.

Og jamenn tykte Mari meir Synd i Olav enn i Anne; det gjorde ho. Anne bar seg mest like ille ho, anten det var ein Sau eller eit Baan ho hadde misst. Det var nok som Folk sa, at ho var sprengd i si Ungdomstid ho, stakkar. Men Olav var Mari beintfram rædd for. Han syrgde seg baade mager og bleik.

Gro sukka. Ja, stakkar; det var visst so.

Dei skildest; tung i Hug gjekk Gro i Veg. Men daa ho kom nedunder Garden, vart ho so bringeklemd og graatsprengd, at ho laut setja seg ned. Ho vaaga mest ikkje aa gange fram; det vart so vondt aa sjaa Olav no. Alt var vorti so tungt og saart. Aa, kvi skulde ikkje Eline faa liva? Ho som hadde vori so hugleg og so gild? No skulde ein aldri raake henne meir, og aldri faa røde med henne um alt det ein kunde hava aa tenkje paa eller gleda seg i. Og som ingin andre maatte vita. Og syngja og lokke, sanke Bær og Blom; liggje i Solbakken og dorme med' Kyrne kvilte; aldri kunde det no bi soleis meir. [165] Aldri kunde ho bi so glad og sæl meir i sitt Liv. Olav var so underleg vortin, so tagall og sorgfull; ho skyna ikkje rett kva han tenkte paa. Stundom var det reint som han gjekk or Veg for henne. Ho visste seg ikkje Raad; naar ho tenkte framyvi var der Floke paa Floke. I Draumane hennar hadde alting vori som Eventyr; so ljost og fagert og lett og godt hadde Live vori; men no saag alt annleis ut. Utryggt og leidt var alt no, stengd paa alle Leidir. Eline død, og Olav so langt burtkomin. Koss kunde ho tenkje paa han meir! Graaten tok henne, og ho vart sitjande der; kunde ikkje faa Taarune til aa stana.

– Daa ho endelig kom seg inn paa Tune saag ho seg uviss ikring. Aa, kor stilt her var! – Ho gjekk vårt frammot Stogo, tordest knappt traa i Grase; det hørdest som so godt kvart Stige her i Stilla. Daa saag ho med ein Gong Olav. Han sat paa Laavebrui med Hovude bøygd i Hendane. Han rørde seg ikkje; det var som han sov.

Stilt og med bankande Hjarta gjekk ho burt til han. Olav! kviskra ho. Daa saag han upp; og Taarune losna; han [166] gret for fyrste Gong sidan Eline døydde. Sa ikkje eit Ord; gøymde Andlite att. Gro stod der hjelpelaus, visste seg ingi Raad. Uro og Otte tok henne; det sveid so saart i Hjarteroti, ho fylldest av ei Kjensle so sterk og stor, at ho fekk ikkje Ljod yvi Lippom. Skjelvande stod ho der og var seg sjølv so stor ei Gaate. Rædd stod den unge Kvinna løyst or Barnehamen; ho var vaksi vorti. Det hadde vori som Taarune var frosne i Olav fyrr desse Dagane; men no strøymde dei heite og stride nedyvi Andlite hans.

«Kom, kjære deg, kom!» kviskra ho, og tok eine Handi hans. Og han reiste seg og fylgde henne som eit Baan. Utan eit Ord gjekk dei i Veg, Hand i Hand i den stille Sumarkvelden; dei tok Stigen inn gjennom Skogen. Derinne var Liv og Song. Fuglar kvitra og kvad i Tre og Kjerr; alt vaks og tøygde seg mot Liv og Sol; alt var ungt, friskt og sterkt; fullt av sprettande Vonir. Og det stilna i dei tvo, som gjekk der tagalle og raadville.

Daa sa han endeleg: «Takk for du kom.» – «Aa – ej vilde kome fyrr; men – ej kunde itte.» «Det var best no likevel.» – «Ja, det var best no.» So gjekk [167] dei tagalle att ei Rid. «Bjørki stend so fin no; – soleis var ho.» Han braut ein sped, litin Kvist.

«Ja.»

«Me kunde kanskje ta' med øss nørre Kvister hem?»

«Ja... aat Eline.»

Han saag paa henne. «Ja. Ej hadde tenkt mej til aa byggje som ein Lauvsal.»

«Men det lyt du venta med – til seinare.»

«Ja. Men me kann taka noko Smaalauv no lel.»

So henta dei kvar Handi full. Gro bøygde seg ned: «Her er Solblom alt og.» Sanka so ein Krans Solblom og lagde attaat Lauve. Det reint lyste i Armane hennar. «So fæ me full' ga hem da?» Ho saag paa han, og ein vekjømeleg Smil drog seg yvi Andlite hennar. Han snudde seg halvt imot henne; dei stod Auga mot Auga: «Naa sa du hem att, Gro; det er andre Gongen i Kveld.» Ho vart raud og saag ned i Blomekransen: «Ja – hem aat dej.»

Han snudde seg burt att og vart vaat i Augo. «Det bi stusle' heme naa.» Daa sa ho endefram: «Ja – ei Stønd so.»

[168] «Ei Stønd?» Hjarde hans banka so ho hørde det.

«Ja – sea so bir det full' betre – kanskje.» Ho stana braatt og raudna att. Nei, koss var det ho gjekk og rødde. «Kjem *du* daa, Gro?» Han saag paa henne som han bad for Live, og Ordi kom viljelaust som or ei stor Rædsle. Daa vende ho seg burt; det skalv um Munnen hennar: «Det bir som du vil, det.»

Ho sa det stilt, stilt. Han svelgde og svelgde; kunde ikkje faa Ord fram. So gjorde han fri eine Handi si og fann burt i hennar millom Blomane: «Takk... Takk og Ære... kjære dej.»

Og dei stod der Hand i Hand paa Stigen; og dei smilte til einannan gjennom Graat, som vilde fram att; dei kunde ikkje raade sitt unge Liv...

– Paa Heimvegen sa Gro: «Naa trur ej Eline ser øss, trur du?» – «Ja, det trur ej.» – «Ho vilde det so gjenne.»<sup>[112]</sup> Han drog paa Smilen. «Hev de taallaa um det daa?»

Ho saag ned, og vart raud som Blod: «Ja ein Gong. Den Natti paa Burlofte.»

[169] So gjekk dei heim og reiste Lauvsal um Eline, og Gro gav henne ein Krans av Solblom i Handi. Ho bøygde seg ned: «No veit han det,» kviskra ho, og ho tykte so grant, at det gleid ein litin Smil yvi det vesle, kvite Andlite derinne i Lauvsalen.

\*

Daa Mister Johnson hadde vori heime til utpaa Haustparten, budde han seg til aa fara yvi att. Mest hadde han haldi seg nedi Bygdi; og det var Tanken hans aa koma att endaa ein Gong; han vilde freiste med ein Storhandel og eit Meieri nedmed Kyrkja.

Han hadde fengi selt fleire Separatorer der nede; men oppmed Sirilsjøen vilde det ikkje rett gange. Paa Utgard sette Gudfar seg imot det. Ikkje so lengi eg liver skal me eta blaa Mjølke her paa Garden, sa han. Og Jon vilde ikkje setja hardt imot. Men det hadde dei avtala, Tore og han, at naar Gamlen døydde, skulde der no verte gjort ein Freistnad baade med eit og anna.

Ein Ting hadde Tore fengi sett igjenom, og det var, at dei skulde byggje eit mykje større Fjos, innreidt paa onnor Gjerd enn [170] dei gamle. Dubbelt so stort skulde det vera, og ikkje av rundt digert Timber; men av noko dei kalla Reisverk. Det var so mykje finare og lettare; billigare var det og. Ein fekk hugse, at det tjukke Timbere i Skogen kunde ein gjera Pengar av; det fekk ein ikkje øyde. Til eige Bruk fekk mindre Stokkar gjera det.

Lars i Viki vart leigd til Timbrar; og han var so oppglødd for dette nye fine Fjose, at han arbeidde meir enn han hadde gjort paa lengi. Mange og store Vindaugo vart hogne i Veggjom, og det vart som ei Hall so gildt, baade ute og inne.

Godfar gjekk og saag paa deim.

Han riste paa Hovude ender og daa; men sa ikkje noko fyrr ein Dag Jon slog paa, at rettno kunde dei taka til aa rive Gamlefjose. Daa sa Godfar fast: «Aa lat berre det gamle staa, du; det kann bi godt aa ha, naar det nye dett ned.» Jon beit seg i Lippom og gjekk; svara ikkje.

Men det gamle Fjose fekk staa.

I det nye vart Buskapen sett inn um Hausten, daa han kom or Sætri. Men yvi Jol, daa Sprengkalden kom, fraus alting so det klaka i Nyfjose, og dei laut flytja Buskapen inn att i det gamle. Det fekk [171] vera som det var «t'art<sup>113</sup> so lenge.» Naar Buskapen vart noko større so vart Fjose alltid varmt nok; og større skulde han bi etterkvart, var det Meiningi.

Men Jon lika seg ikkje rett; dyrt hadde det vorti, dette store Fjose, og han var i Skuld komin for det same. Drifti laut bli større sku det greie seg. Og han sette paa Livkyr til han laut kaupe Høy; men det vart verre enn alt. Og det gjekk ikkje fort med aa faa inn Pengar; sistpaa vart det ikkje onnor Raad; han fekk freiste Sepperatorn lel. «Smøre skal snart betala Fjose, fær du berre Sepperator,» hadde daa Tore sagt.

Men daa Sepperatorn var i Huse komin, vart Godfar reint rangstellt. «Ej kann likso gjenne eta Bork, som den Osten de lagar av Sepperatormjølki,» sa han; og han vilde ikkje halda Matlag me dei andre lenger. Han trudde mest han hadde sopass i Garden, at han kunde sleppe aa eta Grisemat den Tidi han hadde att, meinte han.

Dei svara honom som dei hadde lært: at Mjølki var mest like god um ho var sepperert, og so mykje reinare var ho vorti, [172] og dermed helsugare, o. s. b. Men Godfar var like strid. Var det so at han fyrr hadde eti Lort, so hadde han allvisst havt godt av'n; for frisk hadde han vori støtt og sterkare enn nokon av dei som no vaks upp. 32 Tennar hadde han enno uskadde i Munnen, um dei alltid var noko stuttslitne av Flatbraude; og ustelt elles hadde han aldri vori paa noko Vis. Og ikkje hadde Borni hans vori klene ein Dag dei hell, endaa dei var oppfødde mest berre paa Mjølkk, som dei no kalla urein.

Det vart daa ikkje onnor Raad: Godfar fekk faa stelle seg sjølv. Ein stor Nymjølkbunke fekk han uti aat seg kvar Morgon, og Gjeitost og Smør. Kaffi og Fisk koka han sjølv.

Men Hugnaden var skipla i Heimen, og Godfar eldest fort etter dette.

Han lika seg ikkje sjølv heller. Med Arbeide gjekk det ikkje lenger som fyrr; meir og meir einsleg og burtgløymd gjekk han ikring paa den gamle Ættegarden sin og venta paa den store Kvila. Det svære, kvite Nyfjose stod liksom og spøkte i Tune, og gjorde det so uhuglegt og stygt paa Garden, tykte han. Det stakk so av mot dei gamle, graa Husi; det var liksom eitkvart som [173] med Braak og Staak hadde trengt seg inn og skipla Freden i den gamle Heimen hans.

Aari gjekk paa nytt sin rolege Gong oppmed Sirilsjøen. Uti Viki vart det folksamt etterkvart. Sovisst som Soli snudde fekk Mari eit Baan kvart Aar; men enno var den gamle, glisne Stogo baade Vinterog Sumarhus. Lars emna framleies paa Nystogo si; men dei siste Vintrane fekk han ikkje heim naame nær den Veden dei trong; og tvo Gongir var det no hendt, at dei Kvarvi han um Sumaren la paa Stogo, dei brende han upp um Vinteren. Det botna ikkje Ved i det gisne Huse, og so var der ingi Raad; Timbere fekk gaa i Aaren – til so lengi.

Otte Born og tvo Vaksne heldt no Hus uti den vesle Stogo. Der var ikkje meir enn ei Seng; i den laag dei sjølve, Mari med den minste i Armen; dei tvo næst minste laag andføtes nedst i Sengi. Under Sengi hadde Lars laga ei diger Skuffe; det var liksom ei Seng utan Føtar; den vart framdregi um Notti, og der laag tri rette Vegene og to andføtes.

Den fyrste Guten, han Vesle-Lars, var 9 Aar gamall no; men han var ikkje som <sup>[174]</sup>dei andre. Han hadde ikkje lært aa tala reint enno; ingin andre enn Syskeni og Foreldri kunde skyna kva han sa. Han hadde ikkje tala eit Ord fyrr han var tri Aar; og daa lærde han det av den vesle Bror sin, han Per, som var berre tvo Aar gamall. Men det Maale dei tvo tala ihop kunde mest ikkje Mari sjølv skyna. Fyrst daa dei vart ein 5–6 Aar vart det sovidt Greie paa deim, at ein kunde skilja ut kva dei vilde og meinte.

Mari hadde jamt ein litin ein aa stelle, og elles Hendane fulle av Arbeid, so dei som større var fekk greide seg som dei kunde best. Um Sumaren laag dei ned i Fjøra og fiska med ei Knappenaal eller ein avbrotin Krok dei hadde sankt upp etter Far sin, naar han hadde stelt med Fiskegreidune sine, eller dei laag ut i Baaten og kara seg rundt Strendom med dei tunge Aarune. Alt naar dei var 3–4 Aar stod dei i Baaten og rodde kvar si Aare, han Lars og han Per; ja Lars kunde sovidt greide baae; men daa tok han Spenntak med Føtom og la seg attyvi, so Andlite hans blaana og Augo stod stive i Hausen. Dei hadde ikkje Lov til dette, og Mari og Lars dengde deim kvar sin Gong, naar <sup>[175]</sup>dei fekk deim paa Landjordi att etter desse Ferdome. Slik otogta Ryss!<sup>[14]</sup> Dei enda ikkje fyrr dei bleiv baae!

Men naar Mari laut paa Bygdi, paa Arbeid eller Matlaan, og Gamle-Lars sat fast inne med dei minste, so var Baaten det fyrste Ryssen tenkte paa. Det kom aldri for deim, at der var noko anna som kunde hindre deim i aa ro utpaa enn Tanken um Juling naar nokon saag deim. Rædde var dei ikkje; den Blivingi Mor deira tala um skræmde allerminst. Det maatte heller vera Moro aa koma ned paa den fine

Sanngrunnen og leike med Fisken. Sume Gongir naar Sjøen var blank og Soli skein, la dei seg i kvar sin Stamm paa Baaten med Snøri sine og stirde ned i Vatne og let seg drive med Straumen; dei vart som tryllte av alt det rare dernede paa Botnen, og Tidi hugsa dei ikkje lenger paa. So kunde dei skvette upp ved det, at dei hørde Rop inne paa Strandi; daa saag dei rædde paa kvarandre og krabba seg framaat Aarune. Smaatt og traatt bar det daa innyvi mot Straffi som venta.

[176] Stor Moro var det og aa hengje paa seg Tægebær-Rovur og vera Troll. Dei batt paa seg dei lange Taagine med ein Hyssing kring live og drog deim etter seg. Aalvorsame og vyrdelege gjekk dei der med denne Prydnaden bak og kjende seg ovfine som rettelege Eventyrtroll. Dei vilde ikkje taka Rova av seg um Natti desmeir. Men noko av det aller morosamaste var aa «ligge paa Bussu.»<sup>115</sup> Dei hadde høyrte, at Rjupa og Røyi laag paa Eggi sine til det vart Kjuklingar av deim. Kurande still laut dei liggje so det vart varmt; daa vart det. Dei hadde fengi Tak i tvo gamle Tre-Kassur, som dei spikra upp i ei Toll<sup>116</sup> so vidt langt ifraa Husi, at ingin kunde sjaa det, og uppi der la dei ein Høydott og nokre runde, glatte Steinar som liktest paa Egg. Og so laag dei paa Steinane lange Ridir; skiftest paa og laag. Og naar dei laut inn til Kvelds, so breidde dei Høy og Mose yvi, so Eggi ikkje skulde kalna med Natti. Og dei trøysta kvarandre med, at det vart nok. Men fælände, fælände mange Dagar laut dei liggje. «Ja fælände mange Dagar» hermde dei minste. «Idag kjende ej [177] Egga tok til aa mjukne,» sa Per ein Dag, og Lars, som alltid tala etter honom, tok det uppatt. Daa hadde dei minste og skileg kjent, at Eggi tok til aa mjukna. «Kva Slag Fugl vil du ha?» – «Ej vil ha Røy.» – «Og ej vil ha Rype.» Men Vesle-Lars, den Spikarn, som stundom sa so reint urimelig løgne Ting, storskratta og hoppa og ropte: «Ej vil ha Aure!» Daa lo dei alle.

Og dei bygde seg smaa gilde Hus uppi Skogen med retteleg Mur til aa hava Eld paa, og Benkir av Mose til aa liggje paa. Eller dei bygde fine Gjeitefjos med Kongle-Gjeitir kring alle Veggir. Uppi desse Husi heldt dei seg jamt, og det hadde Mori ikkje noko imot; so var dei daa undan Hendane hennar. Um Sumaren greidde dei og mangt eit Matmaal sjølve. Blaabær og Moltur var der nok av eit Stykke fraa Huse, og sume Gonger fiska dei Smaakjøe innmed Strandi, og steikte dei paa Glo i Leikstogo si. Og dei livde herlege dagar.

– Mari var tunn vorti, og hadde fengji eit noko gamalvori Drag kring Munnen. Det ljose Haaret hadde og vorte tunt; for sjeldan hadde ho Stunder til aa fli det retteleg. [178] Det vart mest berre aa slette det framme med Massingkammen, og so stappe dei tvo smaa bustutte flettune oppunder Luva slike dei var. Naar ho so um Sundagsmorgonen tok seg eit Grand Tid til aa vyrdsla seg, sleit ho mest dei tunne

Flisene av Hovude, fyrr ho fekk Skikk paa deim. Men kva Raad var der? Meir enn tvo Hender hadde ho ikkje; og naar ho hadde stelt fraa seg i Fjose og hadde fenge Baani tilsengs um Kveldane, datt ho i Sengi mest slik ho var, og somna med den minste ved Bryste fyrr ho var skikkeleg nedlagd.

Grannekjeringane oppmed Sjøen hadde vori Fadder kvar sin Gong no uti Viki; Kari endaa tvo Gongir; og der hadde vori Gjestebod og Mathelg til kvart Barnsøl. Det Lars lika best no, var aa sitja attmed Aaren med ei Pipe i Munnen og vera «Baanfost».<sup>117</sup> Han var rett ganske velfornøgd baade med Vaarherre og Grannane sine. Og kjeringi var ikkje verst ho hell, neimenn um ho var; noko jaalut kunde ho vera, ho som andre Kvinnfolk; men jamenn kunde ho ha vori verre!

[179] – I det seinste var det elles liksom det gjekk noko meir traatt med aa faa Fadrar. Det var Bry og Kostnad med slikt, maa tru: Det sa seg sjølv, at den Kjeringi, som skulde bera Baane laut lata til Hest til Kyrkjereisi; og den tok tvo Dagar. Sendingsmat laut dei og føre med seg baade aat Kyrkjen og aat Barsøls-Garden. Ut gjennom Aari kom dei og desse Gudbaani og skulde helse paa «henne Godmor»; og Godmor maatte daa gjerne gjeva dei eitkvart Klædesplagge; ein laut og hugse Gudbaane sitt paa Aarmaalsdagar og elles naar det fall seg soleis. Og ingen kunde vita –; det saag ikkje rart ut med'n Lars; det vart vist ikkje anna enn Armod uti Viki, slik som det no bar i Veg med ein diger Ungeflokk og ein Gubbe, som vart latare og latare for kvar Dag som gjekk. Dei kunde daa gjerne faa desse Gudbaani heilt paa seg; det var det – maatru, at Gudbaani sine skulde ein hjelpe, um det galt paa; men det kunde ikkje alltid vera so greidt; kvar hadde nok med sitt, som Von var.

Naar dei skulde beda til Barnsøl, flidde dei seg som til Høgtids baade Lars og Mari, og dei tok seg ein Sundag til det Arbeide. [180] Tvo hell tri av dei minste hadde dei med seg; dei andre fekk eit Spand Mjølke og nokre Flatbraudleivar, og styrde so aaleine heime til dess Foreldri kom att burtmot Fjostid um Kvelden.

– Vel vart dei fagna med Mat og Drykk som Skikk var millom Grannar paa desse Ferdome sine, og naar dei hadde eti, og Lars hadde fengi Pipa kveikt, bar dei fram Ærendi si. Mest var det Mari som førde Orde; ho tok til so paa Lag: «Ja, det var no so, at me hadde Ærend idag, sju; det var det, at» – og ho saag uppaa Mannen sin, – «at han Lars vilde du sku' faa den Æra aa halde Vehl-Guten vaar yvi Daapen, denne Gongen, var so du var haavvaa til<sup>118</sup> det, ja.» Og Lars kremta og turka seg um Munnen: «Ja; ej hadde no tenkt, at det fekk bi dej denne Gongen; for slik Kar som denne ha me aller hatt; han tek itte kven som bydst denne Guten, maa du tru.»



Men det gjekk ikkje so beint alltid no. Kjeringane kvidde seg. Det var sagte gildt aa høyre, at dei vart trudde til aa halde slik ein fløi<sup>[19]</sup> Kar yvi Daapen; men jamenn var det rett so ulagom ei Tid nett no; neimenn um dei saag <sup>[181]</sup> seg Syn med det denne Gongen, endaa so hugnadsamt det rett skulde ha vori. So at kunde dei faa ei onnor denne Gongen, so...

Lars vart innharm og skifte Litir, naar det hende, at dei fekk sovorne Svar. Men Mari var like fin og blid. «Ja du vet, det kann sagt' vera nok aat alle,» sa ho, «men han Lars tykte no det, at det nett var henne og ingi onnor han hadde Hug til aa beda denne Gongen; og dei vilde ikkje gjera Veggen lenger etter dette, so sant det var noko Raad.

Og so vart det daa gjerne so, at dei fekk Viljen sin; Kjeringi laut lova seg. Det var ikkje Folkeskikk aa segja nei tvo Gongir, um det no elles var lite Folkeskikk aa beda tvo Gongir og.

– Lars kvidde seg meir og meir for aa gaa i Skogen paa Vedhogging; han fann jamt aat Mari, fordi ho øydde so mykje Ved. Han vart kulsin av aa sitja so mykje innmed Aaren; og hōvde det ein hende Gong, at han sat med eitkvart Arbeide ein Vinterdag, so jaga han Ungane eller Kjeringi etter alt han skulde hava utanfraa.

Men Mari kunde ikkje spara meir paa Veden enn ho gjorde; og tidt og ofte laut <sup>[182]</sup> ho drage heim Vedfangur or Skogen sjølv. Heller det, enn at han Lars skulde koma i Ulag; det var so hugsamt, naar han var blid. Ja, det hende, at ho tok dei største Borni med seg aat Skogen og drog heim Ved vonom meire, naar Lars var burte ein Dag; so slap han eit Bil. Han vart i Godlag, naar han saag desse gilde Vedbrautine i Skjole; men han agta seg vel for aa segja noko. Sagte kunde dei draga heim eit Grand Ved; dei hadde slikt aa gjera.

Mari dytta Mose og Fillur i Vegge-Sprekkine; men naar Sprengkalden kom, botna det ikkje Ved likevel. Det var Dagar og Næter dei laut brenne heile Hestelass skulde det ikkje klaka i Stogo.

Den siste Sumaren var det gjort Storverk paa Nystogo. Mari hadde funne paa aa bjode seg til aa hjelpe; og jamenn tok ho slike Karstak, at Lars beintfram maatte segja, at Kvinnfolk kunde vera til eit Grand Gagn dei og, naar dei vilde. Stogo voks i Høgdi, so det var lagt eit Kvarv yvi Vindaugo fyrr Snøen kom. Og Folk tok til aa tru, at det kunde bli Hus lel, dette. Det var det dei sa, ein sku' aldri spaa naar det galt Lars!

[183] Mari hadde vore som paa Live for aa faa Stogo ferdug; den gamle datt snart ned yvi deim, var ho rædd. Men kva skulde ein segja. Gamlestogo fekk greide seg denne Vinteren med.

Dei hadde halde seg so vidt med Høy dei siste Aari, at dei kunde hava 2 Kyr og 4–6 Gjeitir, og daa berga dei seg bra, um det enn kunde vera Knipetak naar Kyri stod utor<sup>n20</sup> og Høye fekk Ende um Vaarom. Dei visste so vel, burti Gardom naar Vaarknipa tok til ut i Viki; daa var Mari vonom oftare aa sjaa. Ja, det hende endaa dei fekk Lars til eitkvart Arbeide nokre Dagar og daa. Men han lika seg ikkje naar han fekk Bod um aa koma burt. «Dei trur vist ej itte ha anna aa gjera enn aa renne paa Bygdi,» sa han sur til Mari, naar dei var gaat att, dei som bar Bod fraa Gardane. Mari studde under. Ho baud seg heller til sjølv. Og Mari var der alltid Bruk for, so netthendt som ho var til baade eit og hitt, um ho ikkje plent kunde gjera slikt som dei vilde hava Lars til. «Det vart ikkje feit uti Viki, skulde ikkje Mari draga til Husar,» lét Folk. Og sant var det. Ho var so god ei [184] Dragdokke som nokon kunde ynskje seg; og naar ho kom heim fraa Bygde-Ferdine sine og duka upp for Lars av Framandmaten, so var han nøgd og. Men ho var ikkje for vel innum Døri komi, fyrr heile Huse vart lagd paa henne. Ho fekk so vidt slengt Baane burti Sengi, og kasta Nystakken av seg; so var det i eit Flog ut og inn med Rettleiding og Stell, til dess Kvelden var komin og alle lagde. Ein Mann kunde alltid gjera «einkvan Sysla», naar ikkje Kjeringi var heime; men var ho i Huse, so maatte han vera fri; sat der med Pipa i Munnen og Hendane i Broklumma eller las i eit gamalt Avisbla. Taka i med Kvinnfolki gjorde ein ikkje anna enn naar ein gjekk paa Friing og sovorin Galenskap. Og daa fekk ein agta seg vel, at ingen saag det. Det var berre paa soverne gamaldagse Gardar som Utgard og Bø, at Mannen enno kunne setjast til aa spole og koke og vera med i Kvinnfolkarbeide; ein Mann som vyrde seg eit Grand, han maatte aldri sjaa til den Leidi dei flaug med Smaaputle sitt. Han sette seg aat Borde, naar Maten var framsett, og gjekk ifraa Borde, naar han var mett; koss Maten kom der, eller koss han kom av att, det var ikkje hans Sak.

[185] – Sist i September Maanad kom Snøen som ei Ulykke yvi Grendi. Det snødde og snødde, som alle Himlar var opne; det dreiv gjennom dei grisne Taki, gjennom Dørsprekkar og Glaskarmar. Stogo var skeiv og sålryggja vorti; men Fjose var verre; baade Dyr og Menneskje kulsa og smaafraus; det var so uhugleg som det kunde vera.

Lite Høy hadde det vorti; og no laut dei alt til aa gjeva paa Baasen; koss skulde det gange? Daa Fennane laag meterhøge i Tune, heldt det upp, og Kalden kom. Um Nætane bura og dura det utpaa Sjøen, som Villdyr og vonde Vætte stridde for Live

derute; og ein Morgon var Vatne krava. Dagen etter laag det klaar, blank Is so langt ein kunde sjaa. Aa hei, daa vart det ny Moro for Baani. Dei vaaga seg utpaa, Hand i Hand, Steg for Steg. Det var som aa gaa paa Vatne. Kvar Kvist saag dei paa Botnen, og Auren som leika seg og smatt paa skjøns som blaagraa Sylvpilar millom Steinane...

Men dei som skulde syta for Folk og Fæ hadde det mindre morosamt. Dei lange Vikune kom, daa Viki var avstengd fraa Verdi. Skulde dei naa Folke paa <sup>[186]</sup> Hisida, so maatte dei anten yvi Sjøen, eller gange rundt Vikir og veglause Krokar milelang Veg. Veden uppi Skogen var og nedsnødd; og ein Dag vilde Lars ut og take eit Kvarv av Nystoge att og brenne. Men daa svor Mari paa det, at fyrr skulde ho sitja paa Stogo, fyrr nokon no fekk røyve ho; og til Skogs drog ho med dei tvo eldste Gutane og Vedkjelken. «Ja, ja, gjenne for mej ha du Moro taa di;» Lars sat der trassug og traas og rikka seg ikkje. Likeeins sat han daa Mari kom att, endaa han saag, at ho var mest Ende paa. Ho lagde seg ende ned paa Sengi, men daa livna Lars burti Aarebenken. «Ska' det itte vera Mat her i Dag, kanskje?» Han skjegla burt paa ho. «Er du svultin fæ' du laga dej Mat sjølv,» svara ho; «du er vel sopass Kar du ha faatt' ti Mjøl, so du kann koka dej en Graut;» Sinne beit henne, so no *vilde* ho segja so mykje. Han spurde um ho hadde misst det vesle Vite ho hadde no.

«Ja, ska *ej* greie Veden, so fæ' du greie Maten,» sa Mari. «Ej ska radt byte e Stønd, so kann du faa vaattaa ker Maten koste en Gong du og!» Ho snudde seg aat Veggen og murtagde.

<sup>[187]</sup> Lars spende til Vesle-Gjenta, som sat paa Golve aa leika seg med ei Treskei; Ungen stor-ylte; han ut; smelte Døri etter seg, so heile Stogo riste.

Daa han kom inn att, sat Mari med Vesle-Gjenta paa Fange, vermde dei smaa, blaafrosne Hendane hennar og godsvalla med henne. Lars sette seg til aa rispe Limeris so Bork og Fliser fauk; ingen sa noko.

Men so kom heile Ungeflokken inn, drivande av Væte og Snø; Mari laut sjaa faa av deim; hengde so Klædi deira upp kring Elden til Turking. «So, ha dykk aat Sengen naa, skal de faa Mat, naar ej kjem innatt.» Dei kraup under Felden nakne og hutrande; der spendest dei og smaaslost og smaatrætta til dess Lars spurde um han skulde koma aa dengje deim for Endes; daa tagna dei og var rolege. Men dei minste somna fraa Maten. Dei andre fekk kvar sin Flatbraudleiv og ein Mjølkeskvett, daa Mari kom fraa Fjose; der var ikkje Mjøl til Graut den Kvelden.

«Sæl er den, som med sino er nøgd.»

Det var ikkje nok med at Fjose gisna oventil; nedantil rotna det, for Hevdi laag [188] meterhøg oppetter Veggen. Lars lika ikkje aa bera ut Myk; og mindre og mindre fekk han ut for kvart Aar; Grase voks no lel, saag han; Jordi var berre feite, svarte Myrmoldi, som frædde seg sjølv. Han Jon Utgard hadde nok lova han Hest ein Gong, dersom han vilde køyre ut Gjødsl; «du fekk naa tvo Gonger so mykje Gras daa, vet du,» sa Jon; men det vart aldri so Lars kom seg til med dette. Han fekk aldri Stunder, s'ju, og Gjødselhaugen vaks og vaks. Naar han var komin heilt oppunder Gluggen, laut Mari av aa kaste ut-yvi nokre Spadir; utkring Fjose voks det daa svært til Gras; men nokre faa Stig ovanum var det Skrinneng reint. Naar Lars slog, banna han Kalden og Nordanvinden; det var den, som gnog uppi der stødt, so ikke Grase fekk vekse.

Det Mari tente best med var aa spinne Vevgarn aat Kjeringann'; det gjorde ho so fint. Men ho fekk mest aldri sitja i Fred med dette Arbeide. Meir og meir laut ho gjera alt sjølv baade ute og inne. Jamvel naar Lars skulde fiske, laut ho vera med baade og agne eller setja ut Rev og Garn. Lars brydde seg elles lite um aa liggja utpaa og baske i Ruskevêr og myrke, [189] hustre Kveldar, daa Fisken helst beit; i Solskinn og Godveir, naar det kunde vori hugnadsamt aa vera utpaa, fekk ein aldrig Beine, so jamenn vart Lars meir og meir leid heile Fiskingi. Mari var daa mang ein Gong aaleine paa Sjøen baade og sette ut um Kvelden og tok inn att um Morgonen; ho hadde berre ein av Smaagutane til aa ro. Fisken var ikkje god aa undvera maa tru.

Det vart daa Mari, som maatte fljuge støtt. Ikkje ein Gong naar dei sat tilbords hadde ho Ro. Daa var det Baani. Og sette ho seg til aa spinne eller bôte naar Lars var inne, so vart det jamt eitkvart aa fljuge etter. «Du fæ' kute du, som ha Ongdomen,» sa Lars naar han var i Godlag. Men Mari missa ikkje Mode. Lars var enno den Karen som kunde faa Augo hennar til aa lyse, og ho kunde vera so letliva, ja reint kjipi enno sume Gonger. Var ho i Gjestebod, so dansa ho som ei Gjente, prata og lo, og var so morosam, at alle vart i Godlag og laut læ med henne.

Og skreppte og skrytte gjorde ho av Gubben sin, so det var eit Under. Det var det med Lars, at Aari tok ikkje paa han; han vart berre venare og venare tykte [190] Mari. Um Haare etterkvart tok til aa graane, so vart han ved det berre meir vyrdeleg aa sjaa, so det stod endaa meir Age av 'n enn fyrr. Han fyllte liksom Stogo der han var inne; og alle andre vart so smaa attmed han. Og naar han gjekk ut vart det nok romsamt og godt paa ein Maate; ein kunde faa umraa seg og faa sitja i Ro med

eitkvart Arbeid; men Glansen var burte, alt vart kvardagslegt og graatt. Han var som so prydeleg i Huse med dei eldraude Skjurteermane, Knebrok med gamle Sylvspenne og Knappar og kvite, heimebundne Hosur. Og paa dei breide Akslin sat Hovude so stolt med det sterke Andlite, um Munnen ein Smil, som alltid var eggjande, og Augo som skifte so lett fraa Ljos til Skugge. Ja, desse Augo var for Mari den Himilen, der ho kvar Time paa Dagen saag koss Vêre laga seg. Um Soli skein aldri so bjart, kva hjelpte det, naar Augo hans Lars var myrke? Daa var Dagen spilt; alt vart uhuglegt og leit, Slite tungt og Armodi svart ikring henne. Men var dei ljose, og han saag naadigt paa henne, eller song og tralla aat Borni – Herregud, kor godt det daa var aa liva! Daa kjende ho det greidt, <sup>[191]</sup> at der var ikkje Stad i Verdi so gildt som i Viki. Berre sjaa, kor dei sleit og sytte burti Storgardom ofte; sjaa kor mange Kjerengar det var som gjekk med Sorg for den dei vilde havt i sin Ungdom, men ikkje fekk! – og mangt slikt burtetter. Men ho –; ja naar der berre var Mjølkk i Kui, og det ikkje var altfor trongt um Mjølksaai, so var det rett trivlegt uti Viki; det var det, og ho vilde ikkje byte med nokon.

Og berre venta til Nystogo vart ferdug! tenkte ho. Daa fær me snart Skikk paa Fjose og. Det gamle skal rivast. I det nye skal der vera Rom aat 4, kann hende 6 Kyr. No, veks Baani til og me fær Hjelp av dei; so kann me veite ut Myri aust um Husi og faa eit overlag Jorde der! Ja daa skulde der ikkje bli Mjølkeløyse lenger i Viki. Og hadde ein Mjølkk nok, so hadde ein alt.

Det var ikkje stort anna ho gruva seg for i Verdi enn Mjølkeløyse og Vondlynne hans Lars. Men Lars var ikkje langsint; det skulde ikkje meir til enn eit godt Matmaall og ein Kopp retteleg frek<sup>n21</sup> Kaffi, so var han den huglegaste Mannen i Verdi. <sup>[192]</sup> Og det ho stridde mest med, det var aa stelle det so for'n, at han kunde vera nøgd, for daa var ho glad og lukkeleg ho og.

Ja, ogso Baani, stakkar; dei fekk ho nok ikkje heller gløyme.

Soleis gjekk Mari og smaadrøynde um Framtidi og tenkte paa sitt og sine utan Sut. Og ho lo og kasta med Nakken og blinka so snøgt og blidt med dei ljose, smaa Augo sine, naar ho var i Lag, og helst naar ho kom heim fraa Gardom god og mett med Furkunmat aat Lars og gjekk og duka upp for honom. Men Baani sanko ho ikring seg og gav dei Søtmysmerbitar eller Feitostbitar i Munnen; ja stundom kunde det hende, at ho hadde ein Klump Kandisukker, som ho hogg upp og delte millom deim. Daa vart dei blanke i Augo; dei stirde paa Sukkerklumpen og tagde reint still. Og naar dei fekk denne vesle Sælebiten i Munnen, so sette dei seg ned og gløymde alt og berre patta og saug; heile den vesle Kroppen saug; dei var burte i Njoting.

Alle Tankar og alle Kjendslor var i Munnen; og Augo stirde tome framafor seg, plent som Augo paa Kui, naar ho fekk Salt. Naar endeleg det siste, søte Gryne var smelta paa Tunga, [193] sukka dei stilt og liksom vakna. Aa, noko so godt som Sukker! Det var søtare enn det søtaste Geitemysmør, ja søtare enn Blaabær og Moltur. Aah! Dei sleikja seg um Munnen og drøymde um neste Gong.

– Hadde no berre han Lars kunna hjelpt henne med Veden, so skulde ho mest ikkje ynskt meir; ho kjende, at ho klara ikkje denne Veddragingi. Tvo Gongir var ho no vorti heiltupp vesall av det Slite; og kvar Gong hadde ho vori retteleg vond paa Lars. Det var sagte toskut av henne; for det vart no ikkje betre med det; men ho kunde ikkje anna. Naar ho vart vesall, so var det liksom det ramla alt ikring henne, og daa hende det, som ho aldri hadde visst um, og som ho ikkje hadde Stundir til: Graaten tok henne.

Ein Dag ho kom or Skogen med ein Vedkjelke, møtte ho Jon Utgard i Tune; han vilde finne Lars. «Dreg du Ved sjølv?» sa Jon. «Det pla'naa itte vera Kvinnfolkarbeid det plent. Men kann hende han er itte rett fresk han Lars?» Mari stogga Kjelken, som vilde neduvi av seg sjølv i Halde mot Sjøen; jau, Lars var fresk, som vel var. Men ho tykte det var so godt aa koma ut i Skogen [194] ender og Gong; og Lars var «slik ytli' Baanfost'». Det var reint ei Syn, som den Mannen kunde stelle med Smaabaan; slikt Taalmod han hadde med deim; ja mykje meir Taalmod enn ho; og som han kunde syngje aat deim og faa deim i Godlag. Det var ikkje mange Karar som hjelpte so vidt til med Baani.

Jon svara fint: «Ja det er sagte godt han hjelper til; du kan visst hava nok for din Part.» Han saag burtpaa Nystogo. «Det vart ikkje so de fekk Nystogo under Tak lel i Haust?»

Nei, Snøen kom daa so brennande fort dette Aare. Men Gamle-Stogo var utruleg god enno, som vel var. Ja, det var beint fram som Mari gruvde seg for aa flytja inn i ei onnor Stogu, so hugnadleg og loqn som Gamlestogo var. Og jamenn greidde dei seg so ytleg godt med Rom og. Um Sumaren laag dei paa Fjoshjellen, so daa hadde dei ikkje Seng inne, anna enn til einkvan Framandkaren som kunde reka soleis; og um Vinteren stod det ikkje heller paa; dei var so vel stelte med baade Kalvskinn og Sauefeldar. Og no skulde Lars [195] leggje Himling inne, so dei eldste fekk seg Seng der.

«Men du maa no berre ga inn no daa; so kjem ej paa Timen, ej aa. Ej vil berre faa Veden under Tak fyrst.»

Jon gjekk inn; der fann han Lars med Vesle-Baane i Fange frammed Aaren. Tri andre Smaae sat burti Benken og laga seg Baatar av Vedskiur; Flis og Bos laag ut-yvi heile Golve etter deim. Men varmt og godt var her; og fjaage var dei alle.

Lars tukka fram ein Stol; Jon sette seg. «Og her gjeng Arbeide, ser ej,» sa han blid, og saag burtpaa Baani i Benken; «og friske og kaate er dei alle.» «Aa jau,» svara Lars, «det vantar nok ikkje paa det; det vil til Liv, Merakkelse. Hysj! sjaa no, koss de reier til ette dykk! So; ut etter Limen no og sop ihop att.» Til Jon heldt han fram: «det ser slik ut etter detta Otye, naar dei fær halde paa inne, at det hjelp itte kor mykje ein flir.» Men Jon visste daa vel endeleg koss slike Karar fór aat! Lars maatte ikkje tru der var likare hjaa honom Vinterdagen, naar dei laut halde seg innandørs; dei var lik seg alle Stadir, Baani, sj'u!

Mari kom inn; ho tok til aa spyrja <sup>[196]</sup> etter døm heime paa Utgard, med' ho sette Kaffikjelen yvi.

Jau, der var no bra, sj'u. Gamlen var alltid noko laak, som Von var; men der var no ikkje betre aa vente med han. Og no hadde dei fengi Brev fraa Tore; han vilde heim for godt no i Vinter. Det Handels-lage han arbeidde for hadde spela upp; og no vilde han setja i Gang eit nytt Meieri nedi Bygdi. Det skulde drivast med ymse amerikanske Maskinar og bi mykje betre enn det gamle Meierie, som no var nokre Aar gamalt dernede.

Mari fann fram av det ho hadde: ein litin Kùmmē<sup>n22</sup> med Smør, fint krusa og tilstelt, og ei Geitmysmerform hadde ho jamt standande uti den vesle Jordbui si til aa setja fram aat Framandfolk; um der ikkje fannst Mat i Huse mest, so vart ikkje det røyvt. Og no var det endaa so vel ho hadde ein litin Aure, som ho steikte; so Jon fekk seg heiltupp eit Fagnadmaal. Og Lars og Mari var som det aldri skulde vante slik Kost der i Huse. Berre Baani sat burtmed Aaren og stirde storøygde paa Matborde; ikkje eit Ord sa dei; men Augo vart vaate; ein kunde sjaa at Tennane <sup>[197]</sup> deira vatshagla. Smør og Aure – aa! – og paa eit lite Glasfat laag ein Haug med smaaklipt Sukker. Dei minste fekk eit skeivt Drag um Munnen, liksom det vilde til aa breste for deim. Skal tru han aat upp alt, han Jon? Ein av deim smatta høgt med Tunga, som han alt hadde Sukkerklumpen millom Tennane.

Mari saag burt paa han og skjussa heile Flokken ut. «So, ut aa lek' dykk no; Lars og Per, tak Smaaann' med dykk no, og gakk snildt ut.» Dei langstirde paa Mori og leda seg ikkje. Og det blunka og klipte i dei vaate Augo, og blanke Taarur tippa fram. Men ikkje ein Ljod. Det var so i deim gjengi, at ein skulde vera still naar der var Framandfolk; og dei visste so vel, at dei skulde ikkje syne at dei hadde Mathug;

men likevel; det var so hjarteleg vondt aa gaa ifraa dette Gjestebodsborde og ikkje faa so mykje som ein Smørklining eller ein Sukkermole. Mari saag at det var hardt aat dei; ho gjekk burt og tok ein litin Sukkerklump og braut han sund i ørsmaa Molar. Dei stirde paa Fingrane hennar; ho stakk Smaabitane i Munnen paa deim, og so gjekk dei.

[198] – Daa Jon hadde eti, sette han og Lars seg ved Aaren. Pipune vart kveikte. Daa kom Jon fram med Ærendi si. «Ej ha nok et Brev aat dej,» sa han. «Aat mej?» Lars saag upp, og Jon tok eit lite samanlagt Plagg upp or Lumma, og brette det ut. Der laag eit Brev med mange Poststemplingar, lang Utanpaaskrift og tvo fine raude Frimerke paa.

Jon heldt Breve upp mot Elden. «Ja, her stend no: *Til Hr. Gaardbruger Lars Vik, Bø Postaabneri, Sirildalen.*»

Lars vart raud som Blod; han tok Pipa or Munnen og turka seg med Skjurte-Ermi: «Ja det... er nok mej, det ja.»

Gamle Minningar um Lensmannsbrev og Pantingar og annan Styggedom for igjenom'n. Han tok Breve fraa Jon. Han saag vel paa det. «Kvarhelst kann dette vera ifraa, tru?» Daa letna han i Mæle: «Jadde... jadde trur ej det er Amerikabrev!»

Det var nok det ja. Det var nok fraa Tore dette, etter alt Jon kunde sjaa. Det saag ut plent liksom det dei hadde fengi paa Utgard.

Lars ropa paa Mari. Ho var meir brevsynt ho, so ho fekk koma og lesa. Han var [199] so dimmøygdt vortin i det seinste, Lars, at han kunde ikkje frakt<sup>23</sup> skilja Skrift lenger.

Mari slette Haare oppunder Luva, kasta paa seg Nytrøya, tok Breve og sette seg burtmed Glase. Men ho kunde ikkje faa seg til aa opne det; det var so serskilt vel atlati og stempla. Ho flidde det til Lars att. «Du fæ' ha det upp sjølv,» sa ho. Det var reint stilt og høgtidsamt i Stogo. Lars tok det. Drog Tolekniven or Sliri. Han gruna litt paa kvar han helst skulde leggje aat med Kniven; sette so til nedstpaa, der det var minst «Sirrater». Det var saa prydelegt aa sjaa paa slikt eit Brev; ein laut fara fint og ikkje skamfara det for mykje.

So fekk Mari det att. Inni laag der eit Papirark so tunnt og fint, at ho aldri hadde set slikt. Det spraka og knistra i det som i Silkebandi dei kjøpte hjaa Handlaren, og Skrifti var som prenta. «Aa nei,» sa Mari, «kor nauvende fint han skriv.» Ho maatte syne det til Karann'. Men Jon kunde fortelja, at dette var ikkje Skrifti hans



Tore; det var nok berre utanpaa han hadde skrivi. Det var nok prenta dette, sju. Ja det skal du [200] sjaa. Og Mari las som det var sjølve Vangeliboki:

«Til  
Gaardbruger Lars Vik, Bø Postaabneri, Sirildalen.

Ærede Herre.

Vi tillader os herved at anbefale Dem vore udmærkede prisbelønnede Krone-Separatorer. Glimrende Anbefalinger fra en Mængde Brugsherrer og Gaardbrugere. Ingen Bonde som alvorlig tænker paa sin og Slegtens Velfærd bør undlade at skaffe sig denne førsterangs besparende Maskine. Dobbelt Smørudvinding. Udsøgt renselig. Betaler sig paa faa Uger. Lempelige Afbetalingsvilkaar.

Høiagtelsesfuldt  
Aktieselskabet  
Krone-Separatoren.»

Under var skrive med Handi hans Tore: «5 Kroner um Maanaden indbetalt til Hr. Landhandler Eriksen, Modalen. Prøv denne Kilde til Velstand selv og udbred Kjendskabet til Krone-Separatoren i din Bygd, du, som er en Fremskridtsmand og skynar noko meir enn vanlege Bønder. Kan hende du kunde bi som eit Slags [201] Under-Agent og tene Pengar paa det. Paa det Vis kunde du faa deg ein Seperator for inkje. Eg skal gjeva deg 5 Kroner for kvar Seperator du kan selja oppmed Sjøen.»

Lars slepte Pipa i Golve; Munnen stod opin; han lydde so han sat stiv. Det var so det svimra og lyste raudt for Augo. Det opna seg som Synir for han. Mykje hadde han drøymt i si Tid; koma til Velmagt, bli noko meir enn «vanlege Bøndar», det var det store som alltid hadde lokka. Dette Bondeslite, det var ikkje for honom. Han var til anna skapt; det hadde han visst alltid. Og no, – endeleg kom det! «Som eit Slags Under-Agent!» Var det ikkje mest som... noko som *Amiral* eller *General*. Agent!...

Han kremta og sputta. Rette seg. Sa so endeleg med Vegt og Vyrndad: «Ja, ej held itte det for omóle, at ej sku' faa Bønnan' til aa freiste'n, nei; og sjølv ha ej naa longe tenkt ej vilde ha ein.»

«Ja, du vet en spare Arbe' med'n; det gjer en», sa Jon, og sende ein lang Røyk uti Stogo. Det var no elles mangt ein kunde segja; men han tagde med Resten.

Lars vilde gjerne ha Mari med paa dette; han skotta blid til Leds etter henne.

[202] «Ja, og en fæ tenkje et Grand paa det og. Kjeringann' ha no jamt for mykje med dette tungvinte Mjølkestelle, det ha døm.»

Mari saag paa han. Jamenn laut ho tru det var Aalvore hans; han hadde ikkje den hændande Smilen som elles jamt naar han nemde Kvinnfolke. Han var no god i seg i Grunnen lel, han Lars; det var mest i Ord han var vrang, naar ein skulde segja det som rett var. Ho kom reint i Godlag; det skulde bi baade ein morosam og prydeleg Ting aa faa i Stogo denne Maskina. Ho hadde set seg reint kjær i den dei hadde standande i Mjølkebudi paa Utgard; og var det no so at ein fekk meire Smør og, so...

Dei vart sitjande der og godrødde til Jon maatte paa Heimveg; og daa var det som dei alt hadde Seperatoren i Stogo. Og det sveiv deim so mangt i Hugen: nytt Fjos; Pengar i Banken; kven veit...

Mari laut aat Fjose. Men Lars var so underleg uroleg vortin; og daa ho kom inn att, sa han at han laut ei Ærind ned-aat Osen; ho fekk finne 'n eit lite Turklæplagg, so han fekk tulle inn Breve. Og Mari fann fram alt som turvtest.

[203] Lars flidde seg som han skulde paa Friing; og so snøgg i Vendingi hadde Mari aldri set han. No skal me sjaa han kjem seg, tenkte ho; og daa ho saag han skride ned yvi Bakken stor og høg og vyrdeleg, tenkte ho med seg, at um han ikkje var vortin Bisp, som han retteleg sku' vorti, so var det visst ikkje for tidlegt

at han vart Agent. –

Men den Dagen var Lars høgare enn vanleg, daa han steig inn paa Osen til han Paal. Og han kunde mest ikkje vente med Breve til han hadde fengi i seg Kaffien. Daa tok han det upp. Ut or Plagge tulla han det varleg; lagde det paa Borde. «Ej sku' taalaa ved dej om noko idag; ej er... hm, hm... som eit Slags Under Agent vortin for 'n Tore Utgard...» Paal saag upp. «Er det mo' leg det du? Korles daa?»

Han maatte lesa Breve.

Ikkje lengi etter var dei paa Vegen til Viks-Gardom, baae like tekne av dette Storhende. Det vart Undring paa alle, daa Paal og Lars kom stigande helgeklædde midt i Yrkja; men daa Maten og Kaffien var fraaseggjord, fekk dei Løysing paa Gaata.

[204] Breve vart utpakka att. «Hm... ej er som eitslags Under-Agent vortin for han Tore»...

Dei laut høyre Breve alle som i Huse var. Paal las. Men ein Ting sprang han yvi: det um at Lars skyna meir enn vanlege Bøndar. Det var det Lars helst vilde dei skulde høyrte; men Paal hadde vel Rett: det var ikkje sagt dei vilde like det.

Det vart Prat; og Lars skrytte og lagde ut; preika som ein Prest. Det var som han alle Dagar sku ha bruka Seperator.

Viksfolke samtykte. Det var gjerne noko i det. Dei fekk no tenkje paa det, ja. Det var ikkje noko dei kunde gjera av med ein Gong, dette.

Lars og Paal gjekk i Veg att med Breve. Det bar fraa Gard til Gard. Lars kunde Leksa si: «ej er som eitslags Under-Agent vortin...»

Men ikkje selde han noko den Dagen. Og ikkje dei neste Dagane hell. Folk laut tenkje paa det.

Men for Lars gjekk Tidi, Viku etter Viku, med aa gange rundt aa vera Under-Agent. Og ut paa Vaaren stod ein skinande blank ny Separator i Stogo i [205] Viki. Mari fekk nok aa gjera med aa halde Baani ifraa. For deim var det Eventyr og Trollskap som var i Huse komi; i Fyrstningi var dei so rædde at dei sette paa Skogen, naar det tok til aa dure i Maskina um Morgonen. Men etterkvart fekk dei Mod til aa handsome Separatoren sjølve, og sidan slost dei um aa draga Veiven.

Mari lika seg. Endeleg hadde daa dei og fengi noko som kunde lyse eit Grand i Augo paa Folk, naar dei kom inn i Stogo.

Men Lars agta som ein Smed paa kvar Mjølkedropen. Dei laut draga Smør ihop til fyrste Maanadsdagen no, so han kunde faa noko aat Handelsmannen, naar fyrste Femkroningen skulde ut; Mari torde mest aldri setja Smør paa Borde lenger.

Baani laut greide seg med Separatormjølke heretter. Separatormjølke til Grauten, Separatormjølke aa drikke, Separatormjølke i Dravle, Ost og Mysmør. Men naar dei fekk ho med same ho kom or Tuten, so Frauda stod høgt i Koppom, daa lika dei henne framifraa godt. Ho var «mes' ssom so morosam!»

Men dei vart ikkje lenger so tjukke [206] og raude Baani; stundom tykte ho dei reint var vesalle aa sjaa paa. Daa vart ho rædd og tok dei minste med seg aat Fjose naar ho mjølka og lurde i deim eit Grand Nymjølke. Det allerminste laut ho jamt hava

med seg ut; ho bar det paa Ryggen, for Hendane hadde ho fulle av Kjerald; og hengde det so paa Veggen etter Bandselom det Bile ho mjølka; ein kunde ikkje leggje det paa Fjosgolve maatru. Men det sov godt der paa Veggen i den tunge varme Fjoslufti, so der nauva det ikkje. Naar ho var ferdug tok ho det paa Ryggen att, skjussa dei større framfyri seg og gjekk so med Mjølkebytta og Asken<sup>124</sup> i Hendane.

Men i Stogo stod dei hine og venta paa *sin* Mjølkedrykk.

Ho var mest jamt med Baan um Vinteren; som vel var; so var ho fri til Vinna um Sumaren att. Det var so visleg laga; og sine beste Stunder hadde ho naar ho var med i Høye, og kunde kaste seg ned i ei Høysaate og kvile med' ho gav Baane Bryst.

Ho torde ikkje lata dei smaa vera att inne; for um Vogga hekk i eit Tøg under Slindri høgt fraa Golve, so kunde det vera <sup>[207]</sup> faarlegt med Katten endaa. Og so var det Vesle-Lars ein aldri kunde vera trygg for. Han var tolv Aar no; men det var som han aldri vilde bli rett vitug. Dei som mindre var greidde seg betre; deim kunde ein jamvel alt faa eit Grand Hjelp av stundom; men Lars saag det smaatt ut med. Ein Gong Mari hadde vori ute, sette han Vogga i Sving, so Baane som uppi laag datt paa Golve. Det var eit Guds Under, at det ikkje slog seg ihel. Og ein Gong stod han og lo, so Taarune trilla og strøypte ei Katte; dei laut agte paa han stødt. Med ei underleg faami Smaamyling gjekk han ikring og liksom lurde paa Ugagn; fekk han Tak i ei Flugu han kunde pine, eller han saag seg Syn med aa klembe ein Lamunge eller ein Killing til dei mest kikna or, daa glimta det villt i dei vatsblaa Augo hans; han var so glad at han mest dansa. Dei hadde baade dengt han og skjelt og godtala med han; men han berre lo. Naar han fekk Ris pipla Taarune fram liksom av seg sjølv; men Munnen lo endaa, saart og skeivt. Og naar han so slapp laus att, strauk han av og gøymde seg, so dei ofte gjekk halve Dagane og leitte etter han. <sup>[208]</sup> Ikkje hadde han lært aa tala reint heller; Mari var meir enn uppraadd med den Guten. Det hadde endaa hendt ho hadde tenkt med seg, at um Vaarherre tok han, so vilde det vera ei Sælebot.

Ein Gong vart han burte so lengi, at dei leita ein heil Dag. Ropa rundt i Skogen og etter alle Strendar. Dei fann han kald og kvit i ei Blautmyr, og trudde han var sløkna. Mari kolna all igjenom. Aa Herregud; dette hadde ho no aldri meint. Men Lars slog Augo upp att um eit Bil og lo som vanleg.

Aa Gud skje Takk likevel!

Det er kvar Dag Etardag, men inkje kvar Dag Fiskardag.

Oftare og oftare laut Mari burt i Gardom aa laane eitkvart «t'art so lengje». Koss ho stelte, so vilde det jamt bli lite aat so mange Munnar; og Baani var ikkje som fyrr lenger. Ho tykte ho saag Skilnad paa deim for kvar Dag. Hadde det ikkje vori det velsigna Geitemysmøre, so visste ho rett ikkje koss ho skulde ha berga deim. Men – no truga Lars med aa «skaffe aav» Geitane og faa ei Ku istaden, so det kunde verte meir Smør aa selja. Men det [209] maatte ikkje skje. Mari vilde frelse Geitann' sine kva det sku koste.

Det var ikkje betalt meir enn tvo Gongir paa Separatoren, og det vart nok lengi til ho fekk ein skikkeleg Smørklepp att i Huse, ikkje aa nemne Feitost; alt laut dei vende hjaa Handlaren til den var greidd. Og «ein kunde ikkje hengje Kjeften paa Veggen» heller.

Men Grannane var snilde; det ho turvte fekk ho laane jamt. Og ho vart ikkje annleis motteki enn ei onnor Grannekjering som kom i Ærend eller paa Vitjing; i Høgsæte fekk ho sitja ho som dei. Dei hadde aldri sett retteleg Armod uppi der, og no var det mest som dei skjemdest alle yvi at der skulde vera ein Heim i Grendi, der det var lite Mat. Stilt og utan Snakk gjorde kvar sitt til aa hjelpe paa Armodi uti Viki; og dei vilde no alle helst laatst som dei trudde det berre var «til so lenge». Det vart full' likar' sj'u.

Og so var Mari til mykje Hjelp paa sin Kant att og. Arbeide gjekk som ein Dans for henne, berre ho livde litt godt ein Dag, og hadde det eit Grand hugsamt. Ja ofte kunde ho ved eit godt Matbord i trøysamt Drøs gløyme all Sut og verte [210] kipi som ein Ungdom. «Husj Gut,» sa ho og huska paa seg, «Kaffien flyg ti Kroppa paa mej som Krut; no ska ej rett arbe' kvasst ei Ri.» Folk laut læ. Det var no som dei sa: Mari var utsedd til aa vera Kjeringi hans Lars i Viki!

Men vaaga nokon seg til aa slaa frampaa um korleis det gjekk med'n Lars og Arbeide hans, eller spyrja um ikkje Nystogo rettno var ferdug, eller anna som gjekk innpaa Æra hans Lars, daa sette ho Nebb og Klo imot med ein Gong. Jau, sagte hadde han vori paa Arbeid baade her og der; og i Nystogo skulde dei flytja inn no til Hausten. Elles hadde no Lars mangt som hefte'n; han var Fiskevaktmann, hugsa dei, og det tok si Tid; og so var det det, at han var Agent vortin; det tok meir Tid enn nokon trudde det og, ja. Og so var det naa Veden daa, og Bøting og Vøling hjaa deim som andre Stadir, sj'u; Lars hadde nok meir aa gjera enn han med Godom vann, han, stakkar.

Det kunde daa hende dei slog paa, at han var alltid noko tilaarskomin no; det var kje sagt Arbeide gjekk so fort undan Hendane for 'n lenger; men daa slog Mari med Nakken og vart kaut. Han gamall! [211] det glimta i dei smaa Augo, og ho vart so høgmaelt, at Mæle mest sprakk; aa nei san; dei kunde nok freiste seg mot 'n Lars kven som vilde; ho vaaga det vart ikkje *han* som rauk.

Og ho fortalde at dei skulde setja paa ei Ku att til Vaaren; og at han hogg Timber til nytt Fjos; kann hende til endaa eit lite Hus; – ho blunka og lo. Dei hadde teki til aa byggje slike Smaahus paa ymse Gardar oppetter no; og dei var sagte nyttelege. Det saag no alltid eit Grand sømelegare ut og ja. – Nei; det einaste han Lars no trega, det var, at han hadde lagt upp til for liti Stogu; for Doktoren hadde snakka um aa leige seg eit Rom uppmed Sjøen der til Sumars og liggje paa Fisking, og daa hadde Mari tenkt, at ho hadde vori huga til aa havt 'n i Lossi. Ho hadde no sétt koss dei stelte sovorne Folk nedi Bygdi, ja, so ho gruva seg ikkje for det; neimenn um ho det gjorde!

Soleis heldt Mari Mode uppe, til dess der var tie Baan i Viki. –

\*

Ein Dag utpaa Sùmaren skadde Godfar Utgard Foten sin og laut aat Sengi.

[212] Han kom aldri uppatt meir. Men daa han var burte, vart det liksom so audt paa Garden.

Jon og Kari tok alt til aa eldast. Og mang ei Sut hadde det vorti etterkvart. Alt var liksom so annleis vorti; det var ikkje den trygge Ro paa Garden lenger. Um det berre var dette nye Fjose, – det var liksom ein djup Brunn, der Pengar og Arbeid sokk ned. Og aldri vart det slutt med Utlegg og Skuld hjaa Handlaren. Dei hadde aldri visst av all denne Pengekostnaden fyrr. Dei gamle Husi var uppsette med Yrkje fraa eigne Skogar, og paa eigi Gjerd, so dei kunde greide alt sjølve utan større Utlegg; men med Nyfjose hadde det vorti so mykje nytt. Like fraa Grunmuren og Take til Dørir og Glas, mest alt var heimført. Muren var av Tiglstein; ein Graasteinsmur som inkje kosta uppi der, hadde Tore rekna ut var so reint for dyr. Likeeins Take. Torvtekkjingi, som hadde haldi dei gamle Husi varme og turre, var inkje tess lenger; ein laut ha Flis. Og Dørir og Vindaugo skulde vera høge og fine, og laut koma fraa ein Fabrik sør i Lande.

Men Tiglsteinsmuren kosta mange [213] Pengar; og Flistake glisna snart, so Jon hadde lōti leggje Steintak ovanpaa att. Dei gilde Dørine og Vindaugo var kalde og

opne; han laut teppe med Høy. Men det som var verst: Huse var og vart for stort; han kunde ikkje med godom auke so det fyltest. Og der stod daa det fine, dyre Huse no, brukt til Lødu og Skur. Men Lødu og Skur hadde dei gode nok fyrr; og Jon tenkte ofte med seg, at han skulde vori glad um Hinmannen hadde heile Brakka.

Nedyvi bar det koss dei stelte; Jon hadde alt laant Pengar tvo Gongir; og paa Utgard hadde slikt aldri hendt fyrr. Brødrane hans saag paa alt dette og undrast med seg; dei var helst fegne no, at dei ikkje hadde havt Raad til aa fylgje med paa Ny-Gjerdi so med same; og um dei alltid no var komne so vidt i Veg, at dei kunde ha fengi seg' ti eikor Maskina, so var dei likevel huga til aa vente eit Grand enno. Ein fekk sjaa. Dei hadde greidt seg til no med baade Mat og Klæde; og jamnt gjekk det fram, um det no gjekk smaatt; plent haste kunde det ikkje. At Jon hadde vori hjaa Farsyst' si, ho Berit Bø, og laant Pengar, det visste dei, og det [214] var mest som ei Skam for deim alle; dei nemnde det ikkje seg imillom dessmeir.

Serskilt vondt for Jon og Kari var det at dei hadde misst Gro. Den Dagen ho kom og sa at ho vilde flytja heim til Olav i Kroken, vart dei fælne. Dei hadde lengi skyna at ho tenkte paa Olav; men at ho skulde gjera Aalvor av dette, at ho ikkje skyna kor raadlaust det var aa flytja inn i slik Armodsdom, det hadde dei ikkje kunna faa seg til aa tru. Og dei tenkte med seg, at fekk ho Viljen sin i dette, so vart det snart ein ny Huslyd aa syte fyri paa Utgard; men dei var rædde at dei hadde nok med seg sjølve no.

– Dei la daa imot so hardt dei kunde; men naar dei saag paa Gro, so skyna dei at alt var faafengt. Dei vart mest rædde for henne, slikt Aalvor som der var yvi henne komi. Og ho bleikna og vart skrinne; og Augo var store og liksom myrkare vortne. Stundom var der Glans som av Sjukdom i deim; Kari tenkte med seg, at no hadde ho set den Elskan som ein kunde døy av. Gud hjelpe vesle Gro!

Det vart daa sistpaa Bryllaup att paa Utgard. Og dei gjorde det beste dei visste i alt. Men slik hugheil Gjestebodsglede [215] som den Gongen Mari stod Brur var der ikkje. Det var ingin, som rett fekk Skjemten i Gang. Og Dans som elles vart det ikkje heller; dei hadde ingin Godfar til aa gjeva Lage Stødleik, og ingin Olav til aa spela; Brudgomen kunde ikkje vera Spelemann.

Men Olav var glad kor som var. Byrg og sæl gjekk han der som Oskeladden i Eventyre; Prinsessa hadde han vunni, og no skulde alt laga seg!

Det kunde bli Gard av Kroken. Gild Gard. Fela fekk liggje no; det galdt aa arbeide til han hadde rudt seg ein Gard som høvde aat Gjenta. Som ein Dans skulde

Arbeide gaa; ingenting var tungt lenger; han song og lyfte Gro paa våre Hendar: «ej sku bera dej til Verdsens Ende!» sa han. Ho var tunn vorti, og bleikare enn fyrr; men han saag det ikkje. Nett som ho skulde vera var ho; den venaste Brur i Verdi; ja annleis enn alle andre var Gro. «Berre du itte er ei Hulder,» lo han; «rett er det no itte gaat for sej dette, so reint hugtekin som ej er vortin, og sjaa! – Rova hev du!» – han fekk tak i den lange, gule Fletta som ho stod og skulde rulle ihop, so ho kunde faa Kjerlingluva paa seg.

[216] Men daa ho hadde bundi Hokubandi paa den vesle, svarte Silkeluva, vart han vaat i Augo. «Kjeringa mi,» sa han stilt og tok Handi hennar, «Dronningi hans Heilag Olav»... Men av Gull sku' Kruna di vera, itte svart. Nei, itte svart, Gro!»

«Høver ho mej itte denne daa?»

«Aa jau, so vel høver ho dej; og Gulle hev du innunder; men likevel...»

Og dei gløynde alt i Verdi.

– Men Prinsessa bar Helsott i Bringa; og ein Dag sat Oskeladden aaleine att og stirde inn i ei tom Verd. Alle Stjernur var slokna; Soli skar 'n i Augo som ein vond Brand; Hendane var som lame, Tankane uklaare. I Kroken fekk alt staa som det stod etter den Dagen Gro var gravlagd. Men Fela kom fram att.

Sidan gjekk det som det kunde med Olav. Naar han sat og spela til Dans um Nætane, orvak og ør av Brennevin, laut dei agte han som ein Galning; han raadde ikkje rett med seg alltid. Og skulde han heim gjenom Skogen, fylgde dei han helst. Men kvar Gong han kom heim til den vesle Gjenta, Gro hadde født fyrr Dauden kom, gret han.

Mor hans gjekk kring i Gardom som [217] fyrr; og naar dei spurde koss dei livde i Kroken svara ho gjerne: «Jau, han Hellig-Olav er snild, han; ej ha det godt under Reggemente hans.» Og so smilte ho og song sine underlege Visor. Ho bar paa ei stor Glede sidan Gro døydde, for ho hadde fengi Sonen sin att; og no kalla ho han alltid Hellig-Olav. Det var mest som der ikkje fannst vondt i han; han var som eit Heilagmenne, tykte Anne.

Ho hadde ikkje vori leid med Gro. Men ho hadde vori liksom bljug for henne; gjekk helst undan; og var burte mest støtt i den Tidi. Men daa Gro var køyrd or Tune i den svarte Kista, daa hadde Anne flutt inn att or den vesle Kleven, der ho hadde gøynt seg undan sidan Ungkjeringi kom. Sidan sat ho helst i Aaren naar ho var



heime, røykte paa Kritpipa si og song aat Vesle-Gro i Vogga. Vesle-Gro, det var Baane hans Olav det; Gud signe henne! –

Olav tok til aa laga Grautdyllar og Skeidir dei lange Vinterkveldane, naar han sat heime; og fint og greidt skar han deim ut og maala Rosor og Vers paa deim. Og so godt stelte dei ihop, han og Mori, at dei greidde seg. Um Gro tala dei ikkje.

[218] Berre ein Gong sa Anne: «ej sa dej, ho var feig; men du trudde mej itte.»

«Kva visste du um det?»

«Koss kann Grase paa Jordi gro, naar Sonen maa ikkje Mor si tru?»

Olav beit henne kvasst av: «Teg dej!» Og ho tagde. Sagte kunde ho tegja; ho var glad og nøgd som det var no.

Og daa Olav gjekk ut, hørde han etter seg so sæl ein Voggesong. Stakkars Mor, du er sjølv eit Baan, du, tenkte han. Snart vert det full' me, som lyt sulle for dej. –

– Daa Vesle-Gro vart større, fylgde ho Far sin stødt. Naar han arbeidde sat ho paa Golve attmed'n; og gjekk han i Skog og Mark leidde han henne med seg, eller bar henne paa Ryggen. Aldri fekk «Godmor» klæ av eller paa henne; det maatte Papa gjera; og i Armen til Papa somna ho um Kvelden, og Namne hans var det fyrste ho nemnde um Morgonen.

– Men Olav vart meir og meir leid til aa drikke, naar han var i Lag. «Var det ikkje for det velsigna Baane, so drakk han seg ihel,» sa Folk. Og dei agta seg for aa skjenkje'n. Jamvel dei kaataste Ungdomane gøymde Brennevine for'n, naar han spela aat deim. Vart han ør og vilde [219] tvinge Brennevin ut av deim, bad dei han berre hugse paa Vesle-Gro; «no ligg ho heme og vente paa dej, Olav.» Daa kasta han alt og sette paa Heimveg.

\*

I Isløysingi um Vaaren fødde Mari eit lite Baan att; det var det trettande.

Men daa hende det noko som aldri hadde hendt fyrr: ho vann seg ikkje upp att med same; heile 8 Dagar vart ho liggjande i Sengi. Og ho var so laak, at Anne Kroken, som var der og stelte no, sagde beintfram til Lars, at dette vart ho ikkje klok paa. Dei bruka alle Raadir, og Mari baud til alt ho kunde, men det var som Føtane var slegne undan henne.

Lars vart baade keid og arg. Alt var i Ulag; Baani paa Villstyr reint; og det var nett i verste Vaarknipa. Høye var Ende paa; og det var eit Kav og eit Slit aa halde Liv i dei stakkars Dyri. Aldri hadde dei vori so skrinne nokon Vaar; ein kunde telja kvart Beine i deim; dei stod og raga paa Baasen.

I Sud-Lidom var Snøen gjengin; men her i Skugge-Lidi laag han og laag. Geitane [220] hadde Lars slept ut, og dei berga seg so vidt; men Kyrne stod og rauta med svoltne Augo.

Mari laag i Sengi og tykte alt gjekk gali. Ho laut upp, kor laak ho var. Og ein Dag var ho i Fjose att. Der stelte ho som fyrr. Men bleik var ho og hjarteleg trøytt, og ho traatta ikkje Maten. Lars bar Vatn og hadde inn Ved; men sur var han. Han gjekk og nidtagde. Skulde no denne og bi sjukleg?

Som vel var besna Mari smaatt um senn. Men Mode var burte lengi. Det var ikkje Kjælenamn ho gav Kyrne sine no, naar ho kom aat Fjose. Berre kvasse Ord hadde ho til Helsing, og istadenfor Klapping vart det Spenning og Spark, «vil du staa still!» «So! Uppi Baasen med dej.» «Naa! Ej ska gje' dej.» Ho skyna seg ikkje sjølv. Jamvel Baani kunde ho bli so leid av, at ho gav vondt berre dei kom inn i Stogo. Det vart daa so lite Hugnad no, at dei mest heldt seg ute i Leikehusi sine og paa Fjoshjellen. Der fekk dei daa vera i Fred.

Sur var Far og leid var Mor; Hogg og Vondord fekk dei for det galne dei hadde gjort og for det dei aldri hadde tenkt paa. Ein Dag kom Lars fraa Nystogo, der han [221] hadde teki til aa pusle og arbeide att, og bad dei koma att med all Spikaren dei hadde dregi av. Dei dregi av Spikar? Dei visste med seg, at taka Spikar eller Ambod fraa han Far, det vaaga dei aldri; det var ikkje noko han vart so galin for som naar det kom burt ein Spikar. Men Lars banna paa, at dei hadde dregi av med ei heil diger Pakke Tritom; og lova dyrt at han skulde dengje deim for Endes, kom dei ikke att med kvar einaste ein, og det paa Timen. Han budde seg liksom alt til aa halde denne Lovnaden, og Per fekk ein Dreis attmed eine Øyra; dei andre skreik og sette til Sprangs. Dei *hadde* ikkje teki Spikar!

Nokre Dagar etter fann Lars sjølv att Spikarane i eit Røyskathôl; der stod dei uppstelte i Radir som andre Soldatar. Arg svor Lars «Stortjuven» ei stygg Hemn; men til Baani sa han inginting; dei hadde godt av aa ha eit Grand Støkk i seg.

– Mari laut ein Dag paa Bygdi att; Mjølsekken var tom. Kjøt hadde dei berre naar dei um Hausten slagta ei gamal Geit, eller naar dei ein hende Gong tok Live av ein 3–4 Dagar gamall Kalv. Mjølki og Mjøle var det som laut vera det visse.

Ho stod ved Glase og saag ut; Lars [222] sat attmed Aaren og telgde paa eit Økseskaft; Pipa hekk tom og kald i eine Munnviki. Han sputta burt i Varmen ender og Gong og var lite i Lag; Tobakk aatte han ikkje, so Munnen var valin og turr; og i tvo Dagar hadde dei kokt paa Gruten og ikkje fengi ein skikkeleg Kopp Kaffi heller.

«Ska' tru han er gangand' enno, Isen,» sa Mari.

Lars sputta kvast. «Gangand' høs; han er køyrand, um du vil. Det er berre lite Vatn uppaa'n.»

«En kunde kannhende taka Baaten inni Vika og draaggaa 'n et Stykkje; for Isen er blaa og tunn innmed Landa; ej sku' plent ha vori ei Snøggærind burti Osen.»

Sagte kunde ein det gjera og, ja!

Meir vart det ikke sagt. Mari flidde seg og fekk Tak i Bundingen. Dei smaa skreik upp; dei vilde vera med burti Gardom aa faa Lefse og Sukker; men Mari skjussa dei fraa seg. Ho var rædd ho hadde nok med seg sjølv idag.

Men dei største var med nedi Fjøra. Og dei vart ville av Glede, daa Baaten kom paa Vatne, der blaa Isflak laag og dreiv. Uppi 'n maatte dei og utpaa. Freista Aarune. Vesle Lars stod og hoppa [223] ende upp og ned; no tok Sumarmoroi til. «Rese Sjøen! Rese Sjøen!»

Lars jaga deim inn att. So gjekk Mari og han i Baaten og staka seg fram millom Flaki ut til den faste Iskanten; tagalle var dei baae. Ho steig vårt uppaa Isen. «So fæ du møte mej her att daa,» sa ho. «Ej fæ full' det, er so du itte vil sunn'»,<sup>25</sup> svara han gretten og stakk fraa att. Ropa so etter henne, at ho maatte faa' ti noko Kaffi; han skulde «ned yvi» ein av Dagane; daa skulde dei faa att.

Mari gjekk; svara ikkje. Ho skulde vera glad berre ho fekk Mjøl.

Eit Stykke ut paa Sjøen gjekk Mosekøyrar-Vegen; den tok Mari. Sjølve Vegen var sagte ikkje sterk; Gjødslu som laag der og vermdet i Vaarsoli tærde paa 'n ikkje lite. Men jamsides Køyrevegen gjekk ein litin Gangstig. Og so lengi det var Dagen og ein kunde sjaa seg fyri, var den trygg nok. Godt og mildt var det, og Himilen var klaar. Det var alltid godt aa koma ut or Huse eit Grand.

Ho fekk gange til Berit Bø idag.

Berit var nok vond paa Lars, avdi han gjekk aa narra Separatoren paa Folk og [224] Førde inn Svelteforing i Bygdi; men det fekk vera som det kunde. Berit hadde

ikkje vori heime paa Utgard sidan Gamle-Jo, Bror hennar døydde; ho tykte der var so fatikslegt vorti etter dei tok til aa vende Maten i Pengar, sa ho; og ho tykte Jon hadde stelt laakt med Garden i seinste Aari. At han Tore skulde faa synkvervt so traust ein Kar som Jon, skyna ho beintfram ikkje. Ned i Bygdi hadde dei daa baade Separatorar og andre Maskinur, men Banken aatte no meir enn Helvti av Gardane der alt, og no tok Fantedomen til aa siga inn uppi her og. Men dei skulde berre halde seg undan Dørine hennar med desse Ugreidom sine. Ho hadde teki paa seg aa liva Garden i si Tid; og det vilde ho freiste aa gjera paa den Visi det fyrr var gjort. Mest forhakkande gali kunde ho bli paa denne «Agenten», han Lat-Lars; jamenn kunde det nett høve aat 'n aa vera «Agent,» han som alle Dagar hadde vilja liva av anna Folks Arbeid.

– Men Mari tok ho vel imot; for henne tykte ho Synd i. «Men jø, kor laakt du ser ut,» sa ho, daa ho saag henne. Og Mari laut gaa ved, at ho ikkje var rett frisk no.

Daa Berit hadde fengi henne til Bords <sup>[225]</sup> og gjevi henne det beste ho visste aa eta aa drikke, sa ho: «Det var full' den tiande du kom med siste Gongen no daa? Ej kann itte halde Rekning paa døm lenger, ej.»

Mari var kvikna i no av Kaffien og den gode Maten, og ho var kaut som alltid, naar dei nemde Baani. «Nei, det var rett den trettande dette, sj'u; og du maa tru det er Kar, ja; han va' itte plent so stor; men det er sjaaand', at han vil til Liv, Farken!» Og ho smilte so fjaag.

«Aa ja; dei ein hev fengi hev ein full Hugnad av; men jamenn ser du klen ut no, det gjer du, og ej trur Vaarherre gjorde vel, um han tok denne late Gubben din, no; du berga dej visst honom forutan.»

Men daa rette Mari seg og kasta paa Nakken; aa nei san, ho vilde nok hava Gubben sin enno ei Rid! Berit maatte ikkje tru han var nokon gamall gjerandlaus Krake han enno. Ho visste no ikkje mange likare ho for sin Part.

Berit undra seg storleg. Maken hadde ho korkje sett eller spurt. Det var greidt aa sjaa, att han tok Live av den arme Kjeringi med Baansengir og Svolt og Slit; <sup>[226]</sup> men endaa –. Naa! Kva Raad var der. Ein kunde alltid ynskje Live av han, men taka det kunde ein ikkje.

Med Mari vart det avtala, at Berit skulde taka Per, den næst eldste uti Viki, til Gjætlegut til Sumars; og Mari var fegi, for Bø var likaste Garden han kunde koma

til. Og ho laut sjaa aa faa ut dei største no etterkvart. Verst var det med Lars; for honom vilde ingin hava, stakkar. Men no vart det daa eit Menne mindre.

– Berit stod breid og aalvorsam og saag etter Mari, der ho gjekk fraa Garden. Bøygd gjekk ho i Dag, som ho vilde sige under Byrdi ho bar, og Føtane flutte seg ikkje som i gamle Dagar, naar ho sprang paa Heimveg med Mat aat Folke sitt. Tungt og seint drog ho seg fram etter Veggen i Snøslapse. Berit vart reint trong i Halsen der ho stod. Arme Ting!

Seinare paa Dagen kom Anne Kroken til Bø og skulde stelle med nokre Vaarlomb. Berit kunde ikkje faa Mari or Tankar, og rett som det var sa ho til Anne: «Vil du ga<sup>n26</sup> ut i Viki og gjere ved'n Lak Lars og, so ska' du faa ei vaarbær Ku av mej; ja Beiskedø ska du det; no svor ej.»

[227] Anne lo so ho mest kovna. Ho kunde no faa Munnen sin til aa segja mangt, Berit. «Ja hadde ej berre vore sopass fløi, jadd hadde det vore maateleg aat'n, den gamle Bukken,» svara ho.

Og Ordi hennar Berit gjekk Bygdi rundt. Alle tykte det var godt sagt; og mangein god Laatt fekk dei av dette i Grendi.

\*

Daa Mari hadde kara seg yvi Isen og kom til Raaki att, vart ho standande og stire reint fortustra. Baaten laag i Iskanten; men han var tom; koss i heile Verdi kunde dette hava seg? Var nokon gjengin henne til Møtes? – og dei hadde gjengi umeinannan paa Sjøen? Men Aarine stod i Kippune med Bladi paa Iskanten... Trøytt og klen stod ho der og seig mest ihop. Soleis hadde Lars aldri gjengi fraa Baaten! Ho ropa. Lars svara fraa Strandi. Ja; der stod Lars. Og Per og Martin og Vesle-Kari. Dei veifta. Ho steig i Baaten og visste ikkje av det; og daa ho naadde Land, stridrann Taarune nedyvi Andlite hennar. Sjaa nedi Vatne hadde ho ikkje vaaga; men at noko var hendt, skyna ho. Kven var det? Kven var det? «Vehl-Lars er burte,» ropa Lars, «skund dej tur [228] Baata. Tak Aarune, Per! Kom!» Ho sette Byrdi fraa seg paa Strandi; vilde med att. Men Lars skauv hende attende. «Gakk upp aat Guta; han skrik,» sa han. Og no hørde ho det; den minste skreik uppi Stogo. Ho tok i Veg, halvnømi av Rædsle. Daa ho kom inn og fekk seg aat Sengi med det hikstande Baane ved Bryste, skalv ho som eit Ospelauf.

Dei hine Baani stod kring Sengi. «Mor, me er svoltne. Mor, me vil ha Mat; Mor, hev du Sukker i Skreppa?» Ho bad deim setja seg burtmed Aaren og vera stille til Far

kom inn att, so skulde dei faa. «Kjære dykk, sit still no, til Vehl-Guten er somne'; aa kjære, gjer det...»

Utanfryi gjekk det endeleg. Tungt, tungt i den vaate Snøen. Mari kolna; Baani tok paa Sprang; reiv Døri upp: no kjem han! – Men dei tagna og drog seg attende; dei saag Faren kom berande med Vesle-Lars; Guten laag stiv i Armane hans. Mari reiste seg: «liver han?»

«Nei.»

Guten var blaa. Den vesle Magen var høg, urimeleg utspild, fylt av Vatn.

«Me lyt rulle'n,» sa Mari, «kom!»

Dei lagde han paa Golve, rulla han <sup>[229]</sup> att og fram; mange Gongir; men der var inkje Livsteikn aa sjaa.

So stelte dei og flidde han. Og lagde han burti Benken sveipt i eit Lakan. Syskeni stod fælne ikring. Kva var det med'n Lars?

«Aa, naa er han Lars vandra burt ifraa oss, han stakkar.»

Mari gret att. Baani tok til aa snufse dei med, og drog seg fraa Benken. «Er han dø, han Lars?»

«Ja no er han dø. Og no kann de angre dykk de, som terga 'n og var leide med'n.»

Dei hadde ikkje sakna Lars heime fyrr ved dei Tidir dei skulde møte Mari. Men daa dei kom til aa hugse etter, so hadde han nok vori burte mest fraa Mari gjekk. Han hadde drivi paa og masa med at han vilde «rese Sjøen».

«Jamenn fekk du rese Sjøen, Kroken,» sa Mari; Gong paa Gong var ho burtved Benken og saag paa han; jamna Haare hans, kjende paa Bringa yvi Hjarte, heldt ein litin Spegil framfor Munnen hans. Men der var korkje Ande eller Rørsle.

Han vart liggjande der i Benken med Natti. Dei hadde ikkje Hjarta til aa leggje han ut paa Laaven no med same.

<sup>[230]</sup> Daa Mari sat ved Aaren noko etter og stelte Baane tilkvels, kom dei smaa stilt burtaat henne: «Fæ' me Mat naa, Mor?»

Dei fekk Mat uppi Aarebenken der dei sat; so kraup dei halvredde og stille ned i Sengi si. Vel grov dei seg under Felden; det var vorti so uhuglegt i Stogo. Men Per,

som størst var, laag og smaagret lengi, fyrr han somna; han skyna ikkje at han Lars ikkje skulde staa upp att meir. Aldri staa uppatt. Heile Tidi saag han Lars for seg slik som dei hadde funni han attmed den store Steinen like i Iskanten. Han sat paa Huk, liksom han vilde til aa krabbe seg upp; dei hadde fyrst trutt at han livde. Det var ikkje djupare enn at dei naadde nedi Hovude hans fraa Baaten. Men daa dei fekk han upp, stivna han med ein Gong. Huh! fælslegt! – Han hadde vel tenkt at han vilde møte Mor, han, stakkar...

Lars og Mari sat uppe ei Rid. Men Svevnen tok Mari; ho smaagret og geispa og vart so arm, at ho laut leggje seg. Ho la seg klædd og somna med ein tung Sukk: Aa Herregud –.

Lars sat att endaa eit Bil. Mari hadde sét seg Høve til aa laane ein litin Tobakstubb [231] av Drengen paa Bø, so han hadde Tidtrøyte. Men so tok han til aa skjegle burtpaa Mari, daa han hørde ho sov. «Det tek itte hardar' paa den Megga,» mulla han.

Men daa han hadde røykt ut tvo Pipur bar han og til aa geispe. Eit lite Grand etter velte han seg uppi Sengi. Han laut sjaa til aa koma upp att i god Tid i Morgi, for han fekk sagte taka ein Tur burti Gardom med denne Tidendi – so det var full best aa koma seg til Ro. Ja ja, san; han geispa høgt; ska tru ho Mari hadde ei rein Skjorte aat han til i Morgo... aai – kor trøytt ein vart! – Og fyrr den siste Glodi var sløkna uppi Aaren, sov dei alle. Det var berre eit Grand romsamare vorti i Reire.

\*

I Gravøle var alle Grannane kring Sjøen med. Lars hadde mest ikkje anna gjort den siste Viko enn aa gange med Syrjebod og beda til Gravøls; han var reint foretin vortin, og utyst paa Kaffi hadde han longe drukke seg. Det hadde vori ei einaste lang Mathelg for honom sidan Lars døydde.

[232] Til Kyrkja fylgde 10 Hestar og der vart eit gasta Gjestebod i Viki.

Vaarstormane hadde rivi Isen dei siste Dagane, og daa Baaten gleid ut fraa Viki med den smale, svarte Kista hans Vesle-Lars, lyste det blank Vaarsol yvi Grendi.

Mari sat paa Kista, helgeklædd og betre kvild enn ho paa lengi hadde vori. Grannekjeringar hadde vori der og stelt, og Mat av alle Slag hadde dei havt med seg; det hadde vori raus Livemaate i Viki alt sidan Ulykka hende. Alle var tekne og snilde, naar Sorg og Ulykke kom i ein Gard; dei kappast um aa hjelpe daa. Og dei hadde ikkje venta til Gravøle; dei som nærast budde kom med Sendingar og baud

seg til allt Slag Hjelp, strakst dei fekk vita kva som hendt var. Dei tykte so hjarteleg Synd i Mari.

Det var tidleg um Morgonen daa dei fór med Like; utpaa Morgonsida Dagen etter kom dei att. Kari og Berit hadde daa seti heile Natti og vakt og venta paa Gravølsfolke med Kaffi og Rjomegraut; og Maten smaka godt, for kaldt hadde det vori etter Elvi og yvi Sjøen um Natti. Dei vart sitjande aa eta og smaaprata og godgjera [233] seg; Soli stod høgt paa Himilen. Daa laut dei aat Sengi alle og kvile ei Rid, fyrr dei tok paa Dagsens Arbeid.

Mari vart svevnug daa ho klædde av seg; men ho var betre i Lag enn ho paa lengi hadde vori. Det var so godt aa koma ifraa eit Grand. Og alle hadde vori so snilde. Vehl-Lars kunde ikkje venare vera i Jordi komin, han. Ja ja; sæle dei som Vaarherre tok! Det hadde vori tungt med same; ho hadde greti so saart igaar, daa Paal song Like ut. No kjendest allt lettare. Vaarherre hadde gjort vel; han saag nok at det var trongt um Rom her i Viki. Mari kom ikkje større ihug Vaarherre til Kvardags; og alt dette um Synd og sovori skyna ho seg lite paa; ein fekk gjera det beste ein kunde, meinte ho. Men naar det kom Ting, som ho ikkje med sit Vit greidde, daa var Vaarherre den beste aa taka til. Han jamna alt; det var han som raadde for Daude og Uvêr og andre løynde Ting i Naturi. Live til vanlegt greidde ho sjølv, endaa det ikkje alltid var so lett aa mette tolv Munnar med det vesle ho hadde under Hendar.

Men i denne Tidi hadde ho rett dagstøtt tenkt paa Vaarherre. Ho var so [234] veik i Hugen liksom. Det var syrgjelegt aa misse eit Baan; men det var ikkje nokor vond Sorg likevel. Godt hadde han Vesle-Lars havt det i si stutte Livstid; fegin hadde han vori stødt, og endaa betre hadde han no fengi det. Doktaren, den velsigna Mannen, sa og det, at det var ein god Daude aa drukne. Dei leid inkje vondt i Vatne, naar dei laag der og bleiv; rolegt og sælt somna dei burt i fagre Synir, sa han. Vel i alle Maatar var daa Vesle-Lars farin, Gudskjelov. Og fraa Gravøle fekk Per-Guten fylgje Berit heim; alting letna no i Viki.

Og Lars var som eit anna Menneskja vortin. Det fannst ikkje betre Vert enn Lars. Blid gjekk han der og tala fint og hugsamt med alle Folk; og heiltupp Glans stod det av den nye Titelen, «Under-Agenten». Tilsist hadde han endaa selt tvo Separatorar; og so laut han vera med Paal heim aa faa skrivi Melding um den glupe Handelen han hadde gjort denne Dagen; i Viki fannst det sjølvsagt ikkje slikt som Pen og Blekk. –



– Og so kom Høgsùmaren. Det velsigna Grase stod høgt og friskt i Lidom; all Sut var sløkt for lange Tidir att.

\*

[235] Tore Johnsons nye Meieri nedi Kyrkjebygdi vart opna med mange nye Maskinur og Greidur; og fyrste Aare gjekk det godt. Det gamle Meierie som fyrr hadde klara seg, saag det reint spelegt ut for. Men Enden vart, at dei rauk baae tvo, daa dei i tri Aar hadde ført Utsveltingskrig med einannan. Mister Johnson drog til Amerika att; og Lars som ikkje hadde vunni med aa betala noko større paa Separatoren sin, laut ein god Dag gjeva heile Stasen fraa seg til Bue att.

Brennsinna vart han daa. Det var som alt ramla for'n, daa Separatoren var burte; alle Draumar kvarv, og alle Vonir brast; han gjekk ikring med stygge Hemntankar lengi. Men kven skulde han hemne seg paa? Mister Johnson var burte; og so fekk Mari det. Det var ho som hadde Skuldi; ho var ei Dugløyse og ei Latmegge og kunde ikkje halde Hus paa skikkeleg Vis.

Det vart for mykje for Mari. Ho bleikna der ho stod: «og slikt kann du faa Munnen din til aa segja... du... du... Kjeringplaagarn!» stræva ho fram. Men daa visste ho ikkje av fyrr det small. Det svartna for Augo hennar; ho seig nedi Benken og lagde seg framyvi Borde med [236] samanbitin Munn; – han slog! Slog henne! Det susa for Øyro; det brann i kvar den Taag; braut i henne av Harm til Graaten kom, hikstande og saar: «Aa jau; no ser ej, at Folk hadde Rett... men lit paa det, at... dette ska' du kaammaa te aa angre».

Daa tok den Vesle i Vogga til aa graate; Mari gjekk fram og tok han upp. Men det svimra for henne, daa ho gjekk yvi Golve; og Sinne brann i henne, daa ho sette seg og gav Baane Bryst.

Lars var strokin paa Dør. Daa ho hadde stelt Baane, la ho han ned att og kasta paa seg Stakk og eit Turklæde; ho vilde ut. Burt fraa heile Stakarsdomen. Gjorde ho rett, skulde ho gaa lukt paa Sjøen med Baane, so fekk han sjaa kven som fødde han heretter.

Og rykkjomtil gret ho med' ho gjekk der og stelte. At han kunde vera slik? Kven skulde tru det, so fin som han var paa det stødt? Aa jau, no kjende ho Karen.

So tok ho Guten paa Ryggen og gjekk.

Til Berit vilde ho i Dag. Og ho skulde segja henne beintfram, at no kunde dei taka honom kven som vilde for henne, anten det var Vaarherre eller Hinmannen.

[237] Og ho rodde so det blaana I Fingertuppane yvi Sjøen.

Daa Berit fekk sjaa henne kvakk ho; slog Hendane ihop: «men jø, koss er det du ser ut? Hev han dengt dej no?» Men daa vart Mari kald og hard i same Blinken. Ho drog seg inn i Skale sitt; smilte paa sin vanlege Maate: «Aa nei, det spyrst naa full' itte det. Men trur du itte ej var so flink at ej datt ned taa Staaggaan, [127](#) daa ej stod aa tok ner Høy av Fjoshjellen i Dag, Jaala som ej er; ej sku'naa ha lært aa passe mej, naa, sku en tru.»

Det var endaa vel; Berit var reint fæli vorti. «Jamenn ser det so stygt ut, at ej vart reint rædd,» sa ho. Mari undrast og tok seg til Auga; kunde det ha vorti so stygt? Det hadde daa ikkje gjort større vondt hell, sj'u...

Ho fann paa ei Ærend til Per-Guten, og gjekk so heim att.

Daa ho kom inn i Stogo, gjekk Lars der som ein olm Stut. Hm! Visste ho ikkje, at han kunde melde henne til Lensmannen? – fljuga ifraa Hus og Baan; renne paa Bygdi med Slarv; ho fekk agte seg. Mari svara roleg og kald, «agta deg sjølv [238](#) du. Ej ha Ærend aat Lensmannen ej og.» Gjekk so paa Fjoshjellen og la seg til Natti, endaa det var Hausten alt, og heller kaldt.

Lars tenkte fyrst paa aa hente henne inn att; etter det han visste hadde ikkje ei Kjering Lov til aa skilja Sengelag soleis. Men han gav det upp; ho kunde gjerne tru han sakna henne. «Ho kjem full' att,» tenkte han aa breidde seg i Sengi.

Og Mari kom. Ho vaaga ikkje vera paa Hjellen for Baane si Skuld. Den tunnslitne Felden og den gamle Halmen som laag att derute kunde ikkje berge deim, saa raakaldt som det no var.

Men Lars spurde byrg, kva ho vilde. Han leda ikkje paa seg; laag der breid og trygg med sin Hædesmil: ho maatte gjerne vera der ho var; ho saag ikkje nett soleis ut, at nokon skulde traa etter aa hava henne attmed seg. Mari stod der blaafrosi i den stutte Stakken og den tronge Trøya, som var so opi i Bryste at den myrke, slitne Serken stakk fram; ho skalv i Mæle og klemde Baane innaat seg: «vèr Folk og fløtt dej. Du fæ' kaammaa ihau Baane.» So velte han seg um og snudde Ryggen til henne. Ho fekk eit lite Rom framme, so vidt ho fekk hengje seg innpaa og fekk [239](#) Baane under Felden; sjølv laag ho meir utanfyre Sengi enn uppi. Strakst etter sov Lars so han raut.

Den Natti laag Mari og vakte.

\*

Sidan det store Vonbrote med Sepratoren var Lars so rang og leid, at det var reint vondt aa vera i Hus med'n, og det baade for Mari og Baani.

Og so dette, at den minste no var tri Aar, og det saag ut til at Mari ikkje skulde faa Baan lenger! Det banna og Lars. Sjølv sagt trudde Folk no, at han var ein Gamling vortin. Han hadde nok skyna, at Kjeringane i Grendi tok til aa røde um dette; men um Mari no var ei gamal turr Skrukke vorti, som ikkje fekk Baan, so skulde han syne deim... Ja Beiskedø sku' dei faa sjaa, at han ingin Gamling var. Det skulde han endaa vera Mann for aa syne deim, ja.

Han gjekk og skjegla paa Mari, sur og speande. Ja sant var ho ei gamal Skrukke vorti, ja. Ven hadde ho no elles aldri vori, og han skyna plent ikkje, koss han kunde ha forset seg paa henne nokon Gong. Elles hadde no ikkje *han* tenkt so hardt paa [240] Gifting hin Gongen uppi Sætri. Men kva skulde ein gjera; naar Kvinnfolki vart galne og sette seg paa det at dei vilde *ha* ein Mann, so var det mest raadlaust. Og denne hadde no misst Vite, berre han kasta Augo paa henne, og sjaa um han ikkje laut i Snurua! Det var sant som det stod i Visa: O Kvindelist, dig at utgrunde, det magter ingen Dødelig.

Nei nei, san; no sat han der.

\*

Det er Jol-Eftan. Tett og kvit ligg Snøen yvi all den Verd. Etter ein stutt graa Dag er Soli i Kav gjengi. Ut etter Kvelden klaarnar det. Stjernur i Tusundtal tendrast paa Himilen og Maanen glid fram yvi Aasen. Sjøen ligg Fonn i Fonn som eit baarut Hav, glimande og perlesaadd i Maaneglansen.

Som eit Eventyr stend Skogen i glitrande Rimfrost. Smaabjørki er som Sylv aa sjaa, og paa dei myrke Furugreinir ligg Fennar av blank Snø med Isperlur og Glim og Glitter.

Fjellrjupa lyfter seg snøkvit og rein, baskar seg upp millom frosne Tre, stig yvi Skogen paa lette Vengir. So dalar ho ned mot den endelause Viddi og kverv.

[241] Ein snøkvit Hare bykser fram; vil med i Leiken. I Skogbryne gjeng Krossreven mjuk og fin, kvit som det truskyldige Lamb; sleikjer seg um Munnen. Men attum

ein gamal, halvrotin Kubbe lyser tvo grøne Augo. Det er Vargen i sin gulkvite Pels. Kvitt, kvitt i alle Skiftingar. Og glyrande, glyttande Augo, snare, rædde, svoltne, lure, blinkar fram or Buskur og Kjerr, attum Stein og Fonn. Skir og rein er Jordi som paa sin fyrste Dag; høgtidsprydd og herleg. Det er Fest i Skog og Fjell og Dal; det er Jol; den velsigna Dagen daa Soli snur er endeleg komin.

Men Solsongen aat Folke gjeng um det vesle Baane i Betlehem, som løyste Verdi or Vaando; og fagre Segnir fraa Øysterland fyller alle Sind.

– Mari stend framfyri den friske Rotvedelden og vaskar dei smaa i ein Trestamp. Raude og kipne, nakne som dei kom til Verdi spring dei paa Golve med det vaate Haare yvande til alle Kantar; etterpaa skal Skjurtune i Stampen. Vent og hugnadlegt er det i Stogo; det lyser so bjart av Rotveden og daamar av Eine, Kvaade og Vask. Bord, Stolar, Benkir, Krakkar, alt som finnst i Stogo er kvitskura; [242] helgefliitt er det i kvar Kraa. Granbar ligg grønt paa Steinhellunn' frammed Døri og under Kjøkenskaape, der Grytur og Pannur hev Rome sitt, og Svali er prydd med Furukvist og Eine, so ein ikkje ser kor opi der er.

– Dragsengi var utdregi; etterkvart kraup dei ihop paa Skinnfellen alle dei smaa. Det var som eit heilt Reir fullt av nakne Barnekroppar.

Soleis vilde dei sitja til dei fekk Godbiten sin; Vaffelkake med Sirup paa, og Lefseklining med Geitmysmør, og attpaa ein Sukkerbite so stor som dei elles aldri fekk, skulde dei hava ikveld. Aa, du velsigna Jolekveld! Og so song dei eit lite Vers dei hadde lært, med' dei venta. Mari mulla med so smaatt der ho stod; det var so vent aa høyre naar dei smaa song!

Naar alle var vaska skifte ho ut Maten aat deim; daa sette dei seg hoggande stille og la ihop Hendane ein Augneblink fyrr dei tok imot. Maten var heilag; det var vigsla Verk aa eta. Um det var aldri so litin ein Bite, so laut ein sitja sømeleg og stilt med ein aat'n.

– Lars sat burtmed Aaren og tok siste Kveldsrøyken sin. Han og var helgefliidd [243] og rein, og Mat hadde han fengi, og sterk Kaffi etterpaa; so no var det Godvêr og Fred i Huse.

Men Mari var endaa ikkje ferdug med Dagen; for henne vart det smaatt med Jolaftansfred. No var det aa vaske Klædi og hengje deim kring Elden, so dei vart turre til i Morgo; og der var Hosur aa bøte, Brøkar aa saumfara, Vettir aa binde Eingertuppar i; det var kvare Natti daa ho endeleg fekk fli seg sjølv. Men endaa

hadde det vori ein hugsam og god Jolekveld, tykte ho. Det var so fredsamt aa sitja med Arbeide soleis, naar det var vorti stilt og alle laag gode og mette burti Sengjom og sov; trygt og godt var det daa, og ho sytte ikkje for noko. «Det er ikkje langsamt so lengi det er annsamt.»

Men hjarteleg trøytt var ho, daa ho stupte seg aat Sengi; ai, ai, kor godt det no skulde bi aa faa kvile.

\*

«Inkje er eg so trøytt, inkje er eg so mod,  
men ei liti Kvilestund var fulla god.»

Burtmed Aaren i Viki sat Berit Bø og Kari Utgard og vakte. Kaftikjêlen stod yvi Elden, og baae hadde dei Bunding millom [244] Hendane. Dei kviskra stilt; saag stundom burti Sengi, der Mari laag og dorma arm og bleik. I tri Dagar og Nætar hadde ho lidi meir enn Ord kann segja; og igaar hadde Dr. Wang vori der. Aalvorsam hadde han sét ut, og lite hadde han sagt, men gjevi henne Svævedropar, so ho laag som død, daa han skilde henne med det dødfødde Baane.

Baade Lars og Kjeringane var fælne; dei trudde Doktaren tok Live av henne. Og um det var rett? Ingin hadde set anna enn at dei som skulde føde laut lide det som var paa deim lagt. Lars var ikkje god for aa halde seg; han spurde Doktaren heller ublidt, um ikkje dette var vaageleg Ferd. Doktaren saag kvasst paa han og svara ikkje.

Daa han var ferdug, kasta han alt han hadde millom Hendar og strauk ut. Han var for veik til aa vera Doktor, Wang; naar han saag eit Menneskje lide altfor mykje vondt, vart han. sjølv sjuk mest, og minst greidde han aa sjaa Kvende lide paa denne Maaten. Daa han kom inn att, vilde han korkje ha Mat eller Drykk; han gav Greide paa alt som gjerast skulde og strauk av Garde.

[245] Men fyrr han strauk sa han Lars eit Ord, som gjorde denne baade heit og harm. Ha – no gjekk det mest vel vidt! Han trudde han var sopas vaksin Mann, at han ikkje turvte taka imot Aatale av slik ein Gypling. Og dersom Doktor Wang trudde han kunde koma til honom med nye Lovir og Tullsnakk, so tok han imist. –

– Men igaar var Mari so klar<sup>n28</sup> vorti, at Lars laut hente Wang att, so nauve han vilde. Gamle-Doktaren reiste ikkje so langt tilfjells lenger; og Berit og Kari som skiftet til aa stelle og vaka, kravde plent Doktor til Hus.

No sat dei og venta.

Kari glytte burtaat Sengi: «Ho søv naa, som vel er; var det berre so vel det vilde vara ei Rid.»

«Kroken; ho er longe utsliti; det er tungt mot Straumen aa symja,» sa Berit.

«Best var det ho fekk fara,» meinte Kari.

Men Berit riste aalvorsam paa Hovude. «Aa nei, sej itte det. Tenk paa alle dei smaa. Nei; men det er ein annan ein, som heller kunde faa fara rettno.»

[246] «Sej det!» sa Kari; «aa nei, Ukrut forgjengs nok itte de, sj'u».

So drakk dei Kaffien. Um ei Stund kviskra Berit: «Baani hev fortalt, at han dengde henne, Farken.»

«Aa nei, det kann naa aller skje!» Kari var reint fæli; ho knepte fiendane kring Bundingen og rugga att og fram paa Krakken, der ho sat. Dei tagna att; og kvar sat med sine Tankar.

– Mari hadde ikkje fengi Mat i seg paa tvo Dagar; Berit undrast um ikkje Egg hadde vori godt. Men no var det so avbeklegt, <sup>129</sup> at Hønsi hennar varp ikkje eit Egg mest iaar. Og ho var den einaste som hadde Høns uppi der. «Døm verp daa itte naae aa kalle Hønan' iaar,» sa ho um ei Rid.

Kari meinte det «va fulla Tefelle dæ va for kaldt aat døm enno»; Varmen var komin so seint i Vêre denne Vaaren.

«Va dæ likt sæ dæ,» sa Berit; «dæ kjem sæ taa di, at dæ æ Skotaar, det sj'u; og ittnaa anna.»

«Ja kann hende dæ du?» undrast Kari.

«Ja nettupp som ej seje. Han legg itte Egg større, Storfuggeln hell iaar. Røya [247] flyg berre med Tiurn naa um Daaggaan; og daa vet en ho ha itte Egg' ti Bussunn'.»

«Nei æ dæ itte dæ ej ha sagt,» sa Kari, «at ej itte ha haurt Fuglann' spela iaar.»

«Va dæ se likt. Han ha daa støe Spelleiker Storfuggelen; men iaar flyg døm berre aaven og tæ.»

«Ja det æ rett mange Gjerder døm ha! Kari tok til aa geispe. Ho glytte burtaat Sengi att. Mari laag still. Gudskjelov. Kannhende ho tok til aa retirere lel. Det saag ut til at det vonde hadde gjevi seg.

Aa ja ja; vøre det berre so vel!

Ho la ei Rot paa Elden; den fata som Tjuru og lyste upp i Rome.

«Døm bi lengi.» Ho gjekk stilt aat Glase og saag ut. Høyrde Aaretak; jau, der var dei. Borde var duka og stod og venta; det var berre aa svinge Kjelen yvi Elden.

– Det leid med Mari no, sa Doktaren. Berre eitt kunde han gjera; gjeva henne Ro, taka Verk og Pine burt; og det gjorde han. Sidan laag ho som i halv Draum, rødde stundom litegrand; og Tankane hennar sveiv so vide. Ho vilde ut paa Ferd; vilde aat Bygdi, sa ho. Mange Kjenningar hadde ho der, som ho ikkje paa lengi [248] hadde sett. Sidan Vehl-Lars var gravlagd var ho ikkje komi so langt...

Doktaren svara henne. Sa, at ho laut sagte gjera seg ein Tur, naar ho kom upp att. Og daa laut ho sjaa innum honom og. Taka seg regtig ein god, lang Hugnadtur. Baani skulde han greide med, so ho vart fri. Ho drog paa Smilen. Det vesle laut nok vera med. So leita ho attmed seg. Baane? Nei, det var sant; Baani var store no. Og so flinke. Ho fekk det lett heretter. Rett skulde det bli morosamt aa gjera Bygdereis. Um Doktaren trudde det vart lengi til ho vart god att? Nei daa; det trudde han ikkje. Ho kjende seg daa god og lett no? Ja. So reint god og lett. Berre svevnug var ho. «Ja, du trønger Søvn nu, Mari; en god lang Søvn.» Mari tok stilt uppatt: «ja en go, lang Svevn.» Og sidan ei hugnadsam Reis. Baani var store, ho kunde taka seg ein Kviledag... ein god Kviledag...

Doktoren sat og stirde ut gjennom Glase. Morgonrodnaden la seg yvi Sjøen; snart laag Lidi paa Hisida i full Glans. Det vart ljost i Stogo av Atterskine. Mari snudde paa Hovude. «Ser du for en fin Morgen, Mari?»

[249] Augo hennar vart store, men ho svara ikkje.

«Det er et lite Paradis heroppe ved Sirilsjøen, Mari.»

Ho saag upp; smilte. So var Tankane hennar paa Viddi att. «Berre Godvêre vilde halde seg...»

Augo hennar seig ihop, og ho gleid inn i ein tung Svevn.

– Wang reis upp og gjekk burtaat Aaren. Berit hadde somna i Stolen der ho sat. Lars hadde gjengi paa Hjellen og lagt seg. Berit vakna, daa Wang kom: «Koss er det? Søv ho?» Wang nikka. Berit tok Bundingen. Ei lang Rid sat dei der tagalle og saag inn i Elden.

Wang tenkte paa Live her upp i Fjellheimen; meir og meir kom han etter, at det var noko for seg sjølv. Det hadde ein Tryggleik, ei Ro, som han elles aldri hadde funni. Aldri hadde han kjent seg so nære det Samfunde han drøymde um stundom, der jamvel den fatige var rik, av di Live var einfelddt, og av di alle hjelpte kvarandre; eit Samfund der dei gjævaste sat og vakte yvi dei armaste, naar Sjukdom kom paa, og heldt dette for sin sjølvsgatte Skyldnad, det var det rette Menneskjesamfund; [250] kvar hadde Livslovi skrivi i sin eigin Barm. Men Ord som Godgjerdsemd eller Sælebotsgjerd hørde ein aldri nemne. At dei hjelpte kvarandre var likso naturlegt som at Soli skein og Doggi vætte Grase.

Han hugsa det Samfunde han sjølv kjende og hadde livt si meste Tid i, og saag som i ei Syn al den Naud og Styggedom som fyllte upp Verdi, trass i all Glans; hørde langt burte ein Dur som av Domedag; det var den store Verdsens Ufred. Men her sat han i den armaste Heim, framfyri Sengi aat den armaste Træl, som endaa laag og døydde; og endaa var her ingen Uhugnad. Sjølve Dauden var berre som den naturlege Svevnen etter ein strid Arbeidsdag, eller som naar eit trøytt Baan legg seg um Kvelden, i sæle Draumar um Morgondagen. Live gledde alle seg i. Jamvel dei gamle, so lengi dei kunde arbeide; og med det Live dei hadde ført, kunde dei gjera Gagn so lengi dei orka vera uppe. Og vart dei trøytt, so dei ikkje vann meir, so laag dei og venta paa Dauden som paa ein god Svevn; tala um den som om kvar annan naturleg Ting; han hadde so ofte høyrtdet. Og det var greiddt nok: livde [251] ein naturlegt, so vart Dauden og naturleg...

Med Mari her var det verre, stakar. Ho skulde døy midt i si Arbeidstid. Fekk ho vita det, so vilde ho koma til aa tenkje paa det ho hadde ugjørt; vondt vilde det og kjennast for henne og gaa ifraa Baani, um ho aldri so vel visste, at dei ikkje vilde staa forsvarslause i si Heimegrend. Han vilde daa ikkje segja henne det. Ho skulde faa slokne trygg og roleg. Det tenkte han Vaarherre sjølv vilde unne henne etter alt Slite... Ein liten Visestubb sveiv han i Tankar. Den vedkjømelege Tona, som liktest Klang av Kyrkjeklokkur langt burte, song i han:

«Torø liti ho prilla paa Dør med Fingan' smaa  
Gud aa raade.



Aa kjære Jomfru Marie lokk Laako ifraa  
Herre Gud sende oss sin Naadel

Jomfru Maria steig upp fraa sin eigin Stol,  
Gud aa raade.  
«Velkomi Torø liti so trøytt og so mod.»  
Herre Gud sende oss sin Naade!

«Inkje er eg so trøytt, inkje er eg so mod,  
Gud aa raade.  
Men ei liti Kvilestund var fulla god.»  
Herre Gud sende oss sin Naade!

[252] – Han hadde vori aat aa somne; strauk seg yvi Augo; saag Berit sitja der sterk og trygg med det klaare, aalvorsame Andlite vendt rett imot seg. «Du vert trøytt,» sa ho stilt.

Ja, han vart trøytt. Men han vilde ikkje sova. Bad um Kaffi; og fekk ein Kopp burti Aaren aat seg.

«Har du levet her alle dine Dage, du Berit? Aldri vært ude av Bygden?»

Berit drog paa Smilen. Jau; ho hadde sagte reist. I si Ungdomstid hadde ho vitja Skyldfolk i Nordland; og etter Mannen hennar var død, hadde ho teki seg ein Tur radt til Krestian'. Koss ho lika seg der?

«Aa jau, du vet dæ va sagt' mangt aa sjaa der; mangt gildt og; men –»

«Men?»

«Ja du vet dæ va naa itte Gull alt som glimre der hell, som Von var. Ej tøykte naa døm hadde det itte rart Folke der, nei.»

«Koss daa?»

«Aa det va naa skidtveldt inni der, da, som Von var; døm va daa i saammaa Husa baade Vinter og Summar, stakar, og itte hadde døm sopass som et Tun aa henge [253] ut Feldann' sine i; og Sota og Røyken laag som ei Skodd kring Gatom. Og so haurde ej døm sa, at det va Gjerda aa fløtte fraa eine Gutua ti den are alt jamt. Men me seje naa dæ uppi her, at det gror itte Gras kring den Steinen som ofte vert flutt.»

Wang laut smile. Men koss ho lika Folke? «Jau, Folke va fullsom døm kunde vera døm, stakar. Graa og bleike og tannlause va døm; og Karann aatte daa mest itte Haar paa Hovude; dæ tøykte ej va snodigt.»

Ho smilte noko brydd. Naar ho kom til aa sjaa paa Wang, so hadde han rett ikkje rart med Haar han heller.

Og so hadde dei so lite Folkeskikk i Byen. Naar ho va inne ein Stad og kaupte seg Mat og vilde takke uppi Handi, so lo dei aat henne. Og paa Handelsbuine spurde dei so braatt kva ein vilde. Dei hadde daa maatt vente til ein sa fraa sjølv, tykte ho. Ein Stad var ho inne, der det var Kjöt aa faa. Ho gjekk inn, av di ho hadde Moro av aa høyre kor mykje Kalven kosta dette Aarsleite i Byen. Men trudde han dei svara paa Folkevis? Dei berre snudde seg fraa henne, og sa at ho skulde vel ikkje ha nokon Kalv [254] lel, ho, so det var vel det same kva han kosta. Slikt var no haldi for laak Folkeskikk her upp i Bygdom, ja. «Ej tøykte naa dæ sku ha vore Moro aa sagt ved døm dæ, at ej hadde naa sopass Kælvar heme ej, va dæ so dæ kom se' an paa dæ; men so va døm naa snaut Svar verdt hell, tenkte ej. Ej baud berre Velliva og gjekk, ej.»

«De har ikke Tid til at være høflige i Byen, ser du,» sa Wang.

Men Berit meinte, at Tid til det fekk ein taka seg. «Dei kjem tidsnok aat Grava lel,» meinte ho.

Og det laut Wang gjeva henne Rett i.

\*

– Ved Høgstdagsleite slokna Mari stilt. Sæl somna ho, utan Sut og Verk.

– Daa Wang steig i Baaten kom han til aa sjaa upp paa dei smaa graa Husi i Viki.

Fjose stod og seig ihop paa eine Sida; dei undste Stokkane var halvrotne av Gjødslid som vaks upp rundt ikring. Wang var ikkje Kar um aa halde seg; han ropa til Lars innpaa Strandi: «Nu maa du snart [255] flytte Fjose dit, Lars!» Lars kom ikkje paa kva han meinte. «Ker daa?» spurde han og saag uppyvi. «Jo ellers rotner det ned for dig. Eller kanske vi skal gjøre en liden Handel: vil du bære ut Gjødsla di, saa skal du faa en Mjølsekk av mig?»

Lars saag noko utrygg paa Doktaren. Var det Aalvor eller Skjemt han for med no, tru? Ein kunde aldri vita seg trygg for ein slik... Wang ropa innyvi med Baaten gleid

fraa Land. «Ja tænk paa det, Lars; jeg staar ved Budet mitt.»

Lars vart sprutraud og beit ihop Tennane. Dette var vel drugt. Han hadde sagt ymse Ting fyrr og som Lars skulde hugsa han for, og no dette. «Agte ditt eige Arbeid, du, og sjaa du kjem vel ifraa det, so ska ej agte mitt,» ropa han attende.

Dermed snudde han og gjekk uppyvi att. Hm – han hadde tala um Skuld! Lars svor der han gjekk, at Folk nok skulde faa Greide paa kven det var som hadde Skuld her. Dei skulde faa vita kven som hadde teki Live av Mari, ja.

\*

[256] «Det er i Rova Reven er størst.»

Daa Mari vel var gravlagd, reiste Berit burti Grannegardom ein Dag; ho vilde tala med Folk um Baani uti Viki. Burt laut dei derifraa no, skulde dei ikkje reint forkornast.

Best som ho kørde og tenkte paa inkje vondt, fekk ho sjaa eit Styggels burti Vegem, som mest skræmde Live av baade henne og Hesten hennar. Det var ein Kar som reid i lause Lufti aa kalle. Eit stort Hjul saag ho og ikkje det Slag anna. Hesten stod paa Bakføtom; Mari heldt han av all si Magt og stirde forstøkt; Beiskedø var det ikkje han Paal i Osen, det Spøkjelse! Kva tru det var for Slag Seperator han no for aa grasserte med? Ho ropa so høgt ho orka: «Tur Vega med Seperatora dine; du skræme Øykjen min!» Men framum flaug han som ein Skimt; og som Inkje-Folk saag han ut; raudsprengd og stygg som han hekk der framstupes yvi Hjule. Ja, no var det daa tydeleg sjaaand', at han hadde misst det vesle Vite han hadde havt og!

Men høveleg Skjuss kunde ein no segja han hadde fengi. Skralare Doning hadde daa ho aldri set. Ho snudde seg og saag [257] etter'n; men det einaste ho saag var berre ei diger Dumbesky. Slikt Merakkels! Ikkje var han kjøyrand' og ikkje var han ridand'; kva ein skulde tru um slikt, visste ikkje Berit Det var mest fælslegt dette.

– Husj, denne Paal en; mangt var daa han frami. Var det ikkje han som dei sagde fór Bygdi rundt no med Slarve hans Lars um Doktaren? «Ja ja; dei tvo dei høver ihop; og som Klungr heng dei ihop og no, san!»

Og kvar ho sidan i Grendi kom, fekk ho høyre Sogo um Doktaren og hans Aatferd uti Viki. Heit og harm meinte Berit paa, at det var nok ein annan enn Doktaren, som hadde fengi Live av Mari; men um ein vel alltid kunde segja det og paa ei Vis, meinte Folk, – so var det som dei no var mest vitskræmde.

Denne underlege Mannen, som dei aldri rett hadde vorti kloke paa, vaaga dei ikkje aa hava noko med aa gjera etter dette. Ein kunde ikkje vera trygg; noko var der vel alltid i det Lars fór med. Og ein Doktor kunde gjera kva han vilde; kven kunde faa noko paa ein Doktor? –

– Aar gjekk, fyrr Dr. Wang kom upp til Sirilen att. Men etterkvart gløymde [258] Folk Otten sin; dei hørde berre godt um Wang, og fekk til Slutt framifraa Tiltru til han.

\*

Den som Vinteren etter at Mari var fraafalli fór yvi Sirilsjøen saag berre Tufti etter den gamle Stogo ut i Viki. Grjotsteinsmuren og Pipa stod midt inni den nedsnødde Grunnmuren som ein einsleg Gravstein paa ein nedlagd Kyrkjegard.

Men fraa Pipa paa det vesle skeive Fjose, som stod og liksom seig ihop under den meterhøge Snøen, steig det enno stundom Røyk. Lars budde derinne no. Det var varmare der enn i den store, gisne Stogo; den hadde han likso godt berre brent upp. Det var slik ytleig god Ved, det gamle turre Timbere.

Baani var paa Bygdi komne; og sjølv hadde han godt Rom i Fjose, – «t'art so lengi.» Det var sjølv sagt ikkje Meiningi hans og bli buande soleis. Nei; no skulde det bli Aalvor av det med Nystogo. Han fekk vel slaa seg til uppi her lel, endaa so lite Bøndane forstod han og andre, som vilde deim vel. Men ikkje var det visst, kor lengi han vart huga til aa gange aaleine, [259] som han no gjekk. Vel var det mange Plaagur med ei Kjering; men ein laut likevel sanne det, naar ein gjekk soleis og stelte seg sjølv, at vridin Stav er betre enn ingin; so neimenn um han vilde svara for noko; det vilde han ikkje...

---

**Noter:**

[n1](#). For *fatternote*: sj'u: s(j)er du

[n2](#). For *fatternote*: vårt: varmt.

[n3](#). For *fatternote*: ej: eg

[n4](#). For *fatternote*: vaavvaa: veva

[n5](#). For *fatternote*: bele': orkar

[n6](#). For *fatternote*: Doning: Dugnad

[n7](#). For *fatternote*: det er fult for: det er Von til

[n8](#). For *fatternote*: Same Segni finst i fleire Bygder. Ivar Kleiven hev ho m. a. i «Fraa gamle Daagaa». Der er det ein Lomvær, som raakar eit Fantefylgje paa Lesjefjelle.

[n9](#). For *fatternote*: snudd: flaadd

[n10](#). For *fatternote*: er det fult: kann eg tru. («Det er fult for det»: det er Sandsynlighed for det.)

[n11](#). For *fatternote*: lite, her: eit Grand, lidt

[n12](#). For *fatternote*: gjenne: gjerne

[n13](#). For *fatternote*: t'art so lenge: til so lengje

[n14](#). For *fatternote*: Ryss: Smaagut

[n15](#). For *fatternote*: Bussu: Reir

[n16](#). For *fatternote*: Toll: Furu.

[n17](#). For *fatternote*: Baanfost: Baanegjente

[n18](#). For *fatternote*: Var haavvaa til: hadde Hug til

[n19](#). For *fatternote*: Fløi: flink

[n20](#). For *fatternote*: Staa utor: ikkje mjolke; vera turr

[n21](#). For *fatternote*: Frek: regti sterk

[n22](#). For *fatternote*: Kùmme: rund Kopp utan Hank

[n23](#). For *fatternote*: frakt: godt; greidt

[n24](#). For *fatternote*: Asken: Mjølkeasken; Trekjerald til aa mjølke i

[n25](#). For *fatternote*: Sunn: symja

[n26](#). For *fatternote*: Ga: gange

[n27](#). For *fatternote*: taa Staaggaan: av Stigen

[n28](#). For *fatternote*: klar: mødd: utarma

[n29](#). For *fatternote*: Avbeklegt: vrangt (uheldig)

---

Hulda Garborgs *Mann av Guds Naade* er lastet ned gratis fra e-bokportalen Bokselskap. Lesetekst og flere nedlastningsmuligheter m.m. er gratis tilgjengelig på [bokselskap.no](http://bokselskap.no)